



Universitetet  
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

## MASTEROPPGÅVE

**Studieprogram:** Nordisk og lesevitenskap

Vårsemesteret, 2022

Open/ ~~konfidensiell~~

**Forfatter:** Trond Salte

.....

(signatur forfatter)

**Rettleiar:** Jan Kristian Hognestad

**Tittel på masteroppgåva:** «... ikkje for breitt, men ikkje for pent heller»: Ei sosiolingvistisk gransking av yngre talemål på Bryne

**Engelsk tittel:** A Sociolinguistic Study of Youth Dialects in Bryne

Emneord: sosiolingvistikk, talemål, dialekt, språk, Bryne, Time, Rogaland

Tal på sider: 106  
+ vedlegg/anna: 25

Stavanger, 10. mai 2022



**«... ikkje for breitt, men ikkje for pent  
heller»:**

**Ei sosiolingvistisk gransking av yngre  
talemål på Bryne**

# FØREORD

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore interessant, lærerikt og krevjande. Eit par månadar før arbeidet med denne oppgåva starta, vart eg far for fyrste gong, og dei siste månadane har skrivinga vore kombinert med farspermisjon og alt det inneber. Derfor håper eg kvaliteten på arbeidet har halde seg nokolunde stabilt frå start til slutt. No når eg skal skriva føreordet til oppgåva, som liksom skal vera toppen på kransekaka, kjenner eg at eg slit med å få ned noko vettug.

Fyrst og fremst ynskjer eg å takka dei fire informantane frå Bryne som gadd å stilla opp til både intervju og oppfølgingssamtalar. De er fine ungdommar, og de hadde mykje klokt og interessant å koma med då me snakka saman i haust.

Ein stor takk må òg rettast til min eminente rettleiar, Jan Kristian Hognestad, som gjennom gode samtalar og rettleiingsseansar har motivert og inspirert meg særst mykje i arbeidet med denne oppgåva. Din faglege kunnskap og entusiasme er utan sidestykkje.

Eg vil òg takka min vesle familie – Mia og Liv – for at de har halde ut med meg under arbeidet med denne masteroppgåva. No er eg plutselig ikkje lenger ein halvstudert røvaradjunkt!

Til slutt vil eg retta ein spesiell takk til mi gode mormor, Åse Erga, som dessverre gjekk bort i april i år. Mormor var frå Bryne, og har på mange måtar vore ein stor inspirasjon for meg – ikkje berre for denne oppgåva, men også i sjølve livet. Takk, mormor.

Sandnes, mai 2022

Trond Salte

# TEIKNFORKLARINGAR OG FORTKORTINGAR

Sidan denne oppgåva tek føre seg talespråk, treng eg å kunna framstilla talespråket skriftleg. Av og til nyttar eg kursivert normalortografi for å framstilla korleis dialekta vert snakka, men når eg skal vera mest mogleg presis, har eg nytta teikn frå det internasjonale fonetiske alfabetet, betre kjent som «The International Phonetic Alphabet» eller «IPA». Nedanfor kjem lister med teiknforklaringar og forkortingar eg har nytta i denne oppgåva.

<b>Teikn</b>	<b>Forklaring</b>	<b>Døme</b>	
<sup>1</sup>	Tonem 1	/ <sup>1</sup> tæ:ge/	<i>tæge</i>
<sup>2</sup>	Tonem 2	/ <sup>2</sup> tu:ge/	<i>toge</i>
:	Lang vokal	/dra:r/	<i>drar</i>
/.../	Fonemisk transkripsjon	/ <sup>2</sup> içe/	<i>ikkje</i>
[...]	Fonetisk transkripsjon	[ <sup>2</sup> va:ɤhau]	<i>Varhaug</i>
.	Syllabisk konsonant	/ <sup>1</sup> hodn/	<i>hodn</i>
>	Har utvikla seg til	rn > dn	
<i>kursiv</i>	Talespråk med normalortografi	<i>kjæme</i>	

## Forkortingar

adj.	adjektiv	n.	nøytrum
adv.	adverb	nn.	nynorsk
bf.	bestemt form	perf.	perfektum partisipp
det.	determinativ	pres.	presens
eint.	eintal	pret.	preteritum
f.	femininum	pron.	pronomen
fl.	fleirtal	st.	stemt konsonantfonem
gno.	gamalnorsk	ubf.	ubestemt form
inf.	infinitiv	ust.	ustemt konsonantfonem
m.	maskulin	v.	verb

# INNHALD

1. INNLEIING .....	1
1.1 Formål.....	2
1.1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål .....	2
1.2 Avhandlingas struktur.....	3
2. SAMFUNN OG SPRÅK PÅ BRYNE .....	5
2.1 Historie: Frå stasjonsby til «forrektige» by .....	5
2.1.1 Geografi og samferdsel .....	6
2.2 Jærmålet: Det tradisjonelle talemålet på Bryne .....	7
2.2.1 Fonologi .....	7
2.2.2 Morfologi .....	12
3. TEORI .....	15
3.1 Dialektologi .....	15
3.2 William Labov og sosiolingvistisk metode .....	16
3.3 Sosiolingvistiske undersøkingar i Noreg .....	17
3.4 Tidlegare forskning på talemål i Rogaland og på Jæren .....	18
3.4.1 Tor Time: <i>Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time</i> .....	19
3.4.2 Olav H. Sandvik: <i>Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon</i> .....	20
3.4.3 Per Sigmund Sævik Bøe: <i>Språkendringer sør på Jæren</i> .....	20
3.5 Språkendringar.....	21
3.6 Dialektkontakt .....	22
3.6.1 Akkommodasjon .....	23
3.6.2 Språklege mekanismar: Nivellering og forenkling .....	24
3.6.3 Standardtalemål? .....	24
3.6.4 Diffuse og fokuserte språksituasjonar .....	26
3.6.5 Språkutvikling i urbane språkmiljø .....	26
3.7 Sosiale variablar .....	27

3.7.1	Geografisk tilhøyrse .....	27
3.7.2	Kjønn .....	28
3.7.3	Alder .....	28
3.8	Andre sosiale variablar i nyare granskingar .....	29
3.8.1	Språk og identitet .....	29
3.8.2	Mental urbanisering .....	30
3.8.3	Fråkopling og tilbakekopling .....	31
4.	<b>SPRÅKLEGE VARIABLAR OG HYPOTESAR</b> .....	33
4.1	Språklege variablar .....	33
4.1.1	Variabel 1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/ .....	33
4.1.2	Variabel 2: Diftongen /au/ (monoftongering og diftongkvalitet) .....	34
4.1.3	Variabel 3: Svarabhaktivokal .....	34
4.1.4	Variabel 4: Utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband .....	35
4.1.5	Variabel 5: Lenisering av plosivar .....	35
4.1.6	Variabel 6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/ .....	36
4.1.7	Variabel 7: Infinitivsending .....	37
4.1.8	Variabel 8: Omlyd i presens av verb .....	37
4.1.9	Variabel 9: Perfektum partisippformer .....	37
4.1.10	Variabel 10: Fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord .....	38
4.1.11	Variabel 11: Hokjønnsbøying av adjektiv .....	39
4.1.12	Variabel 12: Eit utval enkeltord .....	39
4.2	Hypotesar .....	40
4.2.1	Fonologiske endringar .....	41
4.2.2	Morfologiske endringar .....	43
4.2.3	Eit utval enkeltord .....	44
4.2.4	Generelle tendensar og påverknadsfaktorar .....	44
5.	<b>METODE</b> .....	45

5.1 Metodeomgrepet .....	45
5.1.1 Kvalitativ og kvantitativ metode .....	46
5.2 Innsamling av data .....	47
5.2.1 Informantane .....	48
5.2.2 Sosiolingvistisk djupneintervju .....	49
5.2.3 Bilet-test .....	50
5.2.4 Sjølvrapportering .....	50
5.2.5 Drøfting av metodiske val .....	51
5.3 Arbeid med det innsamla materialet .....	52
5.3.1 Arbeid med intervju .....	52
5.3.2 Arbeid med bilet-testen og sjølvrapportering .....	53
5.3.3 Anonymisering av informantane .....	54
6. PRESENTASJON AV RESULTAT .....	55
6.1 Resultat: språklege variablar .....	55
6.1.1 Variabel 1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/ .....	55
6.1.2 Variabel 2: Diftongen /au/ (monoftongering og diftongkvalitet) .....	57
6.1.3 Variabel 3: Svarabhaktivokal .....	60
6.1.4 Variabel 4: Utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband .....	62
6.1.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar .....	66
6.1.6 Variabel 6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/ .....	67
6.1.7 Variabel 7: Infinitivsending .....	69
6.1.8 Variabel 8: Omlyd i presens av verb .....	69
6.1.9 Variabel 9: Perfektum partisippformer .....	72
6.1.10 Variabel 10: Fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord .....	76
6.1.11 Variabel 11: Hokjønnsbøying av adjektiv .....	77
6.1.12 Variabel 12: Eit utval enkeltord .....	78
6.1.13 Oppsummering av resultat: språklege variablar .....	82



6.2 Resultat: sosiale variablar .....	83
6.2.1 Geografisk tilhørsle, kjønn og alder .....	83
6.2.2 Språk og identitet .....	85
6.2.3 Mental urbanisering.....	87
6.2.4 Fråkopling og tilbakekopling .....	88
6.2.5 Oppsummering av resultat: sosiale variablar .....	90
7. DRØFTING AV RESULTAT .....	91
7.1 Bryne-målet i kontakt med andre talemål.....	91
7.1.1 Akkommodasjon – eller naboopposisjon? .....	91
7.1.2 Eit forenkla jærmål? .....	93
7.1.3 Regional eller nasjonal påverknad .....	95
7.1.4 Regionaliseringsmyta? .....	97
7.1.5 Bryne – eit fokusert eller diffust språksamfunn? .....	98
7.1.6 Språkbevaring trass i aukande urbanisering.....	99
7.1.7 Den sterke identiteten på Bryne .....	100
7.2 Kvifor snakkar Astrid og Bjørg såpass ulikt?.....	101
8. AVSLUTNING .....	103
8.1 Svar på problemstilling og forskingsspørsmål .....	103
8.2 Vidare forsking .....	105
LITTERATUR .....	107
VEDLEGG 1 .....	110
VEDLEGG 2 .....	113
VEDLEGG 3 .....	115
SAMANDRAG .....	121

## Oversikt over figurar

Figur 1: Oversiktsbilete over Time kommune. ....	7
Figur 2: Dei lange vokalfonema i jærmål med lydskrifteikn frå IPA-alfabetet. ....	8
Figur 3: Dei korte vokalfonema i jærmål med lydskrifteikn frå IPA-alfabetet. ....	8
Figur 4: Monoftongering av /au/. ....	58
Figur 5: Diftongkvalitet /au/. ....	58
Figur 6: Uttale av stadnamnet <i>Varhaug</i> . ....	59
Figur 7: Uttale av adverbet <i>òg</i> . ....	60
Figur 8: Utjamning av det differensierte konsonantsambandet <i>dn</i> til <i>rn</i> etter lang vokal. ....	63
Figur 9: Utjamning av det differensierte konsonantsambandet <i>dn</i> til <i>rn</i> etter kort vokal. ....	63
Figur 10: Utjamning av det segmenterte konsonantsambandet <i>dl</i> til <i>ll</i> . ....	64
Figur 11: Utjamning av det segmenterte konsonantsambandet <i>dn</i> til <i>nn</i> . ....	65
Figur 12: Omlyd i presens av verbet <i>dra</i> . ....	69
Figur 13: Omlyd i presens av verbet <i>ha</i> . ....	70
Figur 14: Omlyd i presens av verbet <i>koma</i> . ....	70
Figur 15: Omlyd i presens av verbet <i>sova</i> . ....	71
Figur 16: Omlyd i presens av verbet <i>ta</i> . ....	72
Figur 17: Perfektum partisipp av verbet <i>dra</i> . ....	73
Figur 18: Perfektum partisipp av verbet <i>gå</i> . ....	73
Figur 19: Perfektum partisipp av verbet <i>koma</i> . ....	74
Figur 20: Perfektum partisipp av verbet <i>slå</i> . ....	74
Figur 21: Perfektum partisipp av verbet <i>stå</i> . ....	75
Figur 22: Perfektum partisipp av verbet <i>ta</i> . ....	75
Figur 23: Hokjønnsform av adjektivet <i>liten</i> . ....	77
Figur 24: Hokjønnsform av adjektivet <i>open</i> . ....	78
Figur 25: Korleis enkeltorda vart nytta av Arne. ....	79
Figur 26: Korleis enkeltorda vart nytta av Astrid. ....	79
Figur 27: Korleis enkeltorda vart nytta av Bjørg. ....	80
Figur 28: Korleis enkeltorda vart nytta av Brage. ....	80

## Oversikt over tabellar

Tabell 1: Konsonantinventaret i jærmålet. ....	10
Tabell 2: Konsonantinventaret i Time-målet. ....	11
Tabell 3: Bøyingsmønster for verb i jærmålet. ....	12
Tabell 4: Bøyingsmønster for substantiv i jærmålet. ....	13
Tabell 5: Hovudbøyingsmønster for adjektiv i jærmålet. ....	14
Tabell 6: Bøyingsmønster for adjektiv på <i>-en</i> i hankjønnsform i jærmålet. ....	14
Tabell 7: Pronomena i Time-målet.....	14
Tabell 8: Ord med diftongen /au/ som vert undersøkt. ....	34
Tabell 9: Ord med differensierte konsonantsamband som vert undersøkt.....	35
Tabell 10: Ord med segmenterte konsonantsamband som vert undersøkt.....	35
Tabell 11: Døme på ord som kan nyttast for å undersøkje om talemålet har lenisering.....	36
Tabell 12: Døme på ord som kan nyttast for å undersøkje samanfallet av /ç/ og /ʃ/.....	36
Tabell 13: Ordformer med tradisjonell presensomlyd som vert undersøkt.....	37
Tabell 14: Perfektum partisippformer som vert undersøkt. ....	38
Tabell 15: Hokjønnsformer av adjektiv som vert undersøkt.....	39
Tabell 16: Eit utval enkeltord som vert undersøkt. ....	40
Tabell 17: Variablane inndelt i ikkje-kvantifiserte og kvantifiserte bolkar. ....	53
Tabell 18: Informasjon om informantane.....	54
Tabell 19: Ord som tradisjonelt har /æ:/ som førekom under samtalanene. ....	56
Tabell 20: Adjektiv med og utan svarabhaktivokal som vart nytta under intervju. ....	61
Tabell 21: Ord som tradisjonelt har lenisering, som dukka opp under intervju. ....	66
Tabell 22: Døme på ord med fonema /ç/ og /ʃ/ som førekom under intervju.....	67
Tabell 23: Døme på ubundne fleirtalsformer av hankjønns- og hokjønnsord som vart nytta under intervju.....	76
Tabell 24: Oppsummering av dei språklege variablane. ....	83
Tabell 25: Bøyingsmønster for verbet <i>halda</i> .....	85
Tabell 26: Oversikt over informantane sine språkhaldningar. ....	86
Tabell 27: Oversikt over informantane sine syn på Bryne som urbant sentrum. ....	87
Tabell 28: Oversikt over informantane sine framtidsplanar.....	89
Tabell 29: Oppsummering av dei sosiale variablane.....	90

# 1. INNLEIING

Eg vaks opp eit par hundre meter nord for Skjævelandsbrua, ei bru som av mange vert sett på som ei sivilisasjonsgrense, eit landemerke mellom Nord-Jæren og den «eigentlege» Jæren. For meg markerte denne brua i tillegg eit dialektskilje mellom Sandnes-dialekta på mi side og jærdialektene lenger sør. Det var her, i eit kvitt lite hus eit par hundre meter nord for Skjævelandsbrua, interessa mi for språk og dialekter vart vekka til live. I dette huset budde eg saman med mor, som er frå Bryne, og far, som er frå Ganddal i Sandnes. Dei snakka sjølvsagt ulikt, og eg hugsar at eg nokså tidleg vart bevisst på kva som kjenneteikna det eine og det andre talemålet. Naturleg nok vart mitt eige talemål farga av begge foreldra mine sine måtar å snakka på, og resultatet var at eg sannsynlegvis hadde den breiaste<sup>1</sup> dialekta på Ganddal skule. Men det er eigentleg ikkje det som er poenget med denne forteljinga. For i huset ved sidan av oss budde mor sine foreldre, som òg snakka utprega jærsk. Morfar var frå Pollestad i Klepp kommune og snakka breiare enn mor, noko som eg fyrst og fremst trudde skuldast at Pollestad var mykje mindre urbant enn Bryne. Men etter kvart la eg merke til at mormor, som, i likskap med mor, var frå Bryne, òg snakka noko breiare enn mor. Korleis kunne det ha seg? Dei var jo frå same stad, og burde derfor snakka likt! Eg spurte dei aldri kvifor, men eg er ganske sikker på at dei begge ville ha påstått at talemåla deira var meir eller mindre identiske.

Mange år seinare, etter å ha vorte introdusert for språkvitskap generelt, og sosiolingvistikk spesielt, skjønar eg meir om språk og språkending enn eg gjorde då eg budde i det litle kvite huset nord for Skjævelandsbrua. Likevel trur eg denne forteljinga frå min barndom dannar eit relevant bakteppe for denne masteroppgåva. For om det er så store dialektskilnadar mellom mormor og mor, som er fødde på høvesvis 1940- og 1960-talet, korleis står det til med Bryne-dialekta blant yngre generasjonar? Sidan mormor og mor budde på Bryne, har jo staden fått bystatus, og samfunnsforhold og kommunikasjonsmoglegheiter har endra seg drastisk. Desse faktorane har sjølvsagt påverknad på språket, men i kor stor grad har dei påverka Bryne-dialekta? Ser me her den same trenden som me ser på mange andre tettstadar i Noreg, nemleg at dei meir rurale talemåla tenderer mot dei nærliggjande bymåla? Og kor sterkt står Bryne-identiteten i dei språklege vala Bryne-ungdommen førete seg? Alle desse spørsmåla håper eg å finna nokolunde svar på i arbeidet med denne masteroppgåva.

---

<sup>1</sup> På Jæren vert ei dialekt sett på som «brei» dersom ho har mange tradisjonelle språkdrag.

## 1.1 Formål

Denne oppgåva er ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant unge språkbrukarar på Bryne. Formålet med granskinga er å finna ut om Bryne-målet nærmar seg dei andre bymåla i nærleiken, og då spesielt Sandnes- og Stavanger-måla. For å finna ut om dette er tilfelle, har eg valt ut ei avgrensa rekkje språklege variablar som eg ynskjer å undersøkje vidare. Desse variablane er ikkje berre avgrensa til språkdrag der eg trur Bryne-målet er i endring, men òg språkdrag der eg trur dei tradisjonelle jærskje formene framleis held seg godt. Dei språklege variablane gjer eg greie for i del 4.1.

### 1.1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Utgangspunktet for undersøkinga mi har vore denne problemstillinga:

- Korleis har talemålsutviklinga på Bryne vore dei siste 50 åra, og kva skuldast eventuelle endringar?

Denne problemstillinga kan det vera vanskeleg å gje eit fullgodt svar på, så derfor har eg laga tre forskingsspørsmål som er noko meir avgrensa:

1: Korleis er språksituasjonen blant yngre språkbrukarar på Bryne i dag?

Denne delen av undersøkinga har eit synkront perspektiv. Gjennom samtalar og djupneintervju ynskjer eg å kartleggja språksituasjonen blant den yngre generasjonen på Bryne i dag. Å gje eit fullgodt svar på dette forskingsspørsmålet er nok i overkant ambisiøst, så eg har konsentrert meg om fonologi og morfologi, samt eit utval enkeltord. Eg har valt ut ei rekkje språklege variablar, seks fonologiske, fem morfologiske og ti enkeltord, som eg skal studera for å finna ut om Bryne-målet går i ei meir urban retning som kan minna om Sandnes- og/eller Stavanger-måla, eller om dei tradisjonelle jærskje formene framleis står sterkt, trass i at Bryne har fått bystatus.

2: Korleis har talemålet endra seg i forhold til tidlegare generasjonar?

Alle talemål endrar seg over tid, men det som er interessant med Bryne og talemålet der, er at staden har gått frå å vera nærmast ein «ikkje-stad» då Jærbanen vart bygd på 1870-talet, til å

få bystatus i 2001. Talemålet på Bryne er derfor eit relativt ungt bymål, noko som gjer staden til ei interessant språkleg jaktmark. Så er det jo òg sjølvsagt interessant å sjå korleis Bryne-målet har endra seg frå tidlegare generasjonar. Dette forskingsspørsmålet har eit diakront perspektiv, og eg treng derfor eit samanlikningsgrunnlag. Her vil eg i stor grad basera meg på Tor Time si hovudfagsavhandling *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time* frå 1973 og «kortversjonen» *Haurt saure, eller kort om dialekt i Time* frå 1986, samt Olav Hetland Sandvik sin forskingsrapport *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon: Om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalands-målet* frå 1979. Times innleiande problemstilling frå arbeidet med hovudfagsavhandlinga var: Finst det eit sentrumsmål i Time? For å svara på det måtte han sjå om det fanst eit mønster i endringstendensane og om mange nok av dei yngre språkbrukarar identifiserte seg med desse. Times avhandling gav konturane av eit sentrumsmål, og no, nesten 50 år seinare, er det grunn til å tru at steget mot eit sentrumsmål har gått vidare.

3: Kva er i så fall forklaringsfaktorane bak dialektendringane?

Det kan vera mange faktorarar som påverkar språk og språkbruk i eit bestemt språksamfunn. Språket kan mellom anna endra seg som følgje av endringar i samfunnet, endringar i kontaktmønsteret, eller av internlingvistiske drivkrefter. Det kan vera vanskeleg å fastslå at ei konkret språkending skuldast ei bestemt årsak, men samfunnsutviklinga og kontaktmønsteret har endra seg såpass mykje, ikkje berre på Bryne, men òg elles i landet dei siste tiåra, at det er vanskeleg å koma utanom desse faktorane når ei skal drøfta språkendingar.

## 1.2 Avhandlingas struktur

I neste bolc vil eg gjera ei kort utgreiing om Bryne som samfunn og korleis staden har utvikla seg frå Jærbanen vart bygd på 1870-talet fram til i dag. Her vil eg òg gje ei beskriving av jærmålet slik det er gjort greie for i Time (1973/1986) og Sandvik (1979). Sidan dei språklege variablane mine i stor grad dreier seg om fonologiske og morfologiske endringar, vil utgreiinga mi fokusera på jærsk fonologi og morfologi. I tredje bolc gjer eg greie for den faghistoriske bakgrunnen for undersøkinga, med hovudvekt på sosiolingvistisk teori, samt tidlegare forskning på talemål i Rogaland, før eg presenterer det teoretiske rammeverket for denne oppgåva. I fjerde bolc presenterer eg dei språklege variablane som har danna utgangspunktet for denne granskinga. I denne bolken legg eg òg fram hypotesane mine. I

femte bolk gjer eg greie for og drøfter mine eigne metodiske val for undersøkinga. Resultata frå undersøkinga vert presentert i den sjette bolken, før eg drøfter resultata i bolk nummer sju. Avslutningsvis samanfattar eg resultata i lys av forskingsspørsmåla og hypotesane mine, og forsøker å gje eit svar på problemstillinga mi.

## 2. SAMFUNN OG SPRÅK PÅ BRYNE

I denne bolken skal eg fyrst gjera kort greie for samfunnsutviklinga på Bryne frå Jærbanen vart bygd på 1870-talet og fram til i dag. Her vil eg seia litt om Bryne-historia, geografi og samferdsel, og korleis samfunnet har utvikla seg dei siste 150 åra. Til slutt kjem ei utgreiing om fonologi og morfologi i jærmålet, som tradisjonelt har vore dialekta på Bryne.

### 2.1 Historie: Frå stasjonsby til «forrektige» by

Tettstaden Bryne vart etablert som Thime Station då jernbanestrekninga mellom Stavanger og Egersund vart opna i 1878, og var ein av mange stasjonsbyar langs Jærbanen. Opphavleg var det Hognestad som var ynskja som hovudstasjon i Time kommune, men det vart berre oppretta ein haldeplass der. Etter kvart vart det bygd ein liten stasjonsbygning på vestsida av jernbanelinja, og sjølv om det òg kom to forretningar i nærleiken, utvikla ikkje Hognestad seg til ein tettstad (Løvik og Moi, 2012: 87). I staden vart hovudstasjonen lagt til Brynegården, og denne fekk altså namnet Thime Station. Kommunestyret ynskte ikkje at det skulle koma nokon tett busetnad rundt stasjonen, og dei motsette seg derfor at postkontoret skulle flyttast til Bryne, noko som sette ein stoppar for utarbeiding av reguleringsplan for området kring stasjonen.

Likevel kunne ikkje utviklinga av ein tettstad kring Thime Station stoppast, og allereie før Jærbanen opna, vart det fyrste forretningsbygget på Bryne sett opp. Grunna lite pengar blant folk flest greidde dei fyrste handelsmennene seg heller dårleg, men etter at det vart organisert omsetjingsledd for jordbruksvarer og folk fekk kontantar for varene sine, skaut utviklinga fart. Jærbanen hadde sørge for at tettstaden Bryne byrja å veksa fram. Fyrst i 1895, sytten år etter opninga av Jærbanen, kom den fyrste godkjende reguleringsplanen for Bryne (Løvik og Moi, 2012: 89).

Bryne vart eit skulesenter alt på fyrste halvdel av 1900-talet, med etableringa av Jæren meieriskule i 1906 og Rogaland Landsgymnas i 1924. Rogaland Landsgymnas vart overteke av det offentlege i 1947 og endra då namn til Rogaland offentlege Landsgymnas. I 1965 tok Rogaland fylkeskommune over, og skulen fekk namnet Bryne Gymnas. Med omstrukturering av vidaregåande opplæring på 1970-talet, og avskaffinga av omgrepa gymnas og examen artium, endra skulen i 1974 namn igjen, denne gongen til Bryne vidaregåande skole. Det var



ikkje før i 1994 skulen fekk sitt noverande namn: Bryne vidaregåande skule. I 2014 vart Bryne vidaregåande skule slått saman med Time vidaregåande skole. Sistnemnde starta opp i 1976, og var ei samanslåing av Bryne yrkesskule og Bryne handelsskule. I dag er det fem offentlege skular på Bryne: Bryne skule, Rosseland skule, Bryne ungdomsskule, Bryne vidaregåande skule og Hognestad skule. I tillegg ligg Jærtun Lutherske Friskole, ein kristeleg privatskule med ti klassetrinn, på Bryne.

Tor Time (1986: 11–13) deler samfunnsutviklinga på Bryne inn i tre steg. Det fyrste steget gjeld perioden 1880–1945 og dreier seg fyrst og fremst om framvekst og gradvis styrking av mindre industrisamfunn. I denne perioden vaks stasjonsbyen sakte og sikkert fram, med småindustri som hadde sitt utgangspunkt i primærnæringa, samt lokalt initiativ og arbeidskraft frå bygdene. Det neste steget gjeld perioden 1945–1960, ei tid då jordbruket vart sterkt mekanisert. Mekaniseringa frigjorde mykje meir arbeidskraft enn tidlegare, og denne perioden er prega av aukande industriell, merkantil og økonomisk vekst. Dessutan flyttar fleire og fleire folk til sentrum i denne perioden, ikkje berre frå jærbygdene kring Bryne, men òg frå utanfor Jæren.

Det siste steget nemner ikkje Time eksplisitt, men sidan han peikar på meir enn ei dobling av folketalet frå 1950 til 1980, er det naturleg å anta at dette steget fyrst og fremst dreier seg om folkeauke og vidare urbanisering. Frå 1950 til 1980 auka folketalet i Time kommune nemleg frå 4.397 til 9.946, og 1. januar 1985, om lag halvanna år før boka til Time vart gjeven ut, låg folketalet på 11.011. I dag har dette talet nesten dobla seg; per 2. kvartal 2021 bur det 19.303 personar i Time kommune (SSB, 2021). 1. januar 2001 fekk Bryne bystatus, og staden er dermed ein av Noregs yngste byar.

### 2.1.1 Geografi og samferdsel

Bryne ligg i Time kommune i Rogaland, og er ein av kommunane som utgjer Jæren. Time kommune grensar mot Sandnes i nord, Gjesdal i aust, Hå og Bjerkreim og sør, og mot Klepp i vest. Bryne er administrasjonssenteret i Time kommune, og den tredje største tettstaden på Jæren, etter Stavanger og Sandnes. Den viktigaste vegen gjennom Bryne er fylkesveg 44, som går mellom Stavanger og Sandnes, og mellom Sandnes og Flekkefjord. I tillegg går både Jærbanen (strekninga Stavanger–Egersund) og Sørlandsbanen (strekninga Stavanger–Kristiansand–Oslo) gjennom Bryne.



Figur 1: Oversiktsbilette over Time kommune<sup>2</sup>.

## 2.2 Jærmålet: Det tradisjonelle talemålet på Bryne

Bryne-målet er eit sørvestlandsk a-mål som er ei undergruppe av dei rygske dialektene, og som ofte vert kalla jærmål eller jærsk. Grovt sett kan ein kan skilja mellom nord-jærske mål, som vert snakka i kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg, og sør-jærske mål, som vert snakka i Time, Klepp, Hå og Gjesdal<sup>3</sup>. Dei kanskje mest særmerkte dialektskilja mellom Nord- og Sør-Jæren er at sør-jærsk ofte har /æ:/ der nord-jærsk har /e:/, samt diftongen /au/, som vert uttala [au] på sør-jærsk og [œu] på nord-jærsk (Sandvik, 1979: 49–57).

### 2.2.1 Fonologi

Her skal eg prøva å koma med ei generell oversikt over fonologien i jærmålet, slik det er skildra i Sandvik (1979) og Time (1973/1986). Oversikta inkluderer ei kort utgreiing om korte


<sup>2</sup> Henta 17. september 2021 frå nettstaden til Time kommune: [time.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-kart/kart/kommunens-kartportal/](http://time.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-kart/kart/kommunens-kartportal/).

<sup>3</sup> Denne inndelinga er mest geografisk, for tradisjonelt har Sandnes-målet hatt meir til felles med dei sør-jærske måla, mens det i dag kanskje har meir til felles med dei andre nord-jærske måla. Elles er det verd å nemna at korkje Sandnes eller Bryne har hatt ei classesosiolekt, i motsetnad til Stavanger (jf. Omdal, 1967) og Egersund (jf. Hognestad, 2019b).


og lange monoftongar, diftongar, konsonantlydar og konsonantsamband. Spesielt konsonantinventaret i jærmålet har endra seg noko sidan 1970-talet; dette utdjupar eg meir i del 2.2.1.3.

### 2.2.1.1 Monoftongar

I vokalfirkantane under har eg teikna inn monoftongane i jærmålet. Her tek eg utgangspunkt i Sandvik (1979: 50, 52) sin rapport, og eg har derfor plassert dei lange vokalfonema i éin firkant og dei korte vokalfonema i ein annan. Der Sandvik har nytta teikn frå «Norvegia»-lydskrift, har eg valt å nytta lydskriftteikn frå IPA-alfabetet (the International Phonetic Alphabet).



**Figur 2: Dei lange vokalfonema i jærmål med lydskriftteikn frå IPA-alfabetet (Sandvik, 1979: 50).**



**Figur 3: Dei korte vokalfonema i jærmål med lydskriftteikn frå IPA-alfabetet (Sandvik, 1979: 52).**

I vokalfirkantane ovanfor kjem det fram at jærmålet har ni lange monoftongar, men berre åtte korte, ettersom den korte æ-lyden har falt saman med den korte e-lyden (Sandvik, 1979: 53). I tillegg har eg teke med sentralvokalen [ə], som vanlegvis ikkje vert rekna som eit eige fonem, men som ein allofon til /e/.

### 2.2.1.2 Diftongar

Ifølgje Sandvik (1979: 57) har talemåla i Rogaland opphavleg tre diftongar: /au/, /ei/ og /øy/, men på Jæren, særleg i Klepp, Time og Hå, får desse diftongane ei litt breiare uttale: [au], [ɑi] og [œy]. Tor Time (1986: 22) seier at endringstendensane i dei jærskje diftongane er at dei går mot ein trongare uttale. Då Time gjennomførte si gransking på 1970-talet, nytta den eldste og mellomste generasjonen i Time kommune framleis den særprega opne uttalen av [au], [ɑi] og [œy] i ord som *sjaoa* (sjaua, v.), *haima* (heime, adv.) og *jåima* (gøyma, v.), medan den yngste generasjonen nytta ein litt trongare uttale: *sjeua*, *heima* og *jøyma*. Sistnemnde kan òg verta monoftongert til *jømma*. Likevel konkluderte Time med at uttalen av dei jærskje diftongane framleis var noko opnare og lågare enn i Sandnes-mål.

Sandvik (1979: 58) seier òg at jærmålet tradisjonelt har hatt kortdiftongar før lang konsonant (dobbelkonsonant eller konsonantsamband), men at desse langt på veg er ute av yngre talemål. Tradisjonelle former som *greidde* (pret. av *å greia*), *snøydde* (pret. av *å snøya*) og *dautt* (adj., inkjekjønnsform av *daud*) vert monoftongerte til vanleg kort vokal i ungdomsmålet, slik at dei nye formene vert *gredde*, *snødde* og *døtt*. At dette er eit trekk som på den tida var på veg ut av ungdomsmålet, vert òg støtta av Time (1986: 22), som mellom anna seier at den eldste generasjonen held på skiljet mellom lang og kort uttale av diftongen [au]. Dei eldste seier *blaode* (*blaut*, adj.) i hankjønns- og hokjønnsform og *blaott* i inkjekjønnsform, medan dei yngre seier *blaode* i hankjønns- og hokjønnsform, men har monoftongert inkjekjønnsforma: *bløtt*.

### 2.2.1.3 Konsonantar

Konsonantfonema i jærmålet og andre rogalandske mål er stort sett dei same som i andre vestnorske talemål ifølgje Sandvik (1979: 59). Tabellen nedanfor viser dei konsonantfonema Sandvik opererer med. Igjen har han nytta «Norvegia»-lydskrift, men eg har valt å «omsetja» til lydskrifteikn frå IPA-alfabetet:

	Bilabial	Labio-dental	Alveolar	Post-alveolar	Palatal	Velar	Uvular	Glottal
	ust. st.	ust. st.	ust. st.	ust. st.	ust. st.	ust. st.	ust. st.	ust. st.
<b>Plosiv</b>	p b		t d			k g		
<b>Nasal</b>	m		n		ɲ	ŋ		
<b>Trill</b>			r					
<b>Affrikat</b>					ç ʝ			
<b>Frikativ</b>		f v	s		ç j		ʁ	h
<b>Lateral appr.</b>			l					

Tabell 1: Konsonantinventaret i jærmålet, slik det står i Sandvik (1979: 59).

Sandviks konsonanttabell er noko utdatert no. Han listar nemleg opp to r-allofonar, ettersom fremre *r* framleis var i bruk i jærmålet på 1970-talet. Den fremre r-en var riktig nok berre i bruk hjå dei eldste jærbuane, samt nokre bønder på Varhaug, på denne tida (Sandvik, 1979: 70, med ref. til Time, 1973: 78 og Særheim, 1978: 9). I dag har den bakre r-en for lengst danka ut den fremre r-en på Jæren, og er no derfor den einaste r-allofonen i jærmålet.

I tabellen til Sandvik er heller ikkje fonemet /ʃ/ med. Ifølgje Kulbrandstad (2005: 51) har fonemet /ʃ/ tradisjonelt ikkje funnest i dei sørvestnorske talemåla; ord som *sjø* og *skjorte* har vorte uttala med sj-samband: /sjø:/, /sjurte/, mens mange yngre seier /ʃø:/ og /ʃurte/. Dermed har denne lyden kome inn som eit relativt nytt fonem i mange talemål, og ein kan vel konstatere at /ʃ/ no er eit veletablert konsonantfonem i sørvestnorske talemål, inkludert jærsk.

Vidare seier Sandvik (1979: 68) at den velare nasalen /ŋ/får palatal uttale i «palatalt naboskap», men sidan det er uråd å finna minimale par der den palatale nasalen /ɲ/ står i opposisjon til den velare, reknar han /ɲ/ som ein allofon til /ŋ/. Denne lyden vert òg kategorisert som ein allofon av Time (1986: 18), som seier at der den eldre generasjonen sa /iɲen/ (*ingen*, det.), har den yngre generasjonen gått over til å seia /iŋen/. Noko av det same seier han om /ç/ og /ʝ/: Der den eldre generasjonen sa /iççe/ (*ikkje*, adv.) og /bejje/ (*begge*, det.), har den yngre generasjonen gått mot meir standardiserte former: /içe/ og /bege/.

Konsonantinventaret i yngre jærmål vil då sjå ut som på tabellen nedanfor. Sidan jærmålet ikkje lenger har to r-allofonar, nyttar eg seinare i oppgåva konsekvent /r/ som symbol for den uvulare frikativen i fonemisk transkripsjon, men [ʁ] i fonetisk transkripsjon.

	<b>Bilabial</b>	<b>Labio-dental</b>	<b>Alveolar</b>	<b>Post-alveolar</b>	<b>Palatal</b>	<b>Velar</b>	<b>Uvular</b>	<b>Glottal</b>
	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>	<b>ust. st.</b>
<b>Plosiv</b>	p b		t d			k g		
<b>Nasal</b>	m		n			ŋ		
<b>Trill</b>								
<b>Affrikat</b>								
<b>Frikativ</b>		f v	s	ʃ	ç j		ʁ	h
<b>Lateral appr.</b>			l					

Tabell 2: Konsonantinventaret i jærmålet, med utgangspunkt i Time (1986: 18).

#### 2.2.1.4 Differensiering og segmentering av konsonantsamband

Jærmålet har tradisjonelt sett hatt differensiering og segmentering. Differensiering er når to opphavleg ulike konsonantlydar i eit konsonantsamband vert meir ulike, mens segmentering er når ein opphavleg lang konsonantlyd vert kløyvd i to ulike lydar. Nedanfor følgjer eit par døme på differensierte og segmenterte former som lenge har vore vanlege i jærmålet. I parentes står den normerte nynorske varianten.

##### *Differensiering*

Gno. rn > dn:           *badn* n. (barn)  
                                   *gadm* n. (garn)  
                                   *kodn* n. (korn)

Gno. fn > bn:           *habn* f. (hamn)  
                                   *nabn* n. (namn)  
                                   *rabn* f. (ramn)

Gno. sl > tl:            *potla* v. (pusla)

##### *Segmentering*

Gno. ll > dl            *adle* pron. (alle)  
                                   *fjedl* n. (fjell)

Gno. nn > dn            *steidn* m. (stein)

Om endringstendensane seier Sandvik (1979: 75–77) at den utjamninga og forenklinga ein ser i ungdomsmålet, ser ut til å gjera store innhogg i differensierte og segmenterte former. Det vil seia at mange differensierte og segmenterte konsonantsamband no vert utjamna, slik at utviklinga går mot meir standardiserte former, som ein òg finn att i skriftspråka.

## 2.2.2 Morfologi

Her vil eg gjera greie for sentrale trekk ved morfologien i det tradisjonelle jærsmålet, slik dei er gjort greie for i Sandvik sin forskingsrapport. Utgreinga tek føre seg verb, substantiv, adjektiv og personlege pronomen.

### 2.2.2.1 Verb

I tabellen nedanfor har eg satt opp bøyingsmønster for verb i det tradisjonelle jærsmålet. Tabellen tek føre seg bøyingsklasse og dei ulike tempusbøyningane.

<b>Klasse</b>		<b>Inf.</b>	<b>Pres.</b>	<b>Pret.</b>	<b>Perf.</b>
Svake	a-verb utan dentalending	kasta	kasta (e)	kasta	kasta
	a-verb med dentalending	meina	meina (e)	meinte	meint
	ja-verb	krevja	kræve	kravde/krævde	kraft/kræft
	Verb med tostavingstonelag i pres. og dent.ending i pret.	dømma kvila	dømme kvile	dømde kvilte	dømt kvilt
	Kortverb	ha	he	hadde	hatt
Sterke	1. klasse	riva	rive	reiv	reve
	2. klasse	bryda	bryde	braud	bråde
	3. klasse	varta	varte	vart	vorte
	4. klasse	bæra	bære	bar	båre
	5. klasse	ta	tæge	tog	toge
	6. klasse	blåsa	blæse	bles	blese

Tabell 3: Bøyingsmønster for verb i jærsmålet (Sandvik, 1979: 115–131).

### 2.2.2.2 Substantiv

I tabellen nedanfor kan ein sjå bøyingsmønstera for substantiv i tradisjonelt jærmål ut frå grammatisk kjønn, klasse og bøyingsform.

<b>Kjønn</b>	<b>Klasse</b>		<b>ubf. eint.</b>	<b>bf. eint.</b>	<b>ubf. fl.</b>	<b>bf. fl.</b>
<b>M.</b>	Sterke	<i>ar</i> -kl.	- hest	-n hestn	-a hesta	-ane hestane
		<i>er</i> -kl.	- vegg	-(e)n veggen	-e vegge	-ene veggene
		Omlydskl.	- fod	-en foden	-e føde	-ene fødene
	Svake		- næve	-en næven	-a næva	-ane nævane
<b>F.</b>	Sterke	<i>er</i> -kl.	- skål	-å skålå	-e skåle	-ene skålene
		<i>ar</i> -kl.	- myr	-å myrå	-a myra	-ane myrane
		Omlydskl.	- bog	-å bogå	-e bøge	-ene bøgene
	Svake		-a vega	-å vegå	-e vege	-ene vegene
<b>N.</b>	Sterke	Nullkl.	- bein	-e beine	- bein	-å beinå
	Svake	<i>er</i> -kl.	-a øyra	-a øyra	-e øyre	-ene øyrene

Tabell 4: Bøyingsmønster for substantiv i jærmålet (Sandvik, 1979: 80–104).

### 2.2.2.3 Adjektiv

Adjektiva kan samsvarsbøyast etter to hovudsystem: sterk bøying (ubunden form) og svak bøying (bunden form). I jærmålet har adjektiva tradisjonelt hatt svarabhaktivokal i utlyd i attributiv stilling føre hankjønns- og hokjønnsord. Hovudmønsteret for samsvarsbøying av adjektiv er slik:



	<b>Hankjønn</b>	<b>Hokjønn</b>	<b>Inkjekjønn</b>	<b>Fleirtal</b>
<b>Sterk bøying</b>	<i>en store gard</i>	<i>ei store mark</i>	<i>et stort hus</i>	<i>store steina</i>
<b>Svak bøying</b>	<i>den store garden</i>	<i>den stora markå</i>	<i>dæ stora huset</i>	<i>dei store steinane</i>

Tabell 5: Hovudbøyingsmønster for adjektiv i jærmålet (Sandvik, 1979: 105).

Adjektiv som endar på *-en* i hankjønnsform, får *-å* i hokjønn og *-e* i inkjekjønn. Desse adjektiva får dette bøyingsmønsteret:

	<b>Hankjønn</b>	<b>Hokjønn</b>	<b>Inkjekjønn</b>	<b>Fleirtal</b>
<b>Sterk bøying</b>	<i>en åben boks</i>	<i>ei åbå dør</i>	<i>et åbe skab</i>	<i>åpne døre</i>
<b>Svak bøying</b>	<i>den åpne boksen</i>	<i>den åpna dørå</i>	<i>dæ åpna skabet</i>	<i>dei åpne dørene</i>

Tabell 6: Bøyingsmønster for adjektiv på *-en* i hankjønnsform i jærmålet (Sandvik, 1979: 107).

#### 2.2.2.4 Personlege pronomen

Nedanfor er ei oversikt over dei personlege pronomena i Time kommune, slik dei står i Time (1973). Her står òg *åkke* som fyrste person fleirtalspronomen, men dette er tradisjonelt berre nytta aust for Håelva, så eg har ikkje inkludert det i mi oversikt. Former etter skråstrek er former i trykksvak stilling. Merk òg at *de* står som subjektsform i andre person fleirtal, mens *dåkke* står i parentes. Time har ikkje kommentert dette ytterlegare, men det er grunn til å tru at den yngste generasjonen nytta *dåkke* som subjektsform på denne tida. I dag er det nok berre dei eldste språkbrukarane på Bryne som skil mellom *de* og *dåkke*.<sup>4</sup> Som i fleire nærliggjande talemål er det objektsforma *dåkke* som vert nytta som subjektsform i yngre Time-mål.

	<b>Eintal</b>			<b>Fleirtal</b>		
	<b>1. person</b>	<b>2. person</b>	<b>3. person</b>	<b>1. person</b>	<b>2. person</b>	<b>3. person</b>
<b>Subjektsform</b>	æg	du	han/an hu/u dæ	me	de (dåkke)	dei/di
<b>Objektsform</b>	mæg	dæg	han/an henna/na dæ	ásse	dåkke	dei/di

Tabell 7: Pronomena i Time-målet (Time, 1973: 98).

<sup>4</sup> Eg har ikkje anna empirisk grunnlag for denne påstanden enn at mormor skil mellom *de* og *dåkke*, mens mor nyttar *dåkke* både som subjekts- og objektsform.

## 3. TEORI

Denne talemålsundersøkinga føyer seg inn under både ein nasjonal og internasjonal forskingstradisjon, og i denne bolken gjer eg fyrst kort greie for den faghistoriske bakgrunnen for denne avhandlinga, nemleg dialektologi og sociolingvistik. Deretter trekkjer eg inn nokre døme på tidlegare talemålsforskning i Rogaland generelt og jærdialektene spesielt. Til slutt presenterer eg den teoretiske ramma for denne talemålsgranskinga.

### 3.1 Dialektologi

Språk- og talemålsgransking har ein lang tradisjon i Noreg. På 1600- og 1700-talet var interessa størst for ordinnsamling og å dokumentera bruken av ord, og det var ikkje før på midten av 1800-talet ein kan snakka om dialektologi som ein eigen vitenskap (Mæhlum og Røyneland, 2012: 14). Med Ivar Aasen og hans innsamlingsarbeid vart grunnlaget for den dialektologiske verksemda lagt for dei neste hundre åra. Etter mange hundre år med dansk som skriftspråk i Noreg var målet til Aasen å etablere ei ny, norsk skriftnorm som hadde utgangspunkt i dei norske talemåla, og aller helst dei talemåla som var minst påverka av dansk. I 1840-åra gjennomførte han eit stort innsamlingsarbeid av dialektord og -former, og på 1840- og 1850-talet vart fleire av Aasens verk gjevne ut. Det var fyrst med *Norsk Grammatik* frå 1864 at Aasens arbeid kan seiast å vera nokolunde komplett. I dette verket gjorde han grundig greie for fonologi, morfologi, orddanning og syntaks i det norske landsmålet, og han trakk òg fram dei viktigaste variantane frå talemåla. Sidan han i tillegg viste den historiske samanhengen med det gamalnorske språket, kan Aasens verk òg seiast å vera såkalla komparativ språkforskning.

I tradisjonell dialektologi har ein ofte vore ute etter å framstilla dei ulike talemåla som mest mogleg homogene, og ein har vore ute etter å finna dei mest konservative variantane av dei talemåla som har vorte undersøkte. Derfor har informantane i eldre dialektgranskingar vore det Chambers og Trudgill (1980) kallar NORMs (Nonmobile, Older, Rural Males), eller «ikkje-mobile, eldre, rurale menn» (mi omsetjing). Med andre ord har den tradisjonelle dialektologien vore på jakt etter dei språklege varietetane som har hatt minst kontakt med andre språkvariantar, og som dermed står fram som mest mogleg «reine» og «autentiske». Ideala for den tradisjonelle dialektologien resulterte i at talemålsskildringane etter kvart verka tilbakeskodande og arkaiserande, ettersom dei til ein viss grad omhandla varietetar som

tilhørde fortida. I løpet av andre halvdel av 1900-talet vart det tydeleg at dialektologien ikkje lenger var i stand til å skildra samtidas språkrøyndom. Med dei radikale samfunnsendingane, som til dømes urbanisering og geografisk og sosial mobilitet, greidde ikkje dialektologien å fanga opp utviklingstendensane i norske talemål (Mæhlum og Røyneland, 2012: 16–17). Likevel fanst det norske dialektologar som byrja å utforska bymål allereie på fyrste halvdel av 1900-talet (meir om dette i del 3.3), men det var ikkje før på 1960- og 70-talet at me såg eit tydeleg paradigmeskifte i talemålsgranskinga.

## 3.2 William Labov og sosiolingvistisk metode

Då den amerikanske språkforskaren William Labov utførte sine granskingar av talemålet i New York på 1960-talet, var det sosial talemålsvariasjon han la vekt på, og med det vaks sosiolingvistikken fram som ein moderne språkvitskapleg disiplin (Mæhlum et al., 2008: 129). Sosiolingvistikken førte talemålsgranskinga frå eit homogent til eit heterogent fokus, og sosiolingvistane la derfor vekt på at det innanfor eit geografisk avgrensa område kan finnast talespråkleg variasjon som skuldast sosiale faktorar, til dømes alder, kjønn, utdanning, yrke og sosial klasse. I to av Labov sine mest kjende studiar, i høvesvis 1966 og 1972, undersøker han realiseringa av fonemet /r/ i talemålet i New York. Det tradisjonelle talemålet i New York er eit såkalla «non-rhotic» (ikkje-rotisk) talemål, der post-vokalisk /r/ ikkje vert uttala, som vil seia at ein setning som «park the car» vert uttala /pa:k ðe ka:/. Derimot er General American (GA), altså det amerikansk-engelske standardtalemålet, eit rotisk talemål, og same setning vil då få uttalen /pa:rk ðe ka:r/. Med andre ord har uttale med /r/ høgare status.

I den eine studien undersøkte Labov uttalevariasjon hjå personalet i tre ulike varemagasin (eit dyrt, eit mellomdyrt og eit billig) ved å spørja etter eit produkt han visste låg i femte etasje, eller «fourth floor». Slik fekk han høyra realisering av post-vokalisk /r/ både føre konsonantlyd og i utlyd. Variablane ville då vera /fɔ:rθ/ og /fɔ:θ/ føre konsonantlyd og /flɔ:r/ og /flɔ:/ i utlyd. Ettersom realiseringa av post-vokalisk /r/ var størst i det dyre varehuset og minst i det billige, og fordi personalet i dei tre varehusa representerte tre ulike sosiale grupper, konkluderte Labov med at uttalevariasjonane kunne forklarast ut ifrå sosiale faktorar heller enn geografiske. I dag er det vanleg å granska talemålsendingar med eit sosiolingvistisk blikk, og me kan på mange måtar seia at dialektologi og sosiolingvistik har smelta saman og vorte éin og same språkvitskaplege disiplin.

### 3.3 Sosiolingvistiske undersøkingar i Noreg

Sosiolingvistikken byrja å gjera seg gjeldande som språkvitskapleg disiplin i Noreg på 1970-talet. Likevel inneber ikkje det at tidlegare norske dialektologar *ikkje* hadde innsyn i og kunnskap om korleis sosiale og psykologiske faktorar påverkar språkbruk. Martin Skjekkeland (2009: 18) nemner mellom anna Amund B. Larsen, som gjorde grundige granskingar av talemålet i Oslo, Bergen og Stavanger, og som, i tillegg til å ha mykje innsikt i lydlovar og språklege strukturar, var klar på at sosiale og psykologiske krefter hadde påverknad på språket. Han innførte òg omgrepet «naboopposisjon», som vil seia at folk innan ei bestemt gruppe held på (og kanskje til og med overdriv) tradisjonelle språkdrag for å visa solidaritet til si eiga gruppe, og samtidig visa avstand til andre grupper. I tillegg til Larsen la òg Jørgen Reitan fram tankar om språk og samfunn i avhandlinga *Rørosmålet* frå 1932.

Eit stykkje ut på 1900-talet kan me nemna Anders Steinsholt, som introduserte omgrepet «målbryting» (Steinsholt, 1964: 11) i talemålsgranskinga. Steinsholt sine granskingar viste korleis bymålet i Larvik spreidde seg oppover i nabobygda Hedrum, og det særmerkte med granskingane hans var at dei vart gjort innanfor same geografiske område, men med 30 års mellomrom. Dermed vart Steinsholt sine granskingar gode døme på sosiolingvistiske undersøkingar som vart gjort i «verkeleg tid» (jf. Skjekkeland, 2009: 19). Hans studiar av målbryting var på mange måtar forut for si tid, for etter kvart dukka det opp fleire granskingar av brytinga mellom sentrumsmål og utkantsmål i norske kommunar. Tor Time si avhandling *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time* frå 1973 er eit godt døme på ei slik gransking, og som eg kjem tilbake til i del 3.4.1.

Den moderne sosiolingvistikken og det labovske paradigmet slo, som nemnt ovanfor, skikkeleg rot i norsk talemålsgransking på 1970-talet. Frå 1971 til 1976 vart det gjennomført ei stor og omfattande gransking av Oslo-målet, nemleg *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS), ei gransking som vart sær viktig for den vidare sosiolingvistiske forskinga i Noreg. Ei liknande, men mindre gransking i Trondheim kalla *Språksosiologiske forhold i Trondheim* vart utført av Knut Fintoft og Per Egil Mjaavatt i 1980, og i Bergen vart granskinga *TUB – Talemål hos ungdom i Bergen* gjennomført mellom 1977 og 1983. Andre sosiolingvistiske undersøkingar som er gjennomførde i kjølvatnet av dei nemnte granskingane, er mellom andre granskingar av talemåla i Tønsberg (Gulbrandsen, 1975), Hov i Land (Selj, 1978), Bø i Telemark (Skjekkeland, 1980), Holla i Telemark (Gjermundsen, 1981), Øvre Rælingen

(Hobøl, 1986), Bodø (Leistad, 1987), Gjøvik (Evensen & Tveit, 1990), Vesterålen (Skare, 1994) og Romerike (Skolseg, 1994). Alle desse døma er henta frå Skjekkeland (2009: 19).

### 3.4 Tidlegare forskning på talemål i Rogaland og på Jæren

Dei fyrste skildringane av talemåla i Rogaland er gjort av Jacob Rasch. Han vart fødd på Ognå og laga ei ordsamling i 1698. I denne samlinga finn me mellom anna ordet *knoda* (nn. *knota*), med tydinga «naar en norsch taler dansk» (Sandvik, 1979: 27). I dag vert ordet for det meste nytta når folk legg om dialekta eller ikkje «talar reint», men det er interessant at dette ordet har ei såpass lang historie, og at det å knoda opphavleg tydde det å leggja om til dansk. Rasch omsette òg fyrste kapittel av Romarbrevet frå gresk til dansk og norsk kring 1700, ei omsetjing som visstnok skal vera den eldste bibelteksten på nynorsk<sup>5</sup>. Om ein samanliknar Rasch si norske omsetjing med den danske bibelutgåva frå kring 1700, er det tydeleg at han har lausrive seg frå tradisjonelt dansk skriftspråk, og at det er jærmålet som er det språklege utgangspunktet for omsetjinga<sup>6</sup>.

I 1740-åra kom det eit nytt initiativ frå Kanselliet i København, som etterspurde «Een Fortegnelse paa de rareste Ord- og Talemaader i Sproget udi Amtet, og deres Betydning i andet brugelig Dansk» (Sandvik, 1979: 29). Amtmannen i Stavanger, Bendix Christian de Fine, tok på seg oppgåva, og resultatet vart *Stavanger Amptes udførlige beskrivelse*, ei bok som skildra dagleglivet i Stavanger i fyrste halvdel av 1700-talet. I tillegg til å innehalda ei ordsamling på om lag 770 ord, har denne skildringa òg med ei svært enkel oversikt over verb, pronomen og preposisjonar, samt ei samling av over 200 ordtak og uttrykk.

Vidare er Ivar Aasen den neste til å omtala «Jædersk» i *Det norske Folkesprogs Grammatik* frå 1848. Etter Aasen kan ein nemna mellom andre Hans Ross, Amund B. Larsen og Per Thorson. Med strukturalismen sitt inntog i dei humanistiske vitskapane på byrjinga av 1900-talet kjem òg fonemanalysen inn i språkvitskapen. Fonemanalysen set talemålsgranskarar i stand til å registrera om to språklydar er variantar av same fonem (såkalla allofonar), eller om dei utgjer eigne fonem (Sandvik, 1979: 42), alt etter om nyansen i språklydane er meinings-skiljande eller ikkje.

---

<sup>5</sup> Her nyttast ikkje nynorsk-omgrepet i tradisjonell forstand, men som eit omgrep som skildrar ein moderne varietet av norsk som skil seg frå dansk.

<sup>6</sup> Utdrag frå den danske utgåva og Rasch si norske omsetjing kan lesast i Sandvik (1979: 28–29).

Av nyare granskingar er Olav Hetland Sandvik sin forskingsrapport *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon* frå 1979 vorte ståande som ei omfattande og generell utgreiing om dei forskjellige talemåla i Rogaland. Elles er det mellom anna gjort nokre undersøkingar av forholdet mellom folkemålet og det høgare talemålet i Stavanger, høvesvis av Helge Omdal (1967) og Finn Gabrielsen (1984). Når det gjeld Bryne-målet, er det kanskje Tor Time si hovudfagsavhandling *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time* frå 1973 som er den mest omfattande. Som nemnt i del 1.1.1 er det primært Sandvik og Time som dannar samanlikningsgrunnlaget eg vil nytta for å sjå korleis Bryne-målet har endra seg.

### 3.4.1 Tor Time: *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time*

Tor Times hovudfagsavhandling frå 1973 er fyrst og fremst ei undersøking av målbryting i Time-dialekta. På denne tida var målbryting eit relativt nytt omgrep innan språkvitskapen, og Time definerer det som «endringar innanfor eit målområde som er grunna på alderskilnad og ulik sosial bakgrunn og bustadstilhøve» (Time, 1986: 19). Han trekkjer her ei motsetnadslinje til Ivar Aasen og den tradisjonelle talemålsgranskinga, som hadde som formål å kartleggja dei eldste og mest «ekte» formene. Som nemnt i del 1.1.1 handla den innleiande problemstillinga i avhandlinga om det fanst eit sentrumsmål i Time kommune, altså eit Bryne-mål som skilte seg frå dei andre bygdemåla i Time, noko granskinga hans gav konturane av.

I granskinga delte Time språkbrukarane inn i tre aldersgrupper: eldste generasjon (dei over 70 år), mellomste generasjon (dei mellom 25 og 60 år) og yngste generasjon (dei under 20 år). Han kom fram til at det var snakk om gradvise overgangar mellom gruppene, også når det gjaldt geografi, og at dei største skilnadane var mellom eldste generasjon på bygda og yngste generasjon i sentrum. Han konkluderte med at det tradisjonelle Time-målet heldt seg godt i bygdene, trass i nokre fonologiske endringar, og at eit sentrumsmål var i ferd med å etablera seg med den yngste generasjonen på Bryne. No er det nesten 50 år sidan denne granskinga, og dei som på den tida tilhøyrdde yngste generasjon, vil i dag vera godt over 60 år gamle, og dei vil derfor vera i sjiktet mellom eldste generasjon og mellomste generasjon. I «kortversjonen» av avhandlinga, *Haurt saure* frå 1986, seier Time «[m]eir enn ti år seinare skulle ein tru at utviklinga mot eit sentrumsmål har gått fleire steg vidare» (1986: 22), og i så måte er denne granskinga ei vidareføring av det arbeidet Tor Time utførte for omtrent 50 år sidan.

### 3.4.2 Olav H. Sandvik: *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon*

Olav Hetland Sandvik sin forskingsrapport *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon: om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalands-målet* kom ut i 1979, og er ei omfattande og generell utgreiing om talemåla i Rogaland. I rapporten deler han Rogaland inn i fire dialektområde, nemleg Ryfylke, Stavanger, Jæren og Dalane. Utgreiinga hans tek føre seg lydverk, formverk og ordtilfang. Bolkane om lydverk og formverk er for det meste henta frå andre skriftlege kjelder, som hovudfagsavhandlingar, bøker, artikkelar og særnemneoppgåver, men ordtilfanget har han sjølv samla inn. For denne undersøkinga sin del er det skildringane av jærsk fonologi og morfologi som har vore mest relevante.

### 3.4.3 Per Sigmund Sævik Bøe: *Språkendringer sør på Jæren*

Blant nyare granskingar av jærmålet kan ein nemna Per Sigmund Sævik Bøe si masteroppgåve frå 2013, som tok føre seg talemålsendringar på Brusand, Ognå og Sirevåg i Hå kommune. I denne granskinga undersøkte Bøe fem forskjellige språklege variablar i verkeleg tid frå desse tettstadene. Dei språklege variablane var det historiske konsonant-sambandet *sj*, den historiske *kj*-lyden og samanfallet av /ç/ og /ʃ/, presens av verb i *kasta*-klassen, uttale av verbet *vera* i infinitiv, og uttale av nektingsadverbet *ikkje*. Det teoretiske rammeverket for denne granskinga var variasjonell og diakron sosiolingvistik, og han såg på språkleg variasjon og endring i lys av faktorar som kjønn, alder og opptaksår. Ved å sjå på desse ikkje-språklege faktorane håpte han å laga seg eit bilete av det sosio-historiske forlaupet til dei aktuelle talemålsendringane. Slik skulle han finna ut kven som var dei fyrste til å tileigna seg dei nye språktrekka.

Forskningsgrunnlaget for Bøe si gransking var sosiolingvistiske intervju med litt over 40 informantar frå Brusand, Ognå og Sirevåg, og taleopptaka av intervjuet var frå to forskjellige periodar. Det eldste materialet var opptak av informantar som vart intervjuet i samband med ein hovudfagsoppgåve om språkvariasjon i talemålet på Sirevåg på 1970-talet, mens det nyaste materialet var intervju med informantar frå Brusand, Ognå og Sirevåg frå høvesvis 2010 og 2011. Dessutan var denne granskinga ein del av eit større forskingsprosjekt ved Universitetet i Bergen som vart kalla *Dialektendringsprosessar*, der formålet var å få større innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsendringar og språkendringar. Granskinga viste at talet på dei såkalla nye variantane av dei språklege variablane hadde auka frå 1976 til 2010, og at dei nye variantane hadde høgare frekvens hjå

dei yngre aldersgruppene. Vidare fann han ut at det ikkje var klare skilnadar mellom menn og kvinner i bruken av dei forskjellige variantane. Det som likevel er interessant her, er at dei eldre kvinnene i opptaka frå 1976 verka å ha eit meir arkaisk språk enn mennene, og det var dei yngre mennene i opptaka frå 2010 som hadde størst grad av fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/. Dette er interessant fordi mange andre sosiolingvistiske granskingar har konkludert med at det nettopp er mennene som oftast har halde på tradisjonelle trekk. Vidare konkluderer Bøe med at endringane kan skuldast geografisk spreining frå talemåla i Stavanger-området, ettersom dei nye variantane har eksistert relativt lenge i Stavanger bymål.

### 3.5 Språkendringar

Alle språk og talemål endrar seg over tid, uavhengig av om brukarene av det aktuelle språket eller talemålet vil det eller ikkje. Og det verkar som om språkendringar provoserer! For mange kan ei bestemt dialektendring hjå den yngre generasjonen til og med opplevast som eit svik mot lokalsamfunnet. I dagens Noreg er det spesielt tre fonologiske endringar som verker å provosera mange i den eldre generasjonen: spreining av apikal l-lyd i og kring Oslo, spreining av bakre r-lyd (skarre-r) på Vestlandet og Sør-austlandet, og samanfallet mellom kj- og sj-lyden. Den fyrstnemnde endringa skjer ikkje på Jæren, og er derfor ikkje relevant for denne undersøkinga. Dei to andre, derimot, er særst relevante for dei fonologiske endringane som skjer og har skjedd i jærmålet i løpet av dei siste 100 åra.

Samanfallet av kj- og sj-fonema er ei endring som skjer no, og denne endringa vert då tydeleg høyrbar, i alle fall for dei som framleis skil mellom desse to språklydane. Og dei som skil mellom lydane, tykkjer ofte at dei som ikkje skil, «slurvar» med uttalen, eller at dei talar «barnespråk». Då hadde det jo vore interessant å høyra kva jærbuar som var fødde på slutten av 1800-talet, og som snakka jærisk med fremre *r*, tykte om at den yngre generasjonen byrja å skarra i staden for. I mine øyre er i alle fall overgang frå fremre *r* til bakre *r* ei meir markant lydendring enn samanfall mellom kj- og sj-lyd. Dette er kanskje ein djerv påstand, ettersom overgang frå fremre *r* til bakre *r* berre er ei utskifting av ein allofon med ein annan, mens samanfall mellom kj- og sj-lyd inneber at eit fonem forsvinn ut av språket. Likevel meiner eg at fyrstnemnte språkendring er meir markant fordi dei to r-allofonane ligg lenger frå kvarandre i artikulasjonsområdet enn det kj-lyden og sj-lyden gjer. Den fremre r-en er ein stemt alveolar trill, mens den bakre r-en er ein stemt velar eller uvular frikativ. Kj-lyden og sj-lyden er begge ustemte frikativar, og den einaste skilnaden er at kj-lyden har palatal uttale,



mens sj-lyden har post-alveolar uttale. Dessverre finst det ingen gjenlevande jærbuar med fremre *r* som kan uttrykkja si misnøye med ungdommens skarring, på same måten som at det ikkje finst gjenlevande nordmenn som framleis nyttar fonema /θ/ og /ð/, som i moderne norsk har falle saman med /t/ og /d/.<sup>7</sup> Når den siste jærbuen som skil mellom kj- og sj-lyd, er borte, vil nok heller ingen klaga over denne utviklinga. Det forutset sjølvsagt at dette samanfallet faktisk vert gjennomført, noko som ikkje er sikkert. Kanskje kan denne granskinga gje eit svar på kor langt denne utviklinga har kome i Bryne-målet?

Språkendringar som fonemsamanfall kan i mange høve vera døme på språkleg *forenkling*. Talet på fonem vert redusert, og det er ofte dei lydane som er vanskelege å uttala som fell bort. I moderne språkgransking ser ein òg ein tendens til morfologisk forenkling, til dømes ved at talet på bøyingsklassar vert redusert. Derfor er det enkelt å tru at forenkling er dei mest naturlege og sjølvsagte endringstendensane i språkutviklinga. Men det er ikkje nødvendigvis tilfelle. Ifølgje Peter Trudgill (2011: 152) er det faktisk språkleg *kompleksifisering* som historisk sett har vore den vanlegaste utviklinga. Dersom språk vert isolerte over lengre tid, seier han, er endringstendensen at dei vert meir og meir komplekse. Å vera isolerte over lengre tid har, historisk sett, vore vilkåra for dei fleste av verdas språk, mens det å ha hyppig kontakt mellom ulike språkvarietetar er eit relativt moderne fenomen. Derfor er òg språkleg forenkling ein relativt moderne endringstendens. Dei enorme kommunikasjonsmoglegheitene og dei sosiale nettverksstrukturane i vårt moderne samfunn skil seg radikalt frå tidlegare tider, og Trudgill (2011: 188) spår derfor at me i framtida sannsynlegvis ikkje vil kunna utvikla kompliserte og flekterande språkvarietetar.

### 3.6 Dialektkontakt

Samfunnsstrukturane i Noreg og resten av verda har endra seg drastisk dei siste hundreåra, ikkje minst på grunn av auka globalisering og mobilitet. Spesielt mobilitet er eit sentralt omgrep når me snakkar om dialektendringar i Noreg, for det at folk er meir mobile enn før, fører sjølvsagt til at folk har meir kontakt på tvers av kommunegrenser. Som eit resultat av denne auka mobiliteten kjem fleire og fleire ulike talemål i kontakt med kvarandre, noko som kan vera ei ytre drivkraft bak ei språkendring. Dette vil òg gjelda for samfunnet i Time kommune, som har opplevd stor tilflytting og jamn folkeauke sidan 1950-talet og fram til i dag. Dermed er det rimeleg å gå ut frå at Time-målet har vore i regelmessig kontakt med

---

<sup>7</sup> Meir om desse fonemsamanfalla i Torp og Vikør (2003: 23–24).

mange andre talemål i løpet av denne perioden. Når det er snakk om kontakt mellom gjensidig forståelige talemål, kjem ein ikkje utanom Peter Trudgill og boka *Dialects in Contact* (1986). I denne boka tek han føre seg kva som skjer når personar som snakkar gjensidig forståelige dialekter, har kontakt med kvarandre, og korleis dei endrar måten å snakka på med å tilpassa seg den dei snakkar med. Dette kallar han *akkommodasjon* (Trudgill, 1986: 2), og det handlar om språkleg tilpassing eller tilnærming mellom vaksne personar som snakkar ulike, men gjensidig forståelige dialekter.

### 3.6.1 Akkommodasjon

Akkommodasjonsteorien vart opphavleg utvikla av sosialpsykologane Howard Giles og Philip M. Smith (1979), og med denne teorien søker dei etter å forstå og forklara dei individuelle tilpassingane me gjer når me kommuniserer med andre menneskje. Dette er ein sentral teori i forståinga av korleis språk og dialekter endrar seg, og han byggjer på den generelle menneskelege tendensen til å tilpassa språkbruk i samhandling med andre. Me kan tilpassa språkbruken vår på fleire måtar, og *konvergens* og *divergens* er to av dei. Konvergens vil seia talespråkleg tilnærming til ein annan talespråkleg varietet (Mæhlum et al., 2008: 160). Når me konvergerer, endrar me talespråket i retning dei me kommuniserer med for å visa tilhørslse. Divergens vil seia talespråkleg avstand til ein annan talespråkleg varietet (Mæhlum, *ibid*). Døme på divergens kan vera å halda på sitt opphavlege talemål i møte med andre talemål, eller å overdriva tradisjonelle trekk for å markera endå større avstand, jf. Amund B. Larsen sitt omgrep naboopposisjon, som eg nemnde i del 3.3.

Vidare skil Trudgill mellom korttidsakkommodasjon («short-term accommodation»; 1986: 3) og langtidsakkommodasjon («long-term accommodation»; 1986: 11). Fyrstnemnde handlar om dei språklege tilpassingane ein gjer i løpet av ein samtale, og har vore den typen akkommodasjon som har vore vanleg for sosialpsykologar å studera. I sosiolingvistisk samanheng er det kanskje meir interessant å sjå på langtidsakkommodasjon, altså korleis språkbrukarane tilpassar språket sitt over eit lengre tidsrom. Trudgill refererer mellom anna til forskning som viser at det å tilpassa seg er eit universelt trekk ved menneskeleg åtferd, noko som viser igjen i språkvanane me tek til oss.

Det at enkeltindivid tek til seg ein ny språkleg vane, er ifølgje Helge Sandøy (i Mæhlum et al., 2008: 207) ikkje nokon språk- eller dialektendring i seg sjølv. Den språklege nyvinninga kan

nemleg stoppa der, hjå enkeltindividet som fyrst nytta denne språkvanen, og sånn sett verta isolert som ein «talefeil». Om denne nye språkvanen på ein eller annan måte festar seg hjå fleire individ, kan me snakka om at ein endringsprosess er i gang. Dersom alle i eit bestemt språksamfunn etter kvart byrjar å bruka den nye språkvanen, kan me seia at ei språk- eller dialektendring har skjedd.

### 3.6.2 Språklege mekanismar: Nivellering og forenkling

Når språk og dialekter møtast, og tilpassingsprosessen er i gang, er det særleg to språklege endringsmekanismar som er sentrale. Den eine er *nivellering*, eller utjamning, som vil seia at talet på markerte språkvariantar vert redusert. Markerte språkvariantar vil i dette tilfelle vera språkdrag som er uvanlege eller i mindretal blant språkbrukarane i eit avgrensa språksamfunn. Ifølgje Brit Mæhlum (2007: 103) vil nivelleringsprosessen over tid redusera den språklege avstanden som opphavleg fanst mellom språkbrukarane, og dei markerte språkvariantane vil forsvinna, mens dei høgfrekvente variantane vil stå igjen. På sikt vil denne prosessen gjera at talemåla i det avgrensa språksamfunnet vert likare kvarandre.

Den andre endringsmekanismen er *forenkling*. I del 3.5 nemnde eg fonemsamanfall og reduksjon i bøyingsklassar som døme på høvesvis fonologisk og morfologisk forenkling. Slike forenklingar inngår i kategorien grammatiske forenklingar (Trudgill, 1986: 103), og inneber at dei grammatiske strukturane vert meir regelfaste. Men forenkling treng ikkje berre dreia seg om grammatikk; det finst òg semantiske forenklingar som går ut på auka leksikalsk og morfologisk transparens (Trudgill, 2011: 21). Då får ein større samsvar mellom leksetet og ordforma på den eine sida, og tydinga på den andre sida. Til dømes er engelske *one time*, *two times* og *three times* meir transparente enn *once*, *twice* og *thrice*<sup>8</sup>. Vidare seier Trudgill (2011: 34) at språkleg forenkling er meir sannsynleg i kontaktsituasjonar mellom vaksne språkbrukarar, mens språkleg kompleksifisering faktisk er det mest sannsynlege i langvarige kontaktsituasjonar som involverer fleispråklege born.

### 3.6.3 Standardtalemål?

Å påstå at dei norske talemåla vert påverka av ei nasjonal språkleg standardnorm, kan verka kontroversielt, spesielt med tanke på at me ikkje har noko offisielt standardtalemål i Noreg.

---

<sup>8</sup> Ifølgje the Cambridge Dictionary er *thrice* eit arkaisk ord.

Likevel betyr ikkje det at me kan utelukka at talemåla vert påverka av ein språkleg standard, for me bur i eit skriftspråkssamfunn, og skriftspråka er som kjent normerte. Det betyr at me har ei viss oppfatning av kva som er korrekt og kva som er ukorrekt språkbruk. Det mentale skiljet mellom det som er korrekt og ukorrekt, er sjølv sagt mindre i talemåla, og dei norske dialektene har forholdsvis høg status. Likevel kan det vera at det finst eit mentalt skilje mellom former med høg status og former med låg status, der høgstatusformene samsvarar med eller liknar på dei formene ein finn i skriftspråka, særleg bokmål.

I denne debatten har det dukka opp to motstridande syn om standardtalemål i Noreg, og kor vidt dette potensielle standardmålet har påverknad på dei norske dialektene. Dei som meiner at dialektene vert påverka av eit standardtalemål, vert kalla *vertikalistar*. Blant dei som fremjar dette synet, finn me Brit Mæhlum, som meiner at dei dialektnivelleringsprosessane me ser i dag, vitnar om ei standardisering av talemåla (Mæhlum, 2007: 49–50). Dette synet grunngeiv ho med at nordmenn har ei førestilling om at eitt bestemt talemål fungerer som ei talemålsnorm, og som på denne måten står i ei særstilling og vert sett på som meir «korrekt» enn andre talemål (Mæhlum, 2007: 45). Dette bestemte talemålet har mange forskjellige namn, hevdar ho, men *standard austnorsk*, *søraustnorsk talemål*, *danna austnorsk*, eller rett og slett *talt bokmål* er nokre av dei omgrepa som vert nytta i ikkje-lingvistiske samanhengar. I alle høve er det snakk om eit talemål som ligg tett opp til skriftspråket bokmål, og som i tillegg har tydelege søraustnorske trekk. Sjølv om dette talemålet ikkje har status som offisielt talemål Noreg, meiner Mæhlum at det likevel fungerer som eit mentalt standardtalemål for språkbrukarar i Noreg.

Ein av dei som er kritiske til at det er standardspråket som påverkar talemåla, er Helge Sandøy, som i denne debatten vert kalla ein *horisontalist*. Horisontalistane deler vertikalistane sitt syn om at det kan finnast eit prestisjemål som har høgare status enn andre talemål, og at dette målet kan vera ein bokmålsnær variant. Sandøy hevdar at dei grammatiske endringane i hovudsak er eit resultat av språkleg kontakt og språkleg forenkling, og at standardspråket berre er ein opplagt påverknadsfaktor når det gjeld ordtilfang (Sandøy, 2009: 41–42). Derimot meiner han at noko av det mest sentrale i denne debatten er at me ikkje må blanda standardtalemål med prestisjedialekt. Han seier mellom anna at «[n]år somme slår fast at me har eit standardtalemål i Norge, hevdar dei i mi tolking og min begrepsbruk at me har ein *prestisjedialekt* i Norge» (Sandøy, 2009: 27). Vidare seier han at dette ikkje er noko nytt, for ei prestisjedialekt har me hatt i fleire hundre år. Han trekkjer fram frognermålet som eit døme

på ei prestisjedialekt, men at dette talemålet er i ferd med å mista sin prestisje ettersom bruk av dialekt har fått høgare status. Dersom me har eit standardtalemål, seier han, vil det vera ein fellesvarietet, som til dømes talt bokmål eller talt nynorsk, og ikkje standard austnorsk. Han foreslår følgjande definisjon av standardspråkomgrepet: «Eit standardspråk er ein felles språkvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar» (Sandøy, 2009: 35).

### 3.6.4 Diffuse og fokuserte språksituasjonar

Trudgill (1986: 85) nyttar omgrepa *diffus* og *fokusert* om utviklinga av nye talemål, eller såkalla *koinéar*<sup>9</sup>. Når til dømes ein ny industristad i fyrste omgang er ein smeltedigel av ulike talemål, er språksituasjonen sjølvstendig diffus, og han vil framleis vera diffus hjå den neste generasjonen, sjølv om talemålet vil ha stabilisert seg noko. Når språket stabiliserer seg hjå den tredje generasjonen, kan me seia at språksituasjonen er fokusert, ettersom talemålet vil vera relativt stabilt. På grunn av auka mobilitet og stor grad av kontakt med andre språk og talemål vil nok talemålssituasjonen i mange norske byar og tettstadar i dag verta rekna som relativt diffuse. Eit ferskt døme på ein fokusert talemålssituasjon frå Rogaland kan ein lesa meir om i Randi Maudal (2021) si gransking av talemålet i Maudal, ei lita fjellbygd i Gjesdal kommune.

### 3.6.5 Språkutvikling i urbane språkmiljø

Stian Hårstad og Toril Opsahl gav i 2013 ut boka *Språk i byen: Utviklingstrekk i urbane språkmiljøer i Norge*, ei bok som har sitt utspring i forskingsprosjektet «Utviklingsprosesser i urbane språkmiljøer» som vart gjennomført mellom 2005 og 2010. Boka tek føre seg utviklingstrekk i høvesvis Trondheim og Oslo, to byar som riktig nok er monaleg større enn Bryne, og som tradisjonelt har hatt ei grunnleggjande todeling mellom eit «folkemål» og eit «høgare talemål». Ei slik sosiolektisk todeling har, så vidt eg veit, aldri eksistert på Bryne, og heller ikkje i nabobyen Sandnes (Ims, 2010: 12), men Stavanger har tradisjonelt hatt eit skilje mellom «gadespråk» og «pent stavangersk» (Omdal, 1967), sjølv om dette skiljet har gått meir og meir i oppløysning (Gabrielsen, 1984). Hårstad og Opsahl sitt materiale frå Trondheim og Oslo viser òg at det tradisjonelle sosiolektiske språkskiljet i stor grad har vorte

---

<sup>9</sup> Når møte mellom to eller fleire dialekter fører til at eit nytt talemål oppstår, kallar me det *koineisering* (Trudgill, 1986: 107).

utradert, i alle fall blant yngre språkbrukarar. I staden samlar dei unge seg i større grad om ein språkleg «mellomveg», der dei tradisjonelle folkemålsformene dominerer.

## 3.7 Sosiale variablar

Som me såg i del 3.2, har den moderne sosiolingvistikken utvikla seg frå William Labov sine undersøkingar om korleis sosiale faktorar påverka språket. I tråd med Labov sine tankar har det i sosiolingvistisk samanheng vore vanleg å sjå på ulike variablar innan språk og språkbruk. Ein kan skilja mellom faste eller avhengige variablar, som er dei variablane som høyrer til språket og som språkgranskaren vel ut i granskinga av språket, og frie eller uavhengige variablar, som er dei variablane som finst i samfunnet, som til dømes alder, kjønn og klassetilhøyrse. Desse variablane kan me òg kalla sosiale variablar, og i delane nedanfor gjer eg greie for dei sosiale variablane som er relevante for mi talemålsundersøking.

### 3.7.1 Geografisk tilhøyrse

Mange sosiolingvistiske granskingar viser at den geografiske tilhøyrsla, eller oppvekststaden, har svært mykje å seia for den einskilde sin språkbruk. Sjølv om Bryne har hatt bystatus i over 20 år no, trur eg den jærsk identiteten framleis står sterkt, og eg trur Bryne-ungdommen har ei klar oppfatning om at talemålet deira er eit jærsk talemål som skil seg klart frå dei andre bymåla på Jæren, høvesvis Sandnes og Stavanger. Dessutan har opplæringsmålet i skulen i Time kommune tradisjonelt vore nynorsk, og seinast i 2016 vart Time kommune heidra som årets nynorskkommune (Johnsen, 2016). Juryen som den gongen heidra kommunen, uttalte at dei viser «ei halding (sic) til språk som både imponerer og inspirerer» og at Time er «ein stolt nynorskkommune i ein region der nynorsken er under press.» I 2016 låg nynorskdelen blant skuleelevane rundt 90 prosent, trass i geografisk nærleik til Stavanger, Sandnes og Eigersund, som alle er tradisjonelle bokmålskommunar. Eg har ikkje funne nyare tal som gjeld nynorskdelen av skuleelevar i Time, men eg har vanskeleg for å tru at dette har endra seg radikalt på fem år. Det at nynorsken står såpass sterkt i Time kommune, trass i stor bokmålsdel i dei andre bykommunane i Sør-Rogaland, kan tyda på at den jærsk identitetskjenninga òg viser seg i språket, anten det er snakk om skriftspråk eller talespråk. Akkurat dette gjer eg vidare greie for i del 5.2.2, der eg gjer greie for det sosiolingvistiske djupneintervjuet og kommenterer spørsmåla i intervjuguiden min; eitt av spørsmåla tek nemleg føre seg haldningane informantane har til høvesvis nynorsk og bokmål.

### 3.7.2 Kjønn

Både i Noreg og i andre land har kjønn vorte nytta som ein sosial faktor i sosiolingvistiske undersøkingar. Særleg på 1970- og 80-talet viste fleire undersøkingar at kvinnene oftare nytta såkalla prestisjeformer, eller standardformer, enn mennene (Skjekkeland, 2009: 28), noko som vart forklart med at kvinner vanlegvis er meir medvitne om sosial status. Derfor prøver dei i større grad å oppnå status gjennom åtferd og språk enn menn, som vanlegvis er meir lojale mot lokale språkdrag. Ifølgje den britiske lingvisten Richard Anthony Hudson (i Skjekkeland, *ibid*) er språklege skilnadar på bakgrunn av kjønn eit av dei mest robuste funna innan sosiolingvistisk forskning.

I dag har likestillinga kome eit stykkje lenger enn på 1970- og 80-talet, og då er det grunn til å tru at språklege skilnadar på bakgrunn av kjønn òg har vorte mindre. Likevel viser mange nyare granskingar, til dømes Akselberg (1995), Haugen (2004) og Solheim (2006), at dette skiljet mellom menn og kvinner sitt språk framleis eksisterer i mange norske talemål (Skjekkeland, 2009: 28). Vidare peiker Skjekkeland (*ibid*) på si eiga undersøking av talemålet i Kvinesdal, ei undersøking som faktisk viser språkleg utjamning mellom kjønna. Han seier at dette kan ha samanheng med auka prestisje for bruk av dialekt, for i mange norske bygder har jo den lokale dialekta høg status. Derfor lanserer han idéen om at kvinnene «er som før», men at dei i staden for å oppnå status gjennom bruk av standardformer, no oppnår status gjennom bruk av dialekt.

### 3.7.3 Alder

Mange sosiolingvistiske granskingar har nytta alder som ein sosial faktor, og det har vore vanleg å leggja fram skilnad i språkbruk mellom aldersgruppene. Sidan denne granskinga primært er ei undersøking av yngre Bryne-mål (og sekundært yngre Time-mål), har eg berre valt ut informantar som er 18 år gamle. Ifølgje Martin Skjekkeland (2009: 24) er hypotesen bak alder som sosial variabel som regel at dei eldste informantane viser eit eldre språksteg enn dei yngre informantane, og at dei unge vanlegvis ikkje endrar talemålet sitt på nemneverdig vis etter tenåra. For å prøva å forstå det Skjekkeland (2009: 25) refererer til som «mangelfull overføring av dialektal kompetanse», har forklaringa ofte vore at born er mindre saman med vaksne og meir saman med andre born. Derfor kan det vera at dei andre borna vert viktigare språklege normsendarar enn dei vaksne. Ei anna forklaring kan vera eit grunnleggande behov for å markera fellesskap med andre som tilhøyrer den same generasjonen.

## 3.8 Andre sosiale variablar i nyare granskingar

Dei tre sosiale variablane eg har gjort greie for i del 3.7, er typiske for den labovske tradisjonen, men som alle andre forskingstradisjonar har òg sosiolingvistikken utvikla seg sidan det labovske paradigmet byrja å slo rot i talemålsforskinga på 1960- og 70-talet. Verda har endra seg radikalt dei siste tiåra, og i moderne sosiolingvistikk er det naudsynt å trekkja inn andre sosiale variablar enn dei typiske labovske variablane. Unn Røynealand (2005, i Skjekkeland, 2009: 29–31) nyttar mellom anna skuleretning, foreldrebakgrunn, framtidsplanar, lokalisering, gruppetilhøyrse, og orientering og haldning som sosiale variablar i avhandlinga si om språkendingar på Tynset og Røros. Av desse variablane er det kanskje framtidsplanar og orientering og haldning som er mest relevante for mi undersøking. I intervjuguiden har eg spørsmål om framtidsplanar som gjeld både utdanning og kor dei ynskjer å verta buande, og eg har spørsmål som gjeld haldningar til heimstaden og talemålet der. Sjå del 5.2.2 for ei ytterlegare drøfting av spørsmåla i intervjuguiden.

### 3.8.1 Språk og identitet

Eit anna døme på ein sosial variabel er *identitet*, eit omgrep som kanskje ikkje er så lett å definera på ein enkel måte. Ifølgje Brit Mæhlum (2008: 106) har ei rekkje språkforskarar vore opptekne av og nesten teke for gitt at det finst ein klar samanheng mellom eit individ sin identitet og måten vedkommande brukar språket på. Dette synet har vorte støtta av psykologar, filosofar og antropologar, som har rekna språket som ein viktig identitetsskapande faktor nettopp fordi det er gjennom språket me presenterer oss sjølve. Språkforskarane Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller (1985, i Skjekkeland, 2009: 33) vurderer språkleg åtferd som *identitetshandlingar*, der individet nyttar språket for å visa sin personlege identitet og kva slags sosiale roller dei ynskjer å spela. Dei meiner at språkhandlingane våre vert gjort etter mønster av dei gruppene me til ei kvar tid ynskjer å identifisera oss med.

Synspunkta til Le Page og Tabouret-Keller har fått mykje å seia for forskning på språk og identitet, men sosiolingvisten John Edwards (1985, i Skjekkeland, *ibid*) er òg sentral innanfor same forskingstradisjon. Edwards meiner at identiteten fyrst og fremst er knytt til ikkje-standardiserte talemålsvarietetar. Han seier mellom anna at bruk av ikkje-standardiserte varietetar visar høgare gruppesolidaritet, mens bruk av standardiserte varietetar kan seiast å spegla høgare kompetanse. Med andre ord kan somme språkvarietetar ha såkalla «skjult



prestisje». Vidare legg Edwards stor vekt på språket sin symbolfunksjon, mellom anna dei historiske og kulturelle assosiasjonane og dei felles konnotasjonane eit språk formidlar, og han meiner at det er denne symbolske sida av språket identiteten primært er knytt til.

Tilhøvet mellom språk og identitet er ofte eit sentralt tema i nyare sosiolingvistiske undersøkingar. Martin Skjekkeland (2009: 33) nemner mellom anna Randi Solheim si gransking frå 2006, der ho ser på sosiolingvistiske utviklingsliner i Høyanger. Her siterer ho Trond Thuen (2001, i Skjekkeland, *ibid*) på at identitetsomgrepet inneheld både eit *eg* og eit *vi*, og at det er eit felles språk som sterkast bind folk saman i sosiale grupper, og dermed skapar identiteten. Dette synet finn ein òg hjå Habermas (i Skjekkeland, *ibid*) som seier at individet skapar seg sjølv og livsverda si gjennom sosial og språkleg omgang med andre individ.

### 3.8.2 Mental urbanisering

Det å bruka språket for å skapa identitet er interessant for moderne sosiolingvistisk forskning, ettersom det tradisjonelle skiljet mellom by og land er i ferd med å viskast ut, i alle fall i Noreg og andre vestlege land. Det er ikkje så forferdeleg lenge sidan fleirtalet av Noregs folkesetnad budde på landet og dreiv med jordbruk. Etter at industrialiseringa skaut fart her til lands, flytta fleire og fleire folk inn til byane og tettstadene. Den auka urbaniseringa representerte eit brot med det gamle, tradisjonelle bondesamfunnet, og vart på mange måtar eit symbol på det moderne. Liknande tendensar kan me seia eksisterer innanfor talemåla, der bymåla vart rekna for å vera finare og meir moderne høgstatusmål, mens bygdemåla vart rekna som umoderne lågstatusmål.

Moderne kommunikasjonsteknologi som Internett og sosiale medium har knytt verda tettare saman, noko som har redusert dei mentale skilja mellom by og land. Martin Skjekkeland (2009: 52–53) viser til Roger Andersson si avhandling *Den svenska urbaniseringen* frå 1987, der Andersson lanserer omgrepet *mental urbanisering*, eit omgrep som inneber at det urbane spreier seg frå sentrum til utkant utan at det skjer ei fysisk urbanisering. Dette kan innebera å ha ein urban livsstil og urbane haldningar utan at ein nødvendigvis er frå eller bur i eit urbant sentrum. Vidare hevder Skjekkeland (2009: 54) at tilhøvet mellom by og land er i endring, og at det truleg ikkje lenger er føremålstenleg å omtala «bygda» som eit statisk og einsarta lokalsamfunn. Han peikar mellom anna på mobilitet, utdanning og individualisering som ulike

forklaringsfaktorar bak moderniseringa av bygdesamfunna, og at dette har ført til meir homogene og valfrie nettverk. Dette med valfridom i sosiale bygdenettverk er òg noko Barbro Vartdal og Marianna Villa (1997, i Skjekkeland, 2009: 46–47) peikar på. Dei meiner mellom anna at det i den moderne bygda er frivillig å vera ein del av det lokale bygdefellesskapet. Derfor er det mogleg å melda seg ut av den sosiale bygdestrukturen og velja ein urban livsstil, trass i rurale omgjevnadar.

### 3.8.3 Fråkopling og tilbakekopling

I ei doktorgradsavhandling frå 2013 nyttar sosiolingvisten Karine Stjernholm omgrepet *fråkopling* for å gjera greie for endringsprosessane i talemålet i Oslo. Ho skriv at fråkopling kan seiast å vera ein global homogeniseringsprosess der ein vert fråkopla den lokale kulturen til fordel for ein global kultur (Stjernholm, 2013: 26). Denne globale kulturen vert meir abstrakt og verkar over større geografiske område enn den lokale kulturen. Standardisering er ei form for fråkopling, og i avhandlinga nyttar Stjernholm fråkoplingsomgrepet for å skildra endringsprosessen der Oslo øst- og Oslo vestvarietetane går i ei retning mot éin varietet som er fråkopla øst-vest-dikotomien (Stjernholm, 2013: 27).

Kulturell homogenisering er altså eit resultat av fråkopling, ifølgje Stjernholm, men dette har igjen ført til auka medvit om og interesse for ulikskap, noko som resulterer i ny kulturell differensiering og nytt fokus på lokale uttrykk. Denne prosessen kallar ho *tilbakekopling* (Stjernholm, *ibid*). Ein form for tilbakekopling er *globalisering*, eller ein «global affinitet for det lokale.»<sup>10</sup> Denne utviklinga er ikkje nødvendigvis ein reaksjon på globaliseringa, men eit resultat, ettersom auka mobilitet og globalisering har ført til meir språkleg og dialektal kontakt, som igjen har ført til akkommodasjon og nivellering. Ifølgje Barbara Johnstone (i Stjernholm, *ibid*) er den auka drøftinga av språkleg ulikskap ein viktig faktor for språklege tilbakekoplingsprosessar, og resultatet vert samfunn som er prega av ulikskap, både når det gjeld kulturell, sosial og språkleg praksis. Dette gjer at individet i større grad kan velja mellom ulike normer og praksisar, noko som òg gjev større valfridom når det gjeld identitet.

Her vil eg òg trekkja inn Martin Skjekkeland (2009: 65, 146) sine to personlegdomstypar frå ei gransking av talemålet til ungdom i Kvinesdal som vart utført mellom 2000 og 2009. Her

---

<sup>10</sup> Ho viser mellom anna til korleis McDonald's, som er ein global marknadsaktør, gjer enkelte tilpassingar i marknadsføringa si for å venda seg til ein konkret lokal marknad.

skil han mellom dei han kallar *homo domesticus* (den heimekjære typen) og *homo dynamicus* (den utovervende typen). Dei personlegdomstypene som høyrer heime i gruppa *homo domesticus*, gjev uttrykk for sterk tilknytning til heimstaden. Dei tykkjer det har vore fint å veksa opp der, dei er stolte av heimstaden, og dei kunne godt tenkja seg å slå seg ned der i framtida. Denne gruppa har eit positivt syn på sitt eige talemål, og dei ynskjer heller ikkje å endra på talemålet.

Dei som høyrer heime i *homo dynamicus*, ynskjer ofte å koma seg til eit anna miljø. Dette er ei gruppe som gjerne har reist mykje med foreldra, og kanskje òg på eigen hand, og dei tykkjer ikkje det er viktig å slå seg ned i heimbygda eller i nærleiken av familien. I tillegg ser dei mange fordelar med det å bu i ein større by. Synet på eige talemål er ikkje så positivt som i *homo domesticus*-gruppa, og det er heller ikkje så viktig for dei å bevare den lokale dialekta. Derfor endrar medlemmane i *homo dynamicus* oftare på talemålet sitt når dei snakkar med folk med andre dialekter.

## 4. SPRÅKLEGE VARIABLAR OG HYPOTESAR

I denne bolken presenterer eg dei språklege variablane eg har valt å undersøkje i Bryne-målet, og som på mange måtar har danna grunnlaget for denne talemålsgranskinga. Som nemnt i del 1.1 er ikkje desse variablane berre avgrensa til språkdrag der eg trur det har skjedd endringar, men òg språkdrag der eg trur det har vore lita eller inga endring. Til slutt kjem ei utgreiing av hypotesane mine.

### 4.1 Språklege variablar

Det er umogleg å gjera greie for absolutt alle språkdrag og -variasjonar i eit talemål i ei slik undersøking, så ein er nøydd til å velja ut kva slags språkdrag ein ynskjer å undersøkje. Dei språklege variablane eg har valt ut, er for det meste baserte på språkdrag eg har plukka opp frå samtalar med ungdommar frå heile Jæren. Eg arbeider på ein vidaregåande skule i Sandnes, så derfor har eg kanskje mest oversyn over dei endringane som skjer i Sandnes-målet i dag. Sandnes-målet er opphavleg òg eit jærsk talemål<sup>11</sup>, og i ei gransking frå 2010 konkluderte Charlotte Sol Ims med at den nord-jærsk Sandnes-dialekta hadde sine egne særdrag som skilte ho frå både Stavanger-målet og dei sør-jærsk talemåla. Likevel er mine egne impresjonistiske inntrykk at dei ungdommane som veks opp i Sandnes i dag, snakkar ei dialekt som ligg veldig nært opp mot Stavanger-mål. Der min eigen generasjon og eldre generasjonar frå Sandnes kanskje ville ha nytta meir tradisjonelle jærsk former, har dagens Sandnes-ungdom gått over til det eg kallar urbane eller stavangerske former. Derfor er det interessant å sjå om ei liknande utvikling er på gang på Bryne.

#### 4.1.1 Variabel 1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/

Den fyrste variabelen eg vil undersøkje, er eit fonemsamanfall som allereie er gjennomført og godt etablert i Sandnes-målet, nemleg samanfallet av fonema /æ:/ og /e:/. Det lange æ-fonemet er eit språkdrag eg trur dei fleste i Rogaland vil seia er det mest karakteristiske for jærmålet, og då er det interessant å undersøkje om dette språkdraget framleis held seg i yngre Bryne-mål. Dette språkdraget så karakteristisk for jærmål at eg vert overraska om eit samanfall er i ferd med å skje, men så kan det sjølvsagt vera at /æ:/ har gått over til lang /e:/ i enkelte ord. Ord med /æ:/ er såpass høgfrequente at eg ikkje har lista opp konkrete ord eg vil undersøkje.

---

<sup>11</sup> I *Knudeheibrev* skildra Arne Garborg Sandnes-mål som «Jærbumaal uppfiffa med Gatefint fraa Stavanger».

### 4.1.2 Variabel 2: Diftongen /au/ (monoftongering og diftongkvalitet)

Den neste variabelen er òg eit fonologisk trekk som eg trur dei fleste i Rogaland vil rekna som typisk jærsk, nemleg diftongen /au/, som i tradisjonelt jærmål vert uttala [au]. Når det gjeld denne diftongen, er det to sider eg ynskjer å undersøkjja. Det fyrste er om han vert monoftongert i ord der mange andre norske talemål har monoftongering, som til dømes *graud* (monoftongert til *grød*) og *haust* (monoftongert til *høst*). Det andre er diftongkvaliteten i ord som ikkje er vortne monoftongerte, som til dømes *sau* og *tau*. Her ynskjer eg å finna ut om den tradisjonelle breie uttalen faktisk vert trongare, slik Tor Time hevda for nesten 50 år sidan, og om han går mot [œu]. I tabellen nedanfor har eg lista opp dei konkrete orda eg har nytta for undersøkjja korleis det står til med denne diftongen i Bryne-målet.

Nynorsk	Uttale med tradisjonell jærsk diftong	Uttale med monoftong
graut	[gɔ̃aud]	[gɔ̃ø:d]
haust	[haust]	[hœst]
		Uttale med trongare diftong
sau	[sau]	[sœu]
tau	[tau]	[tœu]

Tabell 8: Ord med diftongen /au/ som vert undersøkt.

### 4.1.3 Variabel 3: Svarabhaktivokal

Eit språkdrag som er typisk for mange rogalandske talemål, er uttale av trykksvak e-lyd på slutten av adjektiv i ubestemt form hankjønn og hokjønn. Den språkhistoriske bakgrunnen for denne adjektivendinga er ei endring frå einstava til tostava ord i gamalnorsk. Opphavleg hadde adjektiva endingane -r i hankjønn, -t i inkjekjønn og -ir/-ar i fleirtal, og føre r-endinga i hankjønnsforma utvikla det seg ein svarabhaktivokal, eller ein trykksvak innskottsvokal, for å gjera uttalen enklare. Etter kvart falt r-endinga bort, og svarabhaktivokalen smitta over på hokjønnsforma ved analogi (Sandvik, 1979: 105). Ei gransking frå 2010 viste at dette språkdraget heldt seg godt i Sandnes-målet (Ims, 2010: 126–127), men nyare granskingar av Stavanger-målet viser at svarabhaktivokalen kan vera på retur der (Johannessen, 2020: 85–86). Dei seinare åra har eg registrert at fleire og fleire ungdommar frå Sandnes ikkje nyttar svarabhaktivokal i adjektiv, så då er det heilt naturleg å undersøkjja korleis dette språkdraget held seg i yngre Bryne-mål. Som med det lange æ-fonemet er adjektiv med svarabhaktivokal såpass høgfrequente at eg heller ikkje her har laga ei liste med konkrete ord eg vil undersøkjja.

#### 4.1.4 Variabel 4: Utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband

Som nemnt i del 2.2.1.4 har jærmålet tradisjonelt sett hatt differensiering og segmentering av ulike konsonantsamband, som til dømes at *barn* og *hamn* vert uttala /<sup>1</sup>ba:dŋ/ og /<sup>1</sup>habŋ/ (differensiering), og *fjell* og *stein* vert uttala /<sup>1</sup>fjedl/ og /<sup>1</sup>steidŋ/ (segmentering). Ifølgje Sandvik (1979: 75–76) vart mange differensierte og segmenterte konsonantsamband assimilererte i ungdomsmålet i store delar av Rogland allereie på 1970-talet, og tendensen er at dei går tilbake til dei gamalnorske opphavsformene. I tabellane nedanfor har eg lista opp dei orda eg ynskjer å undersøkjia i denne granskinga.

Nynorsk	Differensiert konsonantsamband	Assimilert konsonantsamband
barn	<i>badn</i> / <sup>1</sup> ba:dŋ/	<i>barn</i> /barn/
garn	<i>gadn</i> / <sup>1</sup> ga:dŋ/	<i>garn</i> /garn/
horn	<i>hodn</i> / <sup>1</sup> hodŋ/	<i>korn</i> /horn/
korn	<i>kodn</i> / <sup>1</sup> kodŋ/	<i>korn</i> /korn/

Tabell 9: Ord med differensierte konsonantsamband som vert undersøkt.

Nynorsk	Segmentert konsonantsamband	Assimilert konsonantsamband
alle	<i>adle</i> / <sup>2</sup> adle/	<i>alle</i> / <sup>2</sup> ale/
fjell	<i>fjedl</i> / <sup>1</sup> fjedl/	<i>fjell</i> /fjel/
full (adj. eint.)	<i>fodle</i> / <sup>1</sup> fudle/	<i>folle</i> / <sup>1</sup> fule/
stein	<i>steidn</i> [ <sup>1</sup> staidŋ]	<i>stein</i> [stain]
ville (adj. flt.)	<i>vidle</i> / <sup>2</sup> vidle/	<i>ville</i> / <sup>2</sup> vile/

Tabell 10: Ord med segmenterte konsonantsamband som vert undersøkt.

Merk at eg har teke med eintalsforma av *full* og fleirtalsforma av *vill*. Dette kjem eg tilbake til i del 5.2.4.

#### 4.1.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar

Ifølgje Ivar Aasen var «den herskende Blødhed i Udtalen» det mest karakteristiske med talemåla i Sør-Rogaland (Sandvik, 1979: 60). Lenisering, eller oppmjuking, av plosivane /p/, /t/ og /k/ til /b/, /d/ og /g/ skjer når opphavleg korte plosivar står etter ein lang vokallyd. Døme på lenisering i jærmålet er når *drap*, *rot* og *tak* vert uttala *drab*, *rod* og *tag*. Ifølgje

Skjekkeland (2009: 187) er denne regelen ikkje lenger produktiv i dei sørvestnorske talemåla, noko me kan høyra i uttalen av importord som til dømes *apotek* og *data*. Desse orda vert ikkje uttala *aboteg* og *dada*, men med dei opphavlege ustemte plosivane. Ims (2010) si gransking av Sandnes-målet undersøkte ikkje denne variabelen, men nyare granskingar av Stavanger-målet (Aasen, 2011 og Johannessen, 2020) viser at lenisering av plosivar er på retur i ungdomsmålet i oljebyen. Ord med lenisering er såpass høgfrekvente at det ikkje er noko poeng å laga ei liste med konkrete ord eg skal undersøkje, men i tabellen nedanfor har eg teke med døme på ord som kan nyttast for å undersøkje dette språkdraget.

Nynorsk	Med lenisering	Utan lenisering
skap	<i>skab</i> /ska:b/	<i>skap</i> /ska:p/
mat	<i>mad</i> /ma:d/	<i>mat</i> /ma:t/
bok	<i>bog</i> /bu:g/	<i>bok</i> /bu:k/

Tabell 11: Døme på ord som kan nyttast for å undersøkje om talemålet har lenisering.

#### 4.1.6 Variabel 6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/

Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/ er godt dokumentert i ungdomsmål i fleire større norske byar, og eg høyrer det oftare og oftare blant ungdommen på Sandnes. Det vanlege er at /ʃ/ erstattar /ç/, men det kan òg henda at /ç/ erstattar /ʃ/ (Hognestad, 2019a: 49–50). Dette fører til at minimale par, som til dømes *kjede* og *skjede*, vert uttala heilt likt. Ein må altså tolka tydinga ut ifrå konteksten ordet vert brukt, og i aller ytste konsekvens kan dette samanfallet føra til mistydingar. Likevel er talet på slike minimale par relativt lågt. Sjølv om /ç/ førekjem i relativt få ord, er orda fonemet førekjem i, såpass høgfrekvente at eg reknar med å få god dekning for denne variabelen. Tabellen nedanfor viser døme på ord som kan nyttast for å undersøkje denne variabelen, men eg reknar med at fleire døme vil dukka opp undervegs i løpet av samtaleintervjua.

Nynorsk	Uttale med /ç/	Uttale med /ʃ/
ikkje	<i>ikkje</i> / <sup>2</sup> içe/	<i>isje</i> / <sup>2</sup> iʃe/
kjevle	<i>kjevla</i> / <sup>2</sup> çevla/	<i>sjevla</i> / <sup>2</sup> ʃevla/
kyrkje	<i>kjørkja</i> / <sup>2</sup> çørça/	<i>sjørsja</i> / <sup>2</sup> ʃørʃa/ <sup>12</sup>

Tabell 12: Døme på ord som kan nyttast for å undersøkje samanfallet av /ç/ og /ʃ/.

<sup>12</sup> Her legg eg til grunn den tradisjonelle uttalen /<sup>2</sup>çørça/, men det kan òg tenkjast at andre variantar dukkar opp.

#### 4.1.7 Variabel 7: Infinitivsending

Jærmålet og dei andre sørvestnorske talemåla er såkalla a-mål, og a-endingane i verb som står i infinitiv, har lenge vore eit kjenneteikn på rogalandske talemål. Nyare granskingar av talemålet i Stavanger viser at e-ending er på frammarsj blant yngre språkbrukarar der, og då er det naturleg å undersøkje om dette er eit språkdrag som har spreidd seg sørover til Bryne. Infinitivsverb er såpass høgfrekvente at eg ikkje har laga ei liste med konkrete ord.

#### 4.1.8 Variabel 8: Omlyd i presens av verb

Tradisjonelt har mange rogalandske talemål hatt omlyd i presensforma av mange verb, men Sandvik (1979: 135) registrerte allereie på 1970-talet ei tydeleg tendens til auka bruk av presensformer utan omlyd, spesielt i Stavanger-målet. Dette språkdraget har nok halde seg betre i jærmålet, men Time (1986: 34) òg rapporterer om auka tendens til svak bøyning hjå yngre språkbrukarar. Nedanfor har eg lista opp fem verb der jærmålet tradisjonelt har hatt presensomlyd. Fire av desse er sterke verb, mens kortverbet *ha* er eit svakt verb. For å prøva å halda talet på variablar lågast mogleg har eg likevel valt å gruppera dei saman.

Infinitivform	Presensform med omlyd	Presensform utan omlyd
dra	<i>dræge</i> / <sup>1</sup> dræ:ge/	<i>drar</i> /dra:r/
ha	<i>he</i> /he:/	<i>har</i> /ha:r/
koma	<i>kjæme</i> / <sup>1</sup> çæ:me/	<i>komme</i> / <sup>1</sup> kome/
sova	<i>søve</i> / <sup>1</sup> sø:ve/	<i>såve</i> / <sup>1</sup> so:ve/
ta	<i>tæge</i> / <sup>1</sup> tæ:ge/	<i>tar</i> /ta:r/

Tabell 13: Ordformer med tradisjonell presensomlyd som vert undersøkt.

#### 4.1.9 Variabel 9: Perfektum partisippformer

Perfektum partisippformene *gjee*, *sleie* og *stanne* (av verba *gå*, *slå* og *stå*) har tradisjonelt vore eit kjenneteikn på jærmålet, men ifølgje Sandvik (1979: 135) vert nye partisippformer tekne i bruk, spesielt i yngre sentrumsmål. Time (1986: 33–34) listar opp *sleie/slått* og *stanne/stått* som perfektum partisippformer av *slå* og *stå*, mens *gjee* står som einaste perfektum partisippforma av *gå*. Dette kan tyda på at *sleie* og *stanne* vert sett på som meir arkaiske enn til dømes *gjee*, og eg meiner dette språkdraget er verdt å undersøkje vidare.



Sidan eg er ute etter presensforma av *dra*, *koma* og *ta*, og eg ikkje er sikker på om eg kjem til å få dekning for desse, kjem eg til å spørja informantane om korleis dei ville bøygd desse verba på si dialekt. Sidan eg kjem til å spørja etter presens, preteritum og perfektum partisipp, inkluderer eg òg desse tre verba i denne variabelen. I tabellen nedanfor har eg lista opp dei seks verba med både eldre og yngre perfektum partisippform.

<b>Infinitivform</b>	<b>Eldre perfektum partisippform</b>	<b>Yngre perfektum partisippform</b>
dra	<i>droge</i> / <sup>2</sup> dru:ge/	<i>dratt</i> /drat/
gå	<i>gjee</i> / <sup>2</sup> je:e/	<i>gått</i> /got/
koma	<i>kome</i> / <sup>2</sup> ko:me/	<i>komt</i> /komt/
slå	<i>sleie</i> / <sup>2</sup> sleie/	<i>slått</i> /slot/
stå	<i>stanne</i> / <sup>2</sup> stane/	<i>stått</i> /stot/
ta	<i>toge</i> / <sup>2</sup> tu:ge/	<i>tatt</i> /tat/

**Tabell 14: Perfektum partisippformer som vert undersøkt.**

#### 4.1.10 Variabel 10: Fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord

Fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord er eit ekspansivt målmerke som ifølgje Sandvik (1979: 81) har spreidd seg sørover i Ryfylke dei siste hundre åra. Vidare seier han at dette målmerket på 1970-talet fortset å spreia seg frå Stavanger, både sørover mot Sandnes og vestover til Madla og Randaberg. Time (1973: 85) si gransking av talemålet i Time kommune viste at fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord ikkje vart nytta i ungdomsmålet på Bryne på byrjinga av 1970-talet. Likevel hevda han, i likskap med Sandvik, at dette språkdraget breidde seg sørover frå Stavanger på denne tida, og at det ikkje var uvanleg å høyra i Sandnes-målet. Derfor er det på høg tid å undersøkje om dette målmerket no har nådd Bryne-målet. Dette er kanskje den morfologiske variabelen som er mest interessant å undersøkje, ettersom både Sandvik og Time såg på dette som eit ekspansivt målmerke. I tillegg meiner eg at denne variabelen vil gje ein god indikasjon på kor vidt Bryne-målet har vorte urbanisert eller ikkje. Sidan fleirtals-r har vorte eit kjenneteikn på Stavanger-målet, og etter kvart også Sandnes-målet, meiner eg fleirtals-r er eit typisk urbaniseringstrekk. I tillegg er det noko ein finn igjen i skriftspråka. Sidan ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord er såpass høgfrekvente i daglegtalet, har eg ikkje laga ei liste over

konkrete ord eg ynskjer å undersøka. Dette er ein variabel eg uansett vil få godt og breitt grunnlag for under intervju med informantane.

#### 4.1.11 Variabel 11: Hokjønnsbøying av adjektiv

Dette er ein variabel som er krevjande å få dekning for frå samtalan åleine, og eg var derfor usikker på om eg faktisk skulle ta med denne. Likevel tok eg med to bilete i bilet-testen som kunne lokka fram eit visst grunnlag for å seia noko om hokjønnsbøying av adjektiv. Det eine var eit bilete med to esker, der ei var stor og ei var lita, og det andre var eit bilete av ei open bok. Då kan eg stilla leiande spørsmål for å få fram det eg er ute etter, men derfor er eg òg redd for at grunnlaget skal vera lite påliteleg.

Her skulle eg gjerne ha teke med fleire adjektiv som tradisjonelt har hatt skilje mellom hankjønns- og hokjønnsform i jærmålet, til dømes *naken* (nagen/nagå), *skiten* (skjeden/skjedå) og *sliten* (sleden/sledå), men for å gjera det enklast mogleg valte eg adjektiv ord som er relativt høgfrekvente i daglegtalet, nemleg *liten* (liden/lidå) og *open* (åben/åbå). Det som er interessant med desse adjektiva, er at det berre er *liten* som har hokjønnsform i normert nynorsk, og eg trur at det berre er dette adjektivet som framleis får hokjønnsform i nyare Bryne-mål, men då berre i attributiv stilling. I tabellen nedanfor har eg lista opp dei to utvalde adjektiva med døme på frasar med både hokjønns- og hankjønnsform.

Nynorsk	Døme på frase med hokjønnsform	Døme på frase med hankjønnsform
liten (m.)	<i>ei lidå eska</i>	<i>ei liden eska</i>
lita (f.)	<i>ei eska som e lidå</i>	<i>ei eska som e liden</i>
open (m. og f.)	<i>ei åbå bog</i> <i>ei bog som e åbå</i>	<i>ei åben bok</i> <i>ei bog som e åpen</i>

Tabell 15: Hokjønnsformer av adjektiv som vert undersøkt.

#### 4.1.12 Variabel 12: Eit utval enkeltord

Denne språklege variabelen listar eg berre opp som ein enkel variabel, ettersom eg meiner det er lite formålstenleg å greia ut om kvart ord. I staden har eg lista dei opp i tabellen nedanfor. Orda til venstre har eg valt å kalla tradisjonelle variantar, mens orda til høgre har eg valt å kalla ikkje-tradisjonelle variantar.

Tradisjonell variant (som kan samsvara med nynorsk)	Ikkje-tradisjonell variant (som kan samsvara med bokmål)
bu	bo
eda	spisa
frå	fra
heim	hjem
sju	syv
sjå	se
skule	skole
svolten	sulten
tru	tro
vatn	vann

**Tabell 16: Eit utval enkeltord som vert undersøkt.**

Desse orda kan eigentleg plasserast i motsetnadsforholdet mellom norsk/nynorsk og dansk/bokmål. Dei tradisjonelle jærske variantane samsvarar ofte med nynorskvariantane, mens dei ikkje-tradisjonelle variantane ofte samsvarar med bokmål, som har sitt utgangspunkt i dansk skriftspråk.

Mange av desse orda er såpass høgfrekvente i daglegtalen at eg vil få god dekning for dei i løpet av intervjuet, men for å sikra meg har eg lagt til eitt av desse i bilet-testen. I biletet som skal dekkja variabelen *gadm/garn*, er det sju garnnøste. Når eg då spør om kor mange garnnøste som er på bilete, vil informantane svara *sju* eller *syv*. I intervjuguiden er mat eitt av temaa, og då kan eg stilla leiande spørsmål som kan gje dekning for *eda/spisa*, *svolten/sulten* og *vatn/vann*.

## 4.2 Hypotesar

På førehand har eg sjølvsagt gjort meg opp nokre tankar om kva eg forventar å finna i undersøkinga mi. Desse hypotesane er for det meste baserte på dei endringstendensane som er dokumenterte i sosiolingvistiske undersøkingar av andre norske bymål, men òg språkdrag eg har plukka opp frå samtalar med ungdom frå Jæren. Som nemnt arbeider eg på ein vidaregåande skule i Sandnes, så eg snakkar mykje med ungdom, spesielt frå Sandnes og Gjesdal, men òg frå Klepp, Time og Hå. Derfor meiner eg at eg har eit relativt greitt oversyn

over dei endringstendensane som er på gang i fleire jærskje talemål, utan at eg på nokon måte har gjennomført nokre grundige analysar. I grove trekk trur eg at eg vil finna ein del endringar som indikerer ei regionalisering eller standardisering av Bryne-målet, men at ein del tradisjonelle jærskje markørar framleis står sterkt. Eg trur det er viktig for Bryne-ungdommen å vera moderne og urbane, men at dei ikkje vil høyrast ut som dei kjem frå Sandnes eller Stavanger. Så kan det vera at hypotesane mine er heilt feil, noko eg naturlegvis må vera open for.

### 4.2.1 Fonologiske endringar

Både Sandvik (1979: 51) og Time (1973: 50) spår samanfall mellom /e:/ og /æ:/ i jærdialekta på lengre sikt, slik me har sett i fleire av dei nord-jærskje talemåla. Sandvik peiker mellom anna på at dei korte vokalane /e/ og /æ/ allereie har falt saman i jærdialekta (1979: 53), og han spår derfor at det same vil skje med /æ:/ og /e:/. Eg trur likevel at dette er eit språkdrag som framleis står sterkt på Jæren, inkludert på Bryne, og at det å nytta til dømes *æg* i staden for *eg* som fyrste person personleg pronomen er ein viktig identitetsmarkør for Bryne-ungdommen. Så kan det sjølvsagt vera at /æ:/ har gått over til /e:/ i nokre ord som tradisjonelt har hatt lang æ-lyd. Til dømes kan det vera at dei framleis seier *æg* og *mæg*, men at dei har gått over til å seia *lesing* og *trening* i staden for *læsing* og *træning*. Likevel forventar eg å finna høgfrekvent bruk av /æ:/ i fleire ord som tradisjonelt har hatt dette fonemet i jærdialekta.

Eit område der eg ventar å finna endringstendensar, er i kvaliteten av diftongen /au/. Her trur eg det skjer to endringar. For det fyrste tur trur eg ord som har vorte monoftongert i mange andre norske talemål, som til dømes *graud* og *haust*, er vorte monoftongerte òg i Bryne-målet. Derfor forventar eg no å høyra *grød* og *høst* i staden for. For det andre trur eg diftongkvaliteten i dei orda som framleis har diftong, som til dømes *haug*, *sau* og *tau*, er i ferd med å endra seg. Den «breie» uttalen av diftongen [au] har lenge vore eit kjenneteikn på jærsk (Sandvik, 1979: 57), men eg trur uttalen er i ferd med å verta trongare, og at han går meir mot [œu], slik som i Sandnes-målet.

Når det gjeld svarabhaktivokalen, har eg registrert at fleire og fleire ungdommar frå Sandnes og Gjesdal uttaler eintalsadjektiv utan svarabhaktivokal. Som nemnt i del 4.1.3 viste ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet på Sandnes (Ims, 2010) at svarabhaktivokalen heldt seg godt i Sandnes-målet, og at han vart like mykje brukt i Sandnes som i Stavanger og på

Sør-Jæren. No er det godt over 10 år sidan denne undersøkinga vart gjennomført, så dette kan sjølvsagt ha endra seg sidan då. Likevel trur eg, trass i at eg høyrer denne vokalen sjeldnare hjå Sandnes- og Gjesdal-ungdommen, at svarabhaktivokalen framleis vert uttala i utlyd i eintalsadjektiv hjå Bryne-ungdommen.

Vidare trur eg at differensiering, og til ein viss grad segmentering, er på veg vekk frå Bryne-målet. Til dømes trur eg at dei differensierte formene *badn*, *gadn* og *kodn* no har fått dei normaliserte formene *barn*, *garn* og *korn*. Grunnen til at eg skriv «til ein viss grad» føre segmentering, er at eg trur segmenterte former i utgangspunktet er på veg vekk, men at eg her vil finna inkonsekvent bruk. Eg vert ikkje overraska om til dømes *fjedl* og *steidn* har fått normaliserte former, men eg vert overraska om Bryne-ungdommen seier *folle* og *ville* i staden for *fodle* og *vidle*. I morfologien ser me at sterk bøyning av verb og substantiv ofte held seg betre i høgfrekvente ord (Torp og Vikør, 2003: 22–23), og den førebelse hypotesen min her er at segmenterte former held seg betre i meir høgfrekvente ord. Dette inneber sjølvsagt at *fodle* og *vidle* faktisk er meir høgfrekvente enn *fjedl* og *steidn*, noko eg eigentleg ikkje har eit godt grunnlag for å påstå. Likevel har eg ein mistanke om at Bryne-ungdommen, og sikkert ungdom elles i landet òg, oftare snakkar om å vera fulle eller ville enn dei snakkar om fjell og stein. Fleirtalsdeterminativet *alle* er eg likevel meir usikker på. Det er eit relativt høgfrekvent ord, så det kan godt vera *adle* framleis vert nytta, men det er ingen tvil om at dette er noko som må undersøkjast nærmare.

Som nemnt i del 4.1.5 viser nyare granskingar av Stavanger-målet (Aasen, 2011; Johannessen, 2020) viser at *b*, *d*, *g* for *p*, *t*, *k* i inter- og postvokalisk stilling kan vera på retur blant yngre språkbrukarar i Stavanger. Eg har òg høyrte liknande tendensar hjå Sandnes-ungdommen, og derfor meiner eg det er interessant å undersøkja om dette er ei utvikling som òg har nådd Bryne. I utgangspunktet trur eg dei blaute konsonantane held seg godt i Bryne-målet, men eg vert ikkje overraska om eg finn noko inkonsekvens her, til dømes at dei seier *bog* i ein setning, men *bokmål* i den neste. Eg har ein hypotese om at tradisjonelle dialekttrekk generelt held seg dårlegare i samansette ord, men eg har ikkje funne noko om dette i andre kjelder. Derfor skal det verta interessant å sjå om dette er eit dialekttrekk som held seg i samansettingar.

Samanfallet mellom fonema /ç/ og /ʃ/ er godt dokumentert i undersøkingar av andre bymål, og eg reknar med at eg vil finna den same utviklinga i Bryne-målet. Sidan dette er ei utvikling

me ser i urbane talemål over heile landet, er det kanskje ikkje eit poeng å ta med denne variabelen, men eg meiner han må med uansett, for det viser seg å vera eit typisk urbaniseringstrekk, og då særleg blant yngre språkbrukarar.

#### 4.2.2 Morfologiske endringar

Den fyrste morfologiske variabelen i granskinga mi, infinitivsending, er ein variabel der eg ikkje forventar å finna endringar. Sjølv om nyare granskingar av Stavanger-målet, til dømes Aasen (2011) og Johannessen (2020), rapporterer om auka bruk av -e som infinitivsmorfem blant yngre språkbrukarar i Stavanger, har eg lite tru på at eg vil finna ei liknande utvikling på Bryne. Det kan sjølvsagt vera at denne hypotesen er feil, og at eg vil finna døme på bruk av e-infinitiv. I alle høve er dette ein variabel som må undersøkjast.

Der eg derimot trur eg vil finna endringar, er i presensformene av enkelte verb, som til dømes *å dra*, *å koma* og *å ta*. I jærdialekta har desse verba tradisjonelt hatt omlyd i presens, og eg trur dei tradisjonelle formene *dræge*, *kjæme* og *tæge* har gått over til *drar*, *komme* og *tar* i yngre Bryne-mål. Eit anna kjenneteikn på sør-jærske talemål er at verbet *å ha* vert *he* i presens, men også her trur eg Bryne-ungdommen har gått over til ei enklare og meir regelrett form, nemleg *har*. I tillegg trur eg dei tradisjonelle perfektum partisippformene *gjee*, *sleie* og *stande* har vorte erstatta av *gått*, *slått* og *stått*. Kort samanfatta trur eg yngre Bryne-mål har gått over til eit enklare bøyingsystem i dei verba skal undersøkjast, og at spesielt presens- og perfektum partisippformene i større grad samsvarar med bøyingsmønster i svake verb.

Når det gjeld fleirtals-r i ubunden fleirtalsform av hankjønns- og hokjønnsord, er det interessant å sjå om dette målmerket no har spreidd seg så langt sør som til Bryne, spesielt sidan både Time (1973: 85) og Sandvik (1979: 81–82) omtalte dette som eit ekspansivt målmerke. I utgangspunktet trur eg ikkje fleirtals-r-en har nådd Bryne-målet, men det er i alle høve ein variabel som må undersøkjast nærmare.

I adjektivbøyinga er eg, som nemnt i del 4.1.11, mest interessert i å sjå om Bryne-dialekta framleis har samsvarbøying med hokjønnsord i attributiv stilling i substantivfrasar (*ei lidå jenta*) og i predikativ stilling (*jentå æ lidå*). I Sandvik (1979: 107–108) sin rapport kjem det fram at hokjønnsendinga -å er i ferd med å verta bytta ut med hankjønnsendinga -en, særleg i predikativ stilling, og at dette på den tida ikkje var noko nytt i Stavanger-målet. Vidare hevdar

han at det er ein liknande tendens i bygdemåla, der hokjønnsendinga held seg i attributiv stilling, men vert trengd vekk av hankjønnsendinga i predikativ stilling. No trur eg at hokjønnsendinga -å for lengst er trengd vekk av -en i predikativ stilling i Bryne-målet, og at hokjønnsendinga i somme adjektiv òg er trengd vekk i attributiv stilling. Til dømes kan det tenkjast at Bryne-ungdommen framleis seier *ei lidå jenta*, men at dei kanskje òg seier *ei åben bog*. Med andre ord trur eg at eg vil finna inkonsekvent bruk av å-ending i adjektiv, men at hankjønnsendinga på sikt vil trengja vekk hokjønnsendinga.

### 4.2.3 Eit utval enkeltord

Denne variabelen er basert på eit utval enkeltord der dei tradisjonelle jærskje variantane ofte samsvarar med nynorsk, mens dei ikkje-tradisjonelle variantane, som eg vil seia er typisk «stavangerske», ofte samsvarar med bokmål. Sidan eg er oppvaksen i Sandnes, er eg vant med å høyra ei god blanding mellom såkalla tradisjonelle og ikkje-tradisjonelle variantar, og eg mistenkjer at denne blandinga no har kome til Bryne. Her er det vanskeleg å koma med konkrete hypotesar, men kort samanfatta trur eg at Bryne-ungdommen ikkje lenger berre nyttar dei tradisjonelle variantane.

### 4.2.4 Generelle tendensar og påverknadsfaktorar

Dei generelle endringstendensane i norske talemål er at dei vert likare kvarandre. Mange tradisjonelle variantar er på veg vekk til fordel for meir standardiserte variantar. Eg trur den same utviklinga er i gang på Bryne, særleg blant yngre språkbrukarar, og at Bryne-målet vert likare Sandnes- og Stavanger-måla. Mange av endringane trur eg vil kunna karakteriserast som språklege forenklingar, spesielt dei morfologiske endringane, som til dømes at fleire sterke verb får svak bøyning, og at hokjønnsending i adjektiv vert erstatta av hankjønnsending. Ifølgje Peter Trudgill (2011: 40) er språkleg forenkling eit resultat av auka språkkontakt mellom vaksne språkbrukarar, og eg trur den auka kontakten mellom Bryne, Sandnes og Stavanger dei siste tiåra er ein del av forklaringa bak dei moglege språkendingane på Bryne.

## 5. METODE

I denne bolken skal eg fyrst gjera greie for metodeomgrepet, samt kvantitativ og kvalitativ metode. Deretter gjer eg greie for datainnsamlingsprosessen og drøftar dei metodiske vala eg har teke i arbeidet med denne undersøkinga. Til slutt kjem ein gjennomgang av korleis eg arbeida med og analyserte det innsamla materialet.

### 5.1 Metodeomgrepet

Når me snakkar om «metode», snakkar me om ulike framgangsmåtar for å samla inn empiri, eller det Dag Ingvar Jacobsen (2015: 13) kallar informasjon om verkelegheita. Metoden me nyttar for å samla inn denne informasjonen, vert då eit hjelpemiddel for å kunne gje ei skildring av verkelegheita. Problemet, ifølgje Jacobsen (2015: 21), er at det finst ei monaleg usemje om kva verkelegheit, eller sanning, eigentleg er. Derfor vil forskaren si eiga oppfatning av verkelegheita ha mykje å seia for dei forskingsspora som vert stilte, noko som igjen påverkar valet av metode. Alternativt kan formuleringa av forskingsspora og valet av metode forma kva slags informasjon som vert samla inn, som igjen kan påverka korleis verkelegheita viser seg og korleis forskaren oppfattar ho. I utarbeidinga av eit forskingsprosjekt som dette må ein som språkforskar ta ei rekkje val, mellom anna korleis ein skal samla inn informasjon, og korleis ein skal handtera og analysere informasjonen som er samla inn.

Når det gjeld sosiolingvistisk metode, handlar dei metodiske vala i stor grad om å foreta formålstenlege avgjersler og avgrensingar, og vala står ofte mellom ei rekkje alternative framgangsmåtar. Sidan det finst så mange ulike framgangsmåtar og ulike praksisar mellom dei ulike sosiolingvistiske tradisjonane, kan ein, ifølgje Akselberg og Mæhlum (i Mæhlum et al, 2008: 75), koma langt med bruk av sunn fornuft og kreativitet i val av metode. Vidare seier dei at sosiolingvistikken er ein tverrvitskapleg disiplin, kor mange delar av metodikken er henta frå sosiologi og sosialantropologi, og at det er fullt mogleg å introdusere nye problemstillingar og metodar for innsamling og analyse av informasjon.

Sjølv om ein i sosiolingvistikken kan vera både kreativ og nytenkjande i val av metode, finst det likevel to grunnleggjande krav som må liggja til grunn for ei vitskapleg undersøking. Det fyrste er den innsamla informasjonen sin *reliabilitet*, eller pålitelegskap, som er ei nemning



for nøyaktigheita i korleis informasjonen er samla inn. Dersom innsamlingsprosessen har vore unøyaktig, kan den innsamla informasjon gje eit ukorrekt bilete av det me ynskjer å undersøkje. Det andre kravet gjeld den innsamla informasjonen sin *validitet*, eller gyldigheit, som handlar om kor vidt den innsamla informasjonen faktisk er relevant for problemstillinga i undersøkinga. Dette kan til dømes dreia seg om kva slags spørsmål ein stiller informantutvalet eller korleis ein klassifiserer dei i ulike sosiale grupper (Mæhlum et al, 2008: 75–76).

### 5.1.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Innanfor vitenskapleg metode skil ein hovudsakleg mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kort forklart er kvalitative undersøkingar på jakt etter djupare innsikt og forståing av samanhengar innan det emnet som vert forska på, mens kvantitative undersøkingar er på jakt etter tal og statistikk som gjev eit breitt oversyn. Kvalitative undersøkingar har som regel få informantar, og resultatata i ei slik undersøking er derfor statistisk sett ikkje moglege å generalisera. Det kan derfor vera vanskeleg å vurdere om funna er representative eller ikkje. På den andre sida har kvantitative undersøkingar relativt mange informantar, noko som gjer at resultatata i større grad kan generaliserast og derfor vurderast som representative.

I sosiolingvistiske undersøkingar vert kvalitativ metode vanlegvis nytta for å oppnå større forståing av samhengane mellom språket og språkbrukarane, og det er gjerne fokus på språkbrukarane sine eigne subjektive opplevingar og tolkingar av verda og språksamfunnet omkring seg. Slike kvalitative undersøkingar er individorienterte, og resultatata er derfor nødvendigvis ikkje representative for språksituasjonen i eit særskild område. Likevel er den kunnskapen som kjem fram, like relevant og viktig, ettersom han synleggjer kva slags psykologiske mekanismar som kan vera avgjerande for eit enkeltindivid si språklege åtferd (Mæhlum et al., 2008: 78).

Kvantitativ metode vert vanlegvis nytta dersom ein ynskjer å skaffa seg ei form for oversikt over språksituasjonen i eit særskilt område. I ei slik undersøking bør resultatata statistisk sett vera mest mogleg representative for heile det språksamfunnet som vert undersøkt. Derfor er informantutvalet i kvantitative undersøkingar relativt stort, og det er ofte fokus på såkalla objektive sosiale variablar, som til dømes kjønn, alder og yrke. Resultatata frå ei slik undersøking kan danna grunnlaget for statistikk, og dei kan òg seiast å vera gyldige ut over dei individa som faktisk deltok i undersøkinga (Mæhlum et al., 2008: 77).

Sjølv om ein ofte opererer med dette skiljet mellom kvalitativ og kvantitativ metode, er det ikkje nødvendigvis slik at det finst ei absolutt og eintydig motsetjing mellom dei to metodane. Ifølgje Akselberg og Mæhlum (i Mæhlum et al., 2008: 78) er det i praksis ofte flytande overgangar mellom kva som kan kallast kvalitativt og kva som kan kallast kvantitativt. Dessutan kan ein i éi og same undersøking nytta både kvalitative og kvantitative del-metodar. Då vil ein kanskje få klargjort fleire sider av problemstillinga på ein meir heilskapleg måte. Det viktigaste er uansett at ein vel den eller dei metodane som er mest mogleg formålstenlege ut ifrå kva ein ynskjer å finna ut av.

I mi eiga undersøking av talemålet på Bryne har eg hovudsakleg nytta to metodar for å samla inn informasjon: samtaleintervju og bilet-test. Desse metodane gjer eg ytterlegare greie for i del 4.3.2 og 4.3.3. Formålet med undersøkinga har vore å finna ut i kor stor grad bystatusen har påverka talemålet på Bryne, og om me kan sjå konturane av ei slags dialektnivellering som fører yngre Bryne-mål nærmare dei andre bymåla i nærleiken, i hovudsak Sandnes- og Stavanger-mål. For å finna ut dette har eg fyrst lista opp ei avgrensa rekkje språklege variablar som eg skal undersøkje. Desse variablane kan teljast opp og setjast inn i ein tabell, så akkurat denne delen av undersøkinga er kvantitativ, men ettersom undersøkinga har relativt få informantar, er det vanskeleg å seia om akkurat det eg finn her, faktisk er representativt for det heilskaplege biletet av yngre Bryne-mål. Det sosiolingvistiske djupneintervjuet har både kvalitative og kvantitative trekk, ettersom nokre av spørsmåla er på jakt etter kvalitative samanhengar mellom informantane og språkbruken deira, mens eg òg kan trekkja ut konkrete språktrekk frå samtalan og lista dei opp i ein kvantitativ tabell. Bilet-testen er reint kvantitativ, for her er eg ute etter heilt konkrete språktrekk som enkelt kan kvantifiserast. Sjå del 5.2.5 for ei ytterlegare drøfting av dei metodiske vala i undersøkinga.

## 5.2 Innsamling av data

I denne delen skal eg gjera greie for datainnsamlingsprosessen. Fyrst skal eg seia litt om informantane i undersøkinga og forklara kva for nokre kriterium som låg til grunn for utveljinga av dei. Deretter skal eg drøfta dei metodiske vala eg tok undervegs i prosessen. Til slutt presenterer eg dei konkrete sosiolingvistiske metodane eg nytta for å samla inn relevant data til undersøkinga.

### 5.2.1 Informantane

Når ein skal finna informantar til ei talemålsgransking, må utveljinga gjerast på bakgrunn av det ein ynskjer å finna ut av. Formålet med denne granskinga er å finna ut korleis bystatusen har påverka talemålet på Bryne, og då er jo det fyrste kriteriet at informantane må snakka Bryne-dialekt. I denne delen av utveljinga var geografisk tilhøyrse ein avgjerande sosial variabel. Derfor var det eit krav at informantane må ha budd på Bryne heile livet. I tillegg måtte minst éin av foreldra vera frå Bryne. Då kunne eg vera relativt sikker på at talemålet deira var minst mogleg påverka av andre talemål og derfor representativt for Bryne-målet.

Det neste var å finna ut kor mange informantar eg skulle velja og korleis kjønnsfordelinga skulle vera. Ettersom dette er ei gransking som ikkje berre skal kvantifisera språklege variablar, landa eg på totalt fire informantar med lik fordeling mellom kjønna. Alle informantane er fødte i 2003, og om ein samanliknar med informantutvalet i Tor Time si undersøking frå 1973, var dei yngste informantane hans fødte i 1956, noko som gjev eit aldersspenn på nesten 50 år. Sidan eitt av forskingsspørsmåla mine går ut på å finna ut korleis Bryne-målet har endra seg i forhold til tidlegare generasjonar, måtte eg samanlikna talemålet til mine eigne informantar med dei yngste informantane til Time. Alder vert då ein sentral sosial variabel for å finna ut av dette spørsmålet.

For å få tak i informantar tok eg kontakt med lærarkollegaar på Bryne vidaregåande skule. Eg sendte ein e-post til tre forskjellige norsklærarar som underviser på Vg3, der eg fyrst presenterte prosjektet mitt, før eg spurte om dei hadde elevar frå Bryne som kunne tenkja seg å vera med i ei talemålsundersøking. I tillegg opplyste eg om kriteria for å vera med. Etter ei stund fekk eg svar, og det viste seg å vera relativt få som oppfylte kriteria og som kunne tenkja seg å vera med i undersøkinga. I tre Vg3-klassar var det faktisk berre fire personar, to gutar og to jenter, som oppfylte kriteria og som var interesserte, men det var tilstrekkeleg. Eg fekk namnet til elevane, slik at eg kunne kontakta dei på Microsoft Teams. For å vera heilt sikker på at dei faktisk møtte kriteria, stilte eg dei følgjande spørsmål då eg tok kontakt:

1. Er du over 18 år?
2. Er du frå Bryne, og har budd på Bryne heile livet?
3. Har du minst éin forelder som òg er frå Bryne, og som snakkar Bryne-dialekt?

Kort tid etter fekk eg bekræfta frå informantane at dei møtte kriteria, og då skreiv eg til dei at eg måtte ordna med samtykkeskjema fyrst, og så skulle eg ta kontakt igjen seinare med meir informasjon. I mellomtida laga eg samtykkeskjemaet (vedlegg 1) og søkte godkjenning frå NSD (Norsk senter for forskingsdata) for å kunna gjennomføra undersøkinga. Etter nokre veker godkjente NSD prosjektet, og eg tok kontakt med informantane igjen. Denne gongen sendte eg dei samtykkeskjemaet og bad dei om lesa gjennom det, slik at dei kunne skriva under når me treftest for å gjennomføra intervju.

### 5.2.2 Sosiolingvistisk djupneintervju

Sidan målet var å få informantane til å snakka mest mogleg uformelt og kvardagsleg, hadde eg på førehand førebudd ein intervjuguide (vedlegg 2), som skulle vera rettleiande for dei spørsmåla eg stilte. Her var det viktigaste å få informantane til å snakka, så eg heldt meg ikkje slavisk til denne intervjuguiden. Om dei sa noko som kunne vera interessant å høyra meir om, bad eg dei gjerne om å utdjupa, eller så kunne eg stilla oppfølgingsspørsmål som ikkje stod i intervjuguiden. Intervjuguiden var ikkje berre utforma med det formålet å kvantifisera variablane mine, men eg var òg interessert i å høyra deira meiningar om staden Bryne, Bryne-målet, og dei andre jærsketalemåla. Derfor var spørsmåla frå temaa *miljø*, *bystatus*, *oppvekst* og *språk og haldningar til språk* dei eg var mest interessert i reint innhaldsmessig.

Andre tema i intervjuguiden valde eg med tanke på å få dekning for flest mogleg av variablane mine. Temaet *årstider* valde eg å ha med fordi eg då kunne stilla spørsmål som gav dekning for om dei sa *haust* eller *høst*, og temaet *mat* valde eg å ha med fordi då kunne eg få dekning for om dei sa *graud* eller *grød*. Eg visste at Bryne vidaregåande skule serverer gratis havregraut kvar morgon, så då var det enkelt å stilla eit oppfølgingsspørsmål av typen «Har dei eit gratis mattilbod her på skulen?» Dei fleste andre kategoriane i intervjuguiden hadde eg med fyrst og fremst for å få informantane i tale, for eg visste at eg ville få brei dekning for mange av variablane frå ordinære samtalar åleine.

Noko eg var litt spent på i forkant av intervjuet, var om informantane ville verta påverka av min måte å snakka på. Eg snakkar vanlegvis ei nokså brei Sandnes-dialekt med bruk av mange tradisjonelle former, men eg veit at eg sjølv kan leggja om dersom eg snakkar med folk frå Jæren. Til dømes seier eg *eg* òg til vanleg, men eg kan fort leggja om til *æg* *au* når eg snakkar med mor eller mormor. Derfor lurte eg på om eg burde snakka mest mogleg jærsk når

eg snakka med informantane, eller om eg skulle prøva å halda mest mogleg på Sandnes-dialekta. Begge alternativ kunne potensielt ha påverknad på informantane sitt talemål, så eg valde å ikkje tenkja så mykje på det og heller snakka på den måten som verka mest naturleg i dei gitte situasjonane, i håp om at informantane skulle gjera det same.

### 5.2.3 Bilet-test

Etter djupneintervjuet nytta eg ein såkalla bilet-test for å sikra at eg fekk dekning for alle variablane mine. Eg visste at eg ville få brei dekning for variabel 3 (svarabhaktivokal), variabel 7 (infinitivsending) og variabel 10 (fleirtals-r) i løpet av intervjuet. Mange av dei andre variablane var eg òg relativt trygg på at eg ville få dekning for, men eg nytta denne bilet-testen som ein ekstra sikkerheit. Det var særleg variabel 2 (diftongen /au/) og variabel 4 (differensiering og segmentering) eg var utrygg på, så derfor inneheldt bilet-testen relativt mange bilete som skulle gje dekning for desse to variablane.

I tillegg inneheld bilet-testen to bilete som skal gje dekning for variabel 11 (hokjønnsbøying av adjektiv). Det eine biletet viser to esker av forskjellig storleik, så då kan eg stilla leiande spørsmål for å få fram om informantane nyttar hokjønnsforma *lita* (utt. /<sup>2</sup>li:do/), både i attributiv stilling (ei lita eske) og predikativ stilling (ei eske som er lita). Den andre biletet viser ei open bok, så her gjeld same prinsippet, nemleg å stilla leiande spørsmål for å fram om informantane nyttar den tradisjonelle hokjønnsforma *opa* (utt. /<sup>2</sup>o:bo/) eller om dei nyttar hankjønnsforma *open* (utt. /<sup>2</sup>o:ben/). Som nemnt i del 4.1.11 skulle eg gjerne ha teke med enda fleire adjektiv som tradisjonelt har skilje mellom hankjønns- og hokjønnsform, men sidan desse er relativt lågfrekvente i talemålet, heldt eg meg til desse to.

### 5.2.4 Sjølvrapportering

For å få dekning for variabel 8 (omlyd i presensverb) og variabel 9 (perfektum partisippformer) spurte eg informantane om korleis dei ville ha bøygd desse verba på si dialekt. Ein del av desse verba, særleg presensformene av *ha* og *koma*, er såpass høgfrekvente at eg reknar med å få brei dekning for dei under sjølve samtaleintervjua, men eg vel å spørja om desse saman med alle dei andre verba i variabel 8 og 9. Hypotesane mine når det gjeld desse variablane, er at det vil vera flest førekomstar av moderne språkdrag, som vil seia presensformer utan omlyd og perfektum partisippformer som er einstava og meir regelrette. Derfor kjem eg moglegvis til å stilla oppfølgingsspørsmål for å høyra om dei kunne ha nytta

dei tradisjonelle formene. Dersom ingen av dei prøver å «lyga på seg» bruk av tradisjonelle former, vil eg vurdera sjølvrapporteringa som truverdig.

Som nemnt under del 4.1.4 er eg usikker på om informantane kjem til å nytta former av adjektiva *full* og *vill* under samtalanene. For å få dekning for desse kjem eg derfor til å stilla spørsmål som «Kva kallar du ei flaske som ikkje er tom?» og «Kva kallar du dyr som ikkje er tamme?» Dersom dei nyttar dei assimilererte formene /<sup>1</sup>fule/ og /<sup>2</sup>vile/, kjem eg til å spørja dei om dei kunne ha nytta dei segmenterte formene /<sup>1</sup>fudle/ og /<sup>2</sup>vidle/. Dette er to av orda der eg trur det framleis finst restar av segmentering, så eg meiner desse er viktige å få dekning for.

### 5.2.5 Drøfting av metodiske val

Som nemnt i del 5.2.1 er talet på informantar berre fire, og det vert derfor vanskeleg å konkludera med i kor stor grad funna mine er representative for det heilskaplege biletet av yngre Bryne-mål. Likevel meiner eg at funna mine uansett vil seia noko om språksituasjonen på Bryne i dag, og berre det er interessant i seg sjølv. I tillegg kan sjølve innhaldet i intervjuet gje større innsikt i og forståing av samanhengane mellom informantane og språkbruken deira, og ikkje minst kan dei synleggjera dei psykologiske mekanismane som ligg bak informantane sin språkbruk.

Ifølgje Martin Skjeggeland (2009: 123) er eit mål for sosiolingvistikken «å finna ut korleis folk talar når dei er i naturlege, daglegdagse situasjonar.» Vidare seier han at dette ikkje alltid er like enkelt å få til, ettersom mange kan tilpassa språket sitt når eit framand individ deltek i kommunikasjonssituasjonen. Om ein i tillegg plasserer opptaksutstyr føre intervjuobjektet, kan det gjera det vanskelegare å skapa naturlege og daglegdagse samtalsituasjonar. Dette var noko eg måtte vera merksam på, så eg valde å nytta ein kondensatormikrofon for å ta opp samtalanene. Ein kondensatormikrofon skil seg frå ein dynamisk mikrofon med at han ikkje er avhengig av å vera plassert nær lyd kjelda, som i dette tilfellet var informantane og stemmane deira. Sidan ein kondensatormikrofon krev fantomspenning<sup>13</sup>, kan han ikkje koplatt rett i datamaskinen sin mikrofoninngang, så derfor måtte eg kopla til eit eksternt USB-lydkort. Opphavleg hadde eg tenkt å nytta eit profesjonelt studioprogram for å spela inn opptaka, men

---

<sup>13</sup> Fantomspenning er ein måte å forsyne kondensatormikrofonar med straum. Kondensatormikrofonen har ein innebygd forsterkar i mikrofonhuset, som får straumforsyning frå lydkortet via ein XLR-kabel.

sidan eg ikkje var avhengig av å redigera opptaka i særleg stor grad, valde eg heller å lasta ned gratisprogrammet Audacity.

Det å få informanten til å bruka språket som om språkforskaren ikkje er til stades, vert av William Labov kalla «observatørens paradoks» (Labov, 1972, i Skjekkeland, *ibid*). Derfor finst det kanskje ikkje ein ideell metode for å undersøka det ein ynskjer å undersøka. Skjekkeland seier at ein bør prøva å gjera omgjevnadane så heimlege og uformelle som mogleg, og at opptaka ideelt sett bør gjerast heime i stova hjå informantane. Likevel kan eit rom på skulen fungera like så godt dersom informantane er skuleelevar. Derfor bestemte eg at intervjuet i denne undersøkinga skulle gjerast i eit grupperom på Bryne vidaregåande skule.

## 5.3 Arbeid med det innsamla materialet

Lengda på opptaka varierte noko frå informant til informant. Det kortaste intervjuet var på litt over 35 minutt, mens det lengste intervjuet var på rett under halvannan time. Det som gjorde størst utslag i den totale lengda på intervjuet, var kor utfyllande svara i det sosiolingvistiske djupneintervjuet var. Under denne delen av intervjuet var det nokon som hadde meir på hjartet enn andre, men det var ikkje vanskeleg å få nokon av informantane i snakk. Under bilet-testen svarte alle omtrent like kjapt, men under nokre av bileta måtte eg spørja etter synonym eller stilla andre leiande spørsmål for å få tak i dei formene eg var ute etter. Totalt var det innsamla lydmaterial på om lag tre timar og 20 minutt.

### 5.3.1 Arbeid med intervjuet

Før eg starta arbeidet med å analysa intervjuet, laga eg tabellar med oversikt over dei språklege variablane. Desse tabellane var ordna etter fonologiske og morfologiske variablar, samt ein tabell med eit utval enkeltord, og kvar einskilde variabel hadde kvar si rad med to kolonnar: ei kolonne for såkalla tradisjonelle språkdrag, og ei kolonne for såkalla moderne eller ikkje-tradisjonelle språkdrag. I nokre av kolonnane hadde eg på førehand skrive inn einskilde ord eller former eg var på jakt etter, så då var det berre å kvantifisera dei. Variablane i enkelte andre kolonnar tok føre seg ord som er såpass høgfrequente at eg let dei stå tomme, slik at eg kunne fylla inn døme på ord undervegs. Grunnane til dette utdjupear eg meir i del 6.1.

Deretter skreiv eg ut fire eksemplar av dei komplette tabellane, slik at eg hadde ein tabell for kvar informant. Mens eg hørte gjennom intervju, sat eg med tabellane føre meg og noterte alt som var av interesse i høve til variablane. Mellom anna noterte eg ned alle infinitivsverb, alle adjektiv med svarabhaktivokal og alle ord med leniserte plosivar. Enkelte delar av opptaka måtte eg høyra gjennom fleire gonger, og eg måtte heile tida ha dei ulike variablane i bakhovudet mens eg hørte gjennom intervju. Derfor tok dette arbeidet sær lang tid. For at dette arbeidet skulle vera ein litt mindre tidkrevjande prosess, bestemte eg meg for at eg ikkje skulle kvantifisera førekomstane av alle variablane. Som nemnt inneheld ein del av variablane ord og former som er såpass høgfrequente at det vil ta altfor lang tid å kvantifisera dei, og det å kvantifisera desse er heller ikkje nødvendig for å svara på problemstillinga mi. Derfor har eg delt variablane mine i to bolkar, som eg har lista opp i tabellen nedanfor.

<b>Variablar som ikkje vert kvantifiserte</b>	<b>Variablar som vert kvantifiserte</b>
Variabel 1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/	Variabel 2: Diftongen /au/
Variabel 3: Svarabhaktivokal	Variabel 4: Differensiering og segmentering
Variabel 5: Lenisering av plosivar	Variabel 8: Omlyd i presens av verb
Variabel 6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/	Variabel 9: Perfektum partisippformer
Variabel 7: Infinitivsending	Variabel 11: Hokjønnsadjektiv
Variabel 10: Fleirtals-r	Variabel 12: Eit utval enkeltord

**Tabell 17: Variablane inndelt i ikkje-kvantifiserte og kvantifiserte bolkar.**

### 5.3.2 Arbeid med bilet-testen og sjølvrapportering

Arbeidet med bilet-testen føregjekk omtrent på same måten som arbeidet med intervju, men dei fleste variablane eg fekk dekning for under bilet-testen, var blant dei som enkelt let seg kvantifisera. Til dømes var det fire bilete som skulle gje dekning for variabel 2 og seks bilete som skulle gje dekning for variabel 4. I tillegg skulle to av bileta gje dekning for presensforma av to av verba i variabel 8. Eg visste at eg sannsynlegvis ville få dekning for dei fleste av desse variablane under samtaleintervju, og eg hadde òg formulert spørsmål som kunne få fram nokre av desse. Derfor var moglegvis nokre av bileta i bilet-testen unødvendige, men eg valde å ha dei med likevel som ei ekstra sikkerheit. Då eg kom til den delen av intervju som tok føre seg bilet-testen, var det enkelt å notera ned dei ulike variablane i tabellane eg hadde laga.



Det same kan seiast om arbeidet med sjølvrapporteringa. Som nemnt i del 5.2.4 handla denne delen av intervjuet primært om å få dekning for einskilte verbformer, både i presens og perfektum partisipp, som eg ikkje var heilt sikker på at ville dukka opp undervegs i samtaleintervjua, og som heller ikkje let seg enkelt illustrera på eit bilete. Unntaka er presensformene av verba *dra* og *sova*, som er illustrerte på dei to fyrste bileta. Sidan sjølvrapporteringa var utført for å få dekning for heilt konkrete ord og former, var det enkelt å kvantifisera desse og føra dei inn i tabellane.

### 5.3.3 Anonymisering av informantane

Mens eg arbeidde med intervjua, måtte eg òg anonymisera informantane, slik at eg kunne presentera språkbruken deira i neste bolc. For å gjera det enkelt valde eg å gje dei tradisjonelle namn med norrønt opphav som startar på dei to fyrste bokstavane i det latinske alfabetet:

Arne	Gut, 18 år. Er frå og bur på Bryne. Har minst éin forelder som er frå Bryne.
Astrid	Jente, 18 år. Er frå og bur på Bryne. Har minst éin forelder som er frå Bryne.
Björg	Jente, 18 år. Er frå og bur på Bryne. Har minst éin forelder som er frå Bryne.
Brage	Gut, 18 år. Er frå og bur på Bryne. Har minst éin forelder som er frå Bryne.

**Tabell 18: Informasjon om informantane.**

## 6. PRESENTASJON AV RESULTAT

I denne bolken vil eg fyrst leggja fram funna som er gjort når det gjeld dei språklege variablane. Her har eg valt å nytta tabellar for dei ikkje-kvantiserte variablane og diagram for dei kvantiserte variablane. Undervegs vil eg òg kommentera resultata av dei ulike språklegevariablane. Til slutt legg eg fram resultata av dei sosiale variablane.

### 6.1 Resultat: språklege variablar

I denne delen kjem fyrst ein presentasjon av dei funna som er gjort i den kvantiserte delen av granskinga. Dei fleste språklege variablane var relativt enkle å kvantisera, anten fordi dei førekom sjeldan i løpet av samtalene, eller fordi dei berre førekom under bilet-testen. Til dømes førekom nokre av dei morfologiske variablane relativt sjeldan, mens dei fleste variablane som gjaldt diftongen /au/ (variabel 2) og differensiering og segmentering (variabel 4), stort sett førekom under bilet-testen. For å presentera desse variablane på ein mest mogleg ryddig måte har eg laga diagram som illustrerer informantane sin språkbruk.

Som nemnt i del 5.3.1 tek ein del av variablane føre seg ord som er såpass høgfekvente at det er særst lite formålstenleg å telja kvar einaste førekomst av dei. Dette gjeld variabel 1 (fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/), variabel 3 (svarabhaktivokal), variabel 5 (lenisering av plosivar), variabel 7 (infinitivsmorfem) og variabel 10 (fleirtals-r). I staden for å laga eit diagram over desse variablane har eg heller laga ei liste for å visa informantane sin språkbruk på akkurat desse områda. Noko liknande kan kanskje seiast om variabel 6 (fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/) òg, ettersom ord som *ikkje* er særst høgfekvente, men her har eg med to konkrete ord, nemleg *kjevle* og *kyrkje*, i bilet-testen. Derfor har eg laga eit diagram over orda frå bilet-testen og ein tabell over førekomstar av andre ord med kj-lyd. På eit generelt grunnlag verkar det som at Bryne-ungdommen er ganske tradisjonelle når det gjeld desse høgfekvente variablane. Unntaket er kanskje variabel 6, der det er eit relativt stort sprik mellom dei mest tradisjonelle og dei mest urbane informantane.

#### 6.1.1 Variabel 1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/

Resultata frå intervjuet viser at det lange æ-fonemet står relativt sterkt i yngre Bryne-mål. Dette er ein variabel der det er nærmast umogleg å kvantisera absolutt alle førekomstar av ord som tradisjonelt vert uttala med /æ:/ på jærsmål. Derfor har eg heller lista opp eit utval av

ord i tabellen nedanfor. I den øvste rada har eg lista opp dei mest høgfrekvente orda med /æ:/ som alle informantane nytta. Rad nummer to viser døme på ord som vart relativt mykje nytta, men som ikkje vart nytta av alle fire. I den nedste rada har eg lista opp former med /e:/, som berre to av informantane nytta. Merk at Brage si uttale av komparativadjektivet *betre* er /<sup>1</sup>bæ:dre/, mens dei tre andre seier /<sup>1</sup>bæ:re/.

Arne	Astrid	Bjørg	Brage
betre: / <sup>1</sup> bæ:re/ det: /dæ:/ eg: /æ:g/ er: /æ:/ gjer: /jæ:r/ her: /hæ:r/ kva: /kæ:/ med: /mæ:/	betre: / <sup>1</sup> bæ:re/ det: /dæ:/ eg: /æ:g/ er: /æ:/ gjer: /jæ:r/ her: /hæ:r/ kva: /kæ:/ med: /mæ:/	betre: / <sup>1</sup> bæ:re/ det: /dæ:/ eg: /æ:g/ er: /æ:/ gjer: /jæ:r/ her: /hæ:r/ kva: /kæ:/ med: /mæ:/	betre: / <sup>1</sup> bæ:dre/ det: /dæ:/ eg: /æ:g/ er: /æ:/ gjer: /jæ:r/ her: /hæ:r/ kva: /kæ:/ med: /mæ:/
ferie: / <sup>1</sup> fæ:rie/ lesa: / <sup>2</sup> læ:sa/ leste: / <sup>2</sup> læ:ste/	ferdig: / <sup>2</sup> fæ:rige/ lesa: / <sup>2</sup> læ:sa/ norgesferie: / <sup>2</sup> norgesfæ:rie/	ferie: / <sup>1</sup> fæ:rie/ trena: / <sup>2</sup> træ:na/ vera: /væ:r/	ferien: / <sup>1</sup> fæ:rien/ lærer: / <sup>2</sup> lære/ trening: / <sup>2</sup> træ:niŋ/
	drep: / <sup>1</sup> dre:be/ ferie: / <sup>1</sup> fe:rie/ kleda: / <sup>1</sup> kle:nå/ klesskapet: / <sup>1</sup> kle:skabe/ ler: /le:r/ lesa: / <sup>2</sup> le:sa/ lese: / <sup>1</sup> le:se/ lesing: / <sup>2</sup> le:siŋ/ leste: / <sup>2</sup> le:ste/		med: /me:/

Tabell 19: Ord som tradisjonelt har /æ:/ som førekom under samtalane.

Som tabellen ovanfor viser, nyttar Arne og Bjørg konsekvent /æ:/ i alle ord der Sandnes- og Stavanger-mål har /e:/ (Sandvik, 1979: 49–50). Brage har éin førekomst av langt e-fonem i preposisjonen *med*, men elles nyttar han konsekvent /æ:/, også i dei andre tilfella der han seier ordet *med*. Astrid nyttar /æ:/ i dei mest høgfrekvente orda, som til dømes *det*, *eg* og *her*. I enkelte ord har ho òg ein del førekomstar med /e:/ der Bryne-målet tradisjonelt har /æ:/, som til dømes *drep*, *kleda*, og *ler*. Desse orda vart ikkje nytta av nokon av dei andre informantane,


så her har eg ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å seia at Astrid er den einaste av dei som uttalar desse orda med /e:/. Vidare er det noko variasjon mellom /æ:/ og /e:/ i enkelte ord; mellom anna førekjem verbet *lesa* både som /<sup>2</sup>læ:sa/ og /<sup>2</sup>le:sa/. Av andre høgfrekvente ord dukkar òg objektsforma av pronomenet *eg* opp i løpet av alle samtaleintervjua, men det dukkar oftast opp i trykklett stilling og vert då uttala [mæg]. Astrid og Bjørg er dei einaste av informantane som nyttar dette pronomenet i trykksterk stilling, og deira uttale er då heilt tydeleg /mæ:g/.

Elles er det interessant at alle seier ordet *ferie*, anten i ubestemt eller bestemt form, i løpet av samtalanane. Alle uttalar det med /æ:/, altså /<sup>1</sup>fæ:rie/ eller /<sup>1</sup>fæ:rien/, med unntak av Astrid, som seier /<sup>1</sup>fe:rie/ når ordet står aleine, men /<sup>1</sup>fæ:rie/ når det vert satt saman med eit anna ord: /<sup>2</sup>norgesfæ:rie/. I innleiinga lanserte eg ein hypotese om at slike samansettingar kan unndra seg dialektgrammatikken. Om dette stemmer, skulle ein kanskje forventast å høyra /<sup>1</sup>fæ:rie/ og /<sup>2</sup>norgesfe:rie/ heller enn /<sup>1</sup>fe:rie/ og /<sup>2</sup>norgesfæ:rie/, men Astrid nyttar altså dei sistnemnde, noko som kan tyda på at dialektgrammatikken held seg i enkelte samansette ord.

### 6.1.2 Variabel 2: Diftongen /au/ (monoftongering og diftongkvalitet)


Når det gjeld diftongen /au/, er det primært to forhold eg har undersøkt: om orda *graust* og *haust* vert monoftongert i yngre Bryne-mål, og korleis det står til det med den jærsk diftongen [au] i ord som ikkje vert monoftongerte. Sidan adverbet *øg* er eit relativt høgfrekvent ord, registrerte eg i tillegg korleis dette ordet vart uttala av informantane; den tradisjonelle uttalen har vore [au], men eg ville undersøka om uttalen [o:g] er i ferd med å trengja vekk [au]. Som ein bonus registrerte eg òg korleis informantane uttalte stadnamnet Varhaug, ettersom alle informantane tilfeldigvis nemnte staden under samtaleintervjua.

Nedanfor har eg sett inn tre diagram som viser resultatane av korleis diftongen /au/ vart nytta av informantane. Det fyrste diagrammet tek føre seg monoftongering, det andre tek føre seg diftongkvalitet, og det siste viser uttalen av adverbet *øg*. Under kvart diagram har eg kort kommentert funna.




**Figur 4: Monoftongering av /au/.**

Som diagrammet ovanfor viser, seier alle informantane [gʷø:d] i staden for [gʷaud]. Dette ordet fekk eg fram både under samtaleintervjuet og under bilet-testen hjå alle informantane. Når det gjeld ordet *haust*, er det éin informant som seier [haust], mens dei tre andre konsekvent seier [hœst]. Dette var òg eit ord eg greidde å få fram under samtaleintervjuet, i tillegg til bilet-testen.



**Figur 5: Diftongkvalitet /au/.**


Arne og Bjørg seier konsekvent [sau] og [tau] med tradisjonell jærsk diftong, mens Astrid og Brage vekslar mellom [au] og [œu]. Det som er interessant, er at det ikkje er det same mønsteret som viser seg hjå begge to. Astrid seier *sau* med [au] og *tau* med [œu], mens Brage gjer det omvendte; han seier *sau* med [œu] og *tau* med [au]. Kvifor det er slik, er ikkje godt å seia, og det er vanskeleg å koma med eit klart svar når uttalegrunnlaget er basert på svar eg fekk under bilet-testen. Om desse orda hadde kome fram under sjølve samtaleintervjuet, kunne resultatane vore annleis. Det som i alle fall er tydeleg, er at både Arne og Bjørg konsekvent held på den tradisjonelle jærsk diftongen [au], for dei har ingen førekomstar av [œu]. Astrid og Brage vekslar mellom [au] og [œu], men det er vanskeleg å sjå at det finst eit system i korleis dei nyttar desse diftongallofonane. På førehand trudde eg at eg ville finna ein del variasjon i uttalen av denne diftongen, og talemålet til Astrid og Brage viser at det er tilfelle. Så kunne ein jo tenkja seg at [au] heldt seg betre i ord med rurale konnotasjonar, men det ser altså ikkje ut til å vera tilfelle. Dette gjeld òg uttalen av stadnamnet Varhaug, som vist i diagrammet nedanfor.



**Figur 6: Uttale av stadnamnet *Varhaug*.**

Sidan me snakka ein del om Jæren under samtaleintervjua, nemnte alle fire informantane tilfeldigvis staden Varhaug, ein stasjonsby langs Jærbanen som ligg nesten 2 mil sør for Bryne. Tre av informantane uttalte stadnamnet [²va:ʁhaug] eller [²va:ʁhau], mens Brage

uttalte det [²va:ɤhœuɔ] eller [²va:ɤhœu].<sup>14</sup> Dette er unekteleg ein stad med rurale konnotasjonar, men òg her er det variasjon. Elles kan det nemnast at Astrid i løpet av intervjuet nytta ordet *pause*, og då uttalte ho det [²pœusə].



Figur 7: Uttale av adverbet òg.

Diagrammet ovanfor viser at to av informantane konsekvent seier [au], mens dei to andre vekslar mellom [au] og [o:g], men med høgast frekvens av [o:g]. Brage påpekte òg at i jærdialektene lenger sør var det mykje meir [æ:g au], mens han sjølv sa at han sa [æ:g o:g]. Intervjuet med Brage var det siste eg gjennomførte, og eg hadde allereie registrert at både Arne og Bjørg konsekvent sa [æ:g au], så då måtte eg spørja han om det ikkje lenger fanst ungdommar som sa [æ:g au] på Bryne. Då svarte han at ein kunne høyra begge deler, noko funna i denne granskinga òg kan tyda på.

### 6.1.3 Variabel 3: Svarabhaktivokal

Intervjua viser at svarabhaktivokalen i adjektiv (jf. del 4.1.3) held seg relativt godt i yngre Bryne-mål. I tabellen under har eg lista opp døme på adjektiv som vart nytta av informantane under intervjua. I den øvste rada er alle adjektiva som vart uttala med svarabhaktivokal, og den nedste rada er alle adjektiva som vart uttala utan svarabhaktivokal.

<sup>14</sup> Sidan det er diftongkvaliteten i /au/ som er interessant her, har eg ikkje skilt mellom uttale med eller utan /g/ i utlyd, ettersom alle informantane veksla mellom uttale med og utan /g/.

<b>Arne</b>	<b>Astrid</b>	<b>Bjørg</b>	<b>Brage</b>
billig: / <sup>2</sup> bilige/ fin: / <sup>1</sup> fi:ne/ generell: / <sup>1</sup> fene <sup>1</sup> rele/ gild: / <sup>1</sup> jile/ glad: / <sup>1</sup> gla:e/ god: / <sup>1</sup> gu:e/ heldig: / <sup>2</sup> heldige/ høg: / <sup>1</sup> hø:ge/ konservativ: /kun <sup>1</sup> sarvati:ve/ normal: /nur <sup>1</sup> ma:le/ stor: / <sup>1</sup> stu:re/ typisk: / <sup>1</sup> ty:piske/	aktiv: / <sup>1</sup> aktive/ brei: / <sup>1</sup> breie/ dårleg: / <sup>2</sup> do:rlike/ ferdig: / <sup>2</sup> fæ:rige/ fin: / <sup>1</sup> fi:ne/ fornøgd: /for <sup>1</sup> nøde/ glad: / <sup>1</sup> gla:e/ god: / <sup>1</sup> gu:e/ gravid: /gra <sup>1</sup> vi:de/ grei: / <sup>1</sup> greie/ kul: / <sup>1</sup> kū:le/ lett: / <sup>1</sup> lete/ ny: / <sup>1</sup> ny:e/ pen: / <sup>1</sup> pe:ne/ redd: / <sup>1</sup> rede/ roleg: / <sup>2</sup> ru:lige/ stor: / <sup>1</sup> stu:re/ sær: / <sup>1</sup> sæ:re/ takknemleg: /tak <sup>1</sup> nemlige/ ung: / <sup>1</sup> unge/ vant: / <sup>1</sup> vande/	blå: / <sup>1</sup> blo:e/ dårleg: / <sup>2</sup> do:rlike/ fin: / <sup>1</sup> fi:ne/ flink: / <sup>1</sup> fliŋke/ glad: / <sup>1</sup> gla:e/ interessert: /intre <sup>1</sup> se:rte/ klar: / <sup>1</sup> kla:re/ stor: / <sup>1</sup> stu:re/ vant: / <sup>1</sup> vande/ variert: /vari <sup>1</sup> e:rte/	elektronisk: /elek <sup>1</sup> tru:niske/ ferdig: / <sup>2</sup> fardige/ fornøgd: /for <sup>1</sup> nøyde/ gamal: / <sup>2</sup> gamale/ glad: / <sup>1</sup> gla:e/ lik: / <sup>1</sup> li:ge/ lys: / <sup>1</sup> ly:se/ mørk: / <sup>1</sup> mørke/ nydeleg: / <sup>2</sup> ny:delige/ oppslukt: / <sup>1</sup> opslū:kte/ perfekt: /par <sup>1</sup> fekte/ rå: / <sup>1</sup> ro:e/ stor: / <sup>1</sup> stu:re/ urban: / <sup>1</sup> ur <sup>1</sup> ba:ne/
god: /gu:/ 	ferdig: / <sup>2</sup> fæ:ri/ forskjellig: /for <sup>1</sup> feli/ gamal: / <sup>2</sup> gamal/ glad: /gla:/ kvit: /kvi:d/ norsk: /norsk/ pen /pe:n/ stor: /stu:r/		norsk: /norsk/

**Tabell 20: Adjektiv med og utan svarabhaktivokal som vart nytta under intervju.**

Bjørg er den einaste informanten som konsekvent har svarabhaktivokal i alle adjektiv som tradisjonelt har hatt svarabhaktivokal i jærmålet, mens Arne og Brage hadde eitt adjektiv kvar utan svarabhaktivokal. Astrid var den som hadde flest tilfelle utan svarabhaktivokal, sjølv om det skal seiast at uttale med svarabhaktivokal er det mest høgfrekvente hjå ho òg.



Arne nyttar adjektivet *god* to gonger utan svarabhaktivokal, og det førekjem i frasane *på god veg* og *ein god karakter*. Setningane desse frasane er henta frå, er «Så trur æg at Bryne æ... eh... på /gu:/ vei... te å bli... større, kanskje» og «Dæ æ meir imponerande å ha en /gu:/ karakter i nynorsk som sidemål.» Brage nyttar adjektivet *norsk* i frasen *norsk historie*: «For dæ vise /norsk/ historie.» Det kan vera at svarabhaktivokalen vert utelaten i desse frasane av idiomatiske grunnar. Det er i alle fall truleg at *på god veg* og *norsk historie* vert prosesserte som faste idiom, og at dei derfor unndreg seg talemålsgrammatikken.

Der dette trekket konsekvent førekjem i attributiv stilling i substantivfrasar hjå Arne og Brage, er dette meir tilfeldig i talemålet til Astrid. Hjå henne dukkar dette trekket opp både i substantivfrasar og adjektivfrasar, som vist i døma nedanfor.

Adjektivfrasen *fort ferdig*: «Hu tenkte dæ, atte hu sko bli fort /<sup>2</sup>fæ:ri/.»

Substantivfrasen *forskjellig dialekt*: «Alle æ i en familie, men alle har /for<sup>1</sup>feli/ dialekt, liksom.»

Substantivfrasen *gamal musikk*: «Nei, så æg lige veldi godt sånn... sånn /<sup>2</sup>gamal/ musikk, på en måte.»

Adjektivfrasen *veldig glad*: «Æg æ veldig /gla:/... i... i krim.»

Substantivfrasen *kvit fisk*: «Æg klare kje /kvi:d/ fisk.»

Substantivfrasen *norsk geografi*: «Æg æ veldi, veldig dårlige på /norsk/ geografi.»


Substantivfrasen *norsk natur*: «Der ser æg natur, /norsk/ natur.»

Adjektivfrasen *for pen*: «Æg vil jo sei atte dar æ liksom ei... ei Bryne-dialekt... eh, og... og æg føle den æ liksom, ikkje for breie, men ikkje for... for /pe:n/ hellar.»


Substantivfrasen *stor forskjell*: «Men du merke jo òg ganske /stu:r/ forskjell på... eh, dæ så æ lengar sør for Bryne.»

#### 6.1.4 Variabel 4: Utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband

Diagramma under viser korleis ord som tradisjonelt har hatt differensierte konsonantsamband i jærdialekta, vart nytta under bilet-testen. Uttalane av *horn* og *korn* utan differensiering varierte noko mellom informantane, så derfor har eg laga to diagram som tek føre seg utjamning av differensierte konsonantsamband. Det fyrste diagrammet viser korleis informantane uttalte *barn* og *garn* under bilet-testen. Den tradisjonelle uttalen med differensiering har lang vokal, men vokalen i den utjamna forma verkar å vera kortare.



**Figur 8:** Utjamning av det differensierte konsonantsambandet *dn* til *rn* etter lang vokal.




**Figur 9:** Utjamning av det differensierte konsonantsambandet *dn* til *rn* etter kort vokal.

Ikkje uventa fant eg få døme på differensierte konsonantsamband hjå informantane mine. Det er ingen som seier *badn*, *gadm* eller *kodn*, men Brage seier faktisk *hodn* i staden for *horn*. Eg greidde ikkje å få fram om Bjørg ville sagt *badn* eller *barn* då eg viste henne det fyrste biletet i bilet-testen. Då eg etter intervjuet spurte henne om ho ville sagt *badn* eller *barn*, svarte ho at ho ikkje ville ha brukt nokon av dei orda; ho ville heller ha sagt *unge*. Det same gjeld

eigntleg Brage, men då eg spurte han om kva han såg på det fyrste biletet, var eitt av svara *spedbarn*. Dette kan tyda på at verken *badn* eller *barn* er ord han ville ha nytta i daglegtalen. Her meiner eg òg det er relevant å nemna at då Arne såg biletet av garnnøsta, sa han «Dæ æ gadn», noko eg tolkar som at han var klar over kva eg var ute etter. Han var derimot raskt ute med å seia at han ikkje ville sagt *gadn*, men *garn*.

Uttalevariantane av *horn* og *korn* viser meir variasjon, ikkje berre når det gjeld bruk av differensiering, men òg når det gjeld vokalfonem. Med differensiering har vokalfonemet vore /o/, og to av informantane nyttar framleis dette fonemet trass i at det differensierte konsonantsambandet, med unntak av Brage sin bruk av /<sup>h</sup>odn/, ser ut til å forsvinna. Dei to andre informantane nyttar /u/ her, slik at uttalen vert /hurn/ og /kurn/.


Dei to diagramma nedanfor viser korleis ord som tradisjonelt har hatt segmenterte konsonantsamband i jærdialekta, vart nytta under både bilet-testen og i løpet av samtaleintervjua. Til dømes vart både *alle* og *ffjell* nytta av alle informantane i løpet av samtaleintervjua, mens dei andre orda berre kom fram i løpet av bilet-testen eller under sjølvrapporteringa. Fyrst tek eg føre meg utjamning av *dl* til *ll*, før eg kort seier noko om utjamning av *dn* til *nn*.



**Figur 10: Utjamning av det segmenterte konsonantsambandet *dl* til *ll*.**

Ikkje overraskande seier ingen av informantane /<sup>1</sup>fjedl/; alle seier /fjel/. Noko meir overraskande er det at ingen seier /<sup>2</sup>adle/. Som nemnt i del 4.2.1 er *alle* eit såpass høgfrekvent ord at eg hadde venta at den segmenterte forma framleis var i bruk, men det kan verka som høg frekvens ikkje er ein garanti for at tradisjonelle dialekttrekk held seg. I alle høve viser granskinga mi at alle informantane nyttar den assimilererte forma /<sup>2</sup>ale/.<sup>15</sup> Likevel skal det seiast at denne granskinga er basert på berre fire informantar, så dette resultatet er ikkje nødvendigvis representativt for yngre Bryne-mål. Det kan sjølvsagt vera at det finst Bryne-ungdommar som seier /<sup>2</sup>adle/ i staden for /<sup>2</sup>ale/, men dette resultatet kan kanskje tolkast som at /<sup>2</sup>ale/ er den mest vanlege forma, og at ho på sikt kjem til å danka ut /<sup>2</sup>adle/.

Når det gjeld adjektiva *full* og *vill*, dukka ikkje dei opp i løpet av samtaleintervjua, så det einaste grunnlaget eg har for desse, er frå sjølvrapporteringa. Her rapporterer både Arne og Astrid at dei ville ha sagt /<sup>1</sup>fule/ om ei flaske som ikkje er tom og /<sup>2</sup>vile/ om dyr som ikkje er tamme. Bjørg og Brage seier begge at dei ville ha sagt /<sup>2</sup>vidle/ om dyr som ikkje er tamme, og dei seier fyrst at dei ville ha sagt /<sup>1</sup>fule/ om ei flaske som ikkje tom. Bjørg følgjer kjapt opp med at ho òg seier /<sup>1</sup>fudle/, og at ho heilt sikkert nyttar begge omtrent like mykje. Brage seier derimot at /<sup>1</sup>fule/ og /<sup>1</sup>fudle/ har to forskjellige tydingar for han. Han ville ha nytta /<sup>1</sup>fule/ om ei flaske som ikkje er tom, mens /<sup>1</sup>fudle/ er det du vert om du drikk alkohol.



Figur 11: Utjamning av det segmenterte konsonantsambandet *dn* til *nn*.

<sup>15</sup> Her har eg ikkje inkludert *alle* dei gongene ordet dukkar opp i frasen *i alle fall*.

Som diagrammet ovanfor viser, er det ingen av informantane som seier [<sup>1</sup>staidŋ]; alle nyttar den utjamna forma [stain]. Likevel held den tradisjonelle diftongen [ai] seg i dette ordet.

### 6.1.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar

Samtaleintervjua viser at alle informantane nyttar leniserte plosivar i dei aller fleste tilfelle, men at det er ein del variasjon mellom informantane når det gjeld denne variabelen. I tabellen nedanfor har eg lista opp døme på ord frå samtaleintervjua som tradisjonelt har leniserte plosivar i jærmålet. I den øvste rada har eg lista opp ord som vart uttala med lenisert plosiv, og i den nedste rada har eg lista opp ord som var uttala utan lenisert plosiv.

Arne	Astrid	Bjørg	Brage
bak: /ba:g/	besøk: /be <sup>1</sup> sø:g/	bok: /bu:g/	besøka: /be <sup>1</sup> sø:ga/
besøk: /be <sup>1</sup> sø:g/	bok: /bu:g/	båt: /bo:d/	bok: /bu:g/
bok: /bu:g/	bøkene: / <sup>1</sup> bø:gene/	håper: / <sup>2</sup> ho:be/	bokmål: / <sup>2</sup> bu:gmo:l/
bokmål: / <sup>2</sup> bu:gmo:l/	gata: / <sup>2</sup> ga:do/	mat: /ma:d/	lika: / <sup>2</sup> li:ga/
bruker: / <sup>2</sup> bru:ge/	likar: / <sup>2</sup> li:ge/	mot: /mu:d/	liten: / <sup>2</sup> li:den/
Frankrike:	mat: /ma:d/	måte: / <sup>2</sup> mo:de/	mat: /ma:d/
/ <sup>1</sup> frankri:ge/	måte: / <sup>2</sup> mo:de/	nærleiken: / <sup>1</sup> næ:rhe:den/	skip: /ʃi:b/
jordbruk: / <sup>2</sup> ju:rbru:g/	moglegheit: / <sup>2</sup> mū:lihe:d/	rotet: / <sup>1</sup> ru:de/	språk: /spro:g/
liten: / <sup>2</sup> li:den/	tolmodsam:	setta: / <sup>2</sup> seda/	tilbake: /te <sup>2</sup> ba:ge/
mat: /ma:d/	/tol <sup>1</sup> mu:dihe:d/	utdanninga: / <sup>1</sup> u:daniŋo/	ute: / <sup>2</sup> u:de/
måte: / <sup>2</sup> mo:de/	ut: /u:d/	ute: / <sup>2</sup> u:de/	utanom: / <sup>2</sup> u:denom/
ut: /u:d/	ute: / <sup>2</sup> u:de/	veka: / <sup>2</sup> ve:go/	veka: / <sup>2</sup> ve:go/
veker: / <sup>2</sup> ve:ge/	uteplassar: / <sup>2</sup> u:deplase/		
nøtter: / <sup>1</sup> nøte/	moglegheit: / <sup>2</sup> mū:lihe:t/	mot: /mu:t/	utdanning: / <sup>1</sup> u:tdaniŋ/
sat: /sat/	nærleiken: / <sup>1</sup> næ:rhe:ten/	utdanninga: / <sup>1</sup> u:tdaniŋo/	

Tabell 21: Ord som tradisjonelt har lenisering, som dukka opp under intervjua.

Det som er interessant med Arne sine døme, er at han konsekvent nyttar lenisert plosiv etter langt vokalfonem. Grunnen til at eg har lista opp *nøtter* og *satt* som døme på ord utan lenisert plosiv, er at desse orda tradisjonelt vert uttala /<sup>1</sup>nø:de/ og /so:d/ på jærsk, altså med langt vokalfonem. Arne uttalar desse med kort vokalfonem, så den mentale fonemgrammatikken hans, der hovudregelen er lenisert plosiv etter langt vokalfonem, er eigentleg heilt konsekvent på dette området. Astrid uttalar konsekvent *nærleiken* utan lenisert plosiv, altså /<sup>1</sup>næ:rhe:ten/, og ho vekslar mellom lenisert og ikkje-lenisert plosiv i *moglegheit*, men elles nyttar ho

konsekvent lenisert plosiv etter langt vokalfonem. Analysen av samtalen med Bjørg viser to døme på ikkje-lenisert plosiv, høvesvis i *mot* og *utdanninga*, men elles nyttar ho konsekvent lenisert plosiv etter langt vokalfonem. Dette inkluderer òg andre tilfelle der ho seier desse to orda. Brage nyttar òg konsekvent lenisert plosiv etter langt vokalfonem, med unntak av i eitt ord: *utdanning*. Dette ordet uttalar han konsekvent utan lenisert plosiv: /<sup>1</sup>u:tdaniŋ/.

### 6.1.6 Variabel 6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/

Dette er nok den variabelen der det er størst variasjon, noko tabellen under viser. I den øvste rada har eg lista opp ord informantane uttala med /ç/, og i den nedste rada har eg lista opp ord informantane uttala med /ʃ/. Eg har ikkje lista opp sj- eller skj-ord informantane uttala med /ʃ/, men eg har lista opp døme på slike ord den eine informanten (Bjørg) av og til uttala med /ç/.

Arne	Astrid	Bjørg	Brage
kjenner: / <sup>2</sup> çene/ kjevle: / <sup>2</sup> çevla/ kjærasten: / <sup>2</sup> çæ:rasten/ kjøpt: /çupt/ kyrkje: / <sup>2</sup> çørka/	tjue: / <sup>2</sup> çu:e/ tjueein: /çu:e <sup>1</sup> ain/ tjuefire: /çu:e <sup>2</sup> fi:ra/ tjuetre: /çu:e <sup>1</sup> tri:/	ikkje: / <sup>2</sup> içe/ kanskje: / <sup>2</sup> kançe/ kjernen: / <sup>2</sup> çarnen/ kjevle: / <sup>2</sup> çevla/ kjipt: /çi:pt/ kjøttdeig: / <sup>2</sup> çøtdai/ kylling: / <sup>2</sup> çylin/ kyrkje: / <sup>2</sup> çørça/ sjekka: / <sup>2</sup> çeka/	kjenner: / <sup>2</sup> çene/
ikkje: / <sup>2</sup> iʃe/	ikkje: / <sup>2</sup> iʃe/ kino: / <sup>1</sup> ʃi:nu/ kjedeleg: / <sup>2</sup> ʃe:delige/ kjeft: /ʃeft/ kjemi: /ʃe <sup>1</sup> mi:/ kjempestort: / <sup>2</sup> ʃemestu:rt/ kjenner: / <sup>2</sup> ʃene/ kjevle: / <sup>2</sup> ʃevla/ kjøpesenter: / <sup>2</sup> ʃø:besentar/ kyrkje: / <sup>2</sup> ʃerka/ København: /ʃøben <sup>1</sup> havn/ køyra: / <sup>2</sup> ʃø:ra/		ikkje: / <sup>2</sup> iʃe/ kino: / <sup>1</sup> ʃi:nu/ kjempe: / <sup>2</sup> ʃempe/ kjempemykje: / <sup>2</sup> ʃempemø:je/ kjent: /ʃent/ kjerre: / <sup>2</sup> ʃera/ kjevle: / <sup>2</sup> ʃevla/ kjøper: / <sup>2</sup> ʃø:be/ kyr: / <sup>1</sup> ʃye/ kyrkje: / <sup>2</sup> ʃørka/ tjue: / <sup>2</sup> ʃu:e/

Tabell 22: Døme på ord med fonema /ç/ og /ʃ/ som førekom under intervju.

Som tabellen viser, nyttar Arne /ç/ i alle kj-ord<sup>16</sup>, med unntak av nektingsadverbet *ikkje*, som han konsekvent uttalar /<sup>2</sup>iʃe/ (eller /ʃe/ dersom det vert assimilert med det føregåande ordet, til dømes *har ikkje*: /<sup>1</sup>ha:rʃe/ og *veit ikkje*: /<sup>1</sup>vetʃe/). Astrid nyttar konsekvent /ʃ/ i alle ord som i ortografien vert skrivne med *ki*, *kj* og *ky*, eller som har palatalisert *k*, som til dømes *København*, som ho uttalar /ʃøben<sup>1</sup>havn/. Dette er noko ho sjølv er klar over, og ho seier i løpet av samtaleintervjuet at ho får «skjeft» av faren for dette. Likevel er det ikkje slik at fonemet /ç/ ikkje finst i hennar mentale talemålsgrammatikk, for dei orda som i ortografien vert skrivne med *tj*, til dømes determinativet *tjue*, uttalar ho med /ç/. No er riktig nok *tjue* og samansette ord med *tjue* som fyrste morfem dei einaste tj-orda ho nyttar i løpet av samtalen, så det hadde vore interessant å undersøkje korleis ho ville ha uttala ord som *tjadra* og *tjern*, eller lokale stadnamn som *Tjelta* og *Tjøtta*.

Analysen av intervjuet med Bjørg viser at ho aldri nyttar /ʃ/ i kj-ord, men i hennar talemål verkar eit potensielt fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/ å gå i motsett retning av det som er det vanlegaste i det norske dialektlandskapet. Hjå henne tenderar det meir mot at /ç/ vert nytta i staden for /ʃ/ i enkelte ord, som til dømes *kanskje* og *sjekka*, som ho av og til (men ikkje alltid) uttalar /<sup>2</sup>kançe/ og /<sup>2</sup>çeka/. Likevel er det ikkje slik at ho konsekvent erstattar /ʃ/ med /ç/, for stort sett nyttar ho /ʃ/ i ord som i ortografien vert skrivne med *sj* og *skj*. Dette kjem særleg fram då ho i løpet av samtalen snakkar om sjøen og kysten på Jæren; då er det heilt tydeleg at ho seier /ʃø:/ og /çyst/. Den informanten der samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ er mest gjennomført, er hjå Brage. Han nyttar /ʃ/ i alle kj-ord, men har to tilfelle der han nyttar /ç/ i presensforma av verbet *kjenna*.

For å oppsummera denne variabelen er det lite som tyder på at fonemet /ç/ er på veg ut av Bryne-målet, slik den innleiande hypotesen min spekulerer i. Resultatet frå denne granskinga viser likevel tendensar til at /ç/ og /ʃ/ fell saman, men det er ikkje nødvendigvis så enkelt som at /ʃ/ tek over for /ç/, slik den allmenne oppfatninga synast å vera (Hognestad, 2019a: 49–50). Riktig nok viser dette seg å vera mønsteret hjå tre av fire av informantane i denne granskinga, men tendensane hjå den fjerde informanten er heller at /ç/ tek over for /ʃ/, om enn i relativt lita grad. I alle høve er både /ç/ og /ʃ/ fonem som vert nytta av alle dei fire informantane, men i særdeles varierende grad.

---


<sup>16</sup> I denne samanhengen nyttar eg omgrepet *kj-ord* om alle som i normert uttale vert uttala med /ç/. Her inkluderer eg ord som *kylling* og *tjue*, sjølv om dei strengt teke ikkje vert skrivne med konsonantsambandet *kj*.

### 6.1.7 Variabel 7: Infinitivsending

Dette er den variabelen der det er minst variasjon. Faktisk viser opptaka ingen variasjon i det heile, ettersom alle informantane konsekvent nyttar a-ending i absolutt alle verb i infinitiv. Ettersom det ikkje er noko variasjon, har eg heller ikkje laga ein tabell for denne variabelen.

### 6.1.8 Variabel 8: Omlyd i presens av verb


Dei ulike presensformene eg undersøkte i denne granskinga, former som tradisjonelt har omlyd i jærmålet, var såpass enkle å kvantifisera at eg har laga eitt diagram for kvart verb. Dei fleste presensformene fekk eg berre dekning for i løpet av bilet-testen eller under sjølvrapporteringa, så talet på førekomstar er relativt lågt. Verba *ha* og *koma* var meir høgfrekvente (i noko varierende grad) hjå informantane, så talet på førekomstar av desse verba er noko høgare. Nedanfor er dei utvalde verba ordna i alfabetisk rekkjefølgje, med diagram som viser korleis dei fire informantane nytta dei ulike variablane av kvar presensform. Under kvart diagram følgjer ein kort kommentar om kvart verb.



Figur 12: Omlyd i presens av verbet *dra*.


Verbet *dra* fekk eg berre dekning for i løpet av bilet-testen, då informantane skulle seie kva personen i bilete nummer to gjorde med tauet. Alle informantane seier at personen på biletet /dra:r/ i tauet. Dermed kan det tyda på at omlydsforma /<sup>l</sup>dræ:ge/ er på veg ut av Bryne-målet.






**Figur 13: Omlyd i presens av verbet *ha*.**

Både Arne og Bjørg nyttar konsekvent /he:/ som presensform av *ha*, mens både /he:/ og /ha:r/ vert nytta av Astrid og Brage. Brage har flest førekomstar av /he:/, mens Astrid har flest førekomstar av /ha:r/.




**Figur 14: Omlyd i presens av verbet *koma*.**

Den einaste av informantane som nyttar omlydsforma /<sup>1</sup>çæ:me/, er Bjørg. Likevel viser dette resultatet at ho ikkje er heilt konsekvent, ettersom ho òg har førekomstar av /<sup>1</sup>kome/, sjølv om /<sup>1</sup>çæ:me/ er den mest frekvente forma hjå henne. Alle gongene ho seier /<sup>1</sup>çæ:me/, er under sjølve samtaleintervjuet, og når eg spør om ho kan bøya *koma*, er /<sup>1</sup>kome/ den presensforma ho sjølv rapporterer om at ho nyttar. Når eg høyrer gjennom opptaket på nytt for å prøva å finna ut om det finst eit mønster for når ho seier /<sup>1</sup>çæ:me/ og når ho seier /<sup>1</sup>kome/, kan det verka som om mønsteret er prosodisk. Det er i alle fall tydelegare trykk på verbet i dei setningane ho seier /<sup>1</sup>çæ:me/. Dei andre informantane nyttar konsekvent /<sup>1</sup>kome/, noko som kan tyda på at omlydsforma /<sup>1</sup>çæ:me/ kan vera på veg ut av Bryne-målet.



**Figur 15: Omlyd i presens av verbet *sova*.**

Når det gjeld presensforma av verbet *sova*, seier både Arne og Astrid under bilet-testen at barnet i det fyrste biletet /so:ve/. Bjørg seier at barnet /sø:ve/, mens Brage seier fyrst at barnet /<sup>1</sup>so:ve/, før han rettar seg sjølv og seier /<sup>1</sup>sø:ve/. Når eg spør han kva for ei form han helst villa ha nytta, seier han «æg bruke egentlig litt av begge... dæ æ fifty-fifty kæ æg bruke.»




Figur 16: Omlyd i presens av verbet *ta*.


Som med resultatet av verbet *koma* er det berre Bjørg som nyttar omlydsforma  $/{}^1tæ:ge/$  av verbet *ta*, mens dei andre konsekvent nyttar  $/ta:r/$ . Likevel er ho ikkje konsekvent, ettersom  $/ta:r/$  førekjem like ofte som  $/{}^1tæ:ge/$ . Den eine førekomsten av  $/ta:r/$  kjem riktig nok fram under sjølvrapporteringa, så i spontan tale har ho eitt tilfelle av  $/ta:r/$  og to tilfelle av  $/{}^1tæ:ge/$ . Det er interessant at ho sjølv rapporterer om presensformer utan omlyd både i *koma* og *ta*, mens det faktisk er omlydsformene ho oftast nyttar under spontan tale.

### 6.1.9 Variabel 9: Perfektum partisippformer


Perfektum partisippformene som vert undersøkte i denne granskinga, har alle til felles at dei tradisjonelle formene er tostavingsord med tonelag to, mens dei moderne eller standardiserte formene er einstavingsord. I likskap med førre variabel har eg også her laga eitt diagram for kvart verb, og desse er òg ordna alfabetisk og kvantifiserte. Dei fleste formene fekk eg berre fram under sjølvrapporteringa, men partisippformene av *gå*, *koma* og *ta* dukka i varierende grad opp i løpet av samtaleintervjua. Sidan alle informantane stort sett held seg til den eine eller den andre forma (med unntak av Astrid, som vekslar noko mellom  $/{}^2tu:ge/$  og  $/tat/$ ), har eg ikkje kommentert kvart enkelt verb, men heller formulert ein oppsummerande kommentar etter dei seks diagramma.




**Figur 17: Perfektum partisipp av verbet *dra*.**




**Figur 18: Perfektum partisipp av verbet *gå*.**




**Figur 19: Perfektum partisipp av verbet *koma*.**



**Figur 20: Perfektum partisipp av verbet *slå*.**



**Figur 21: Perfektum partisipp av verbet stå.**



**Figur 22: Perfektum partisipp av verbet ta.**

Opphavleg planla eg berre å undersøkjia perfektum partisippformene av *gå*, *slå* og *stå*, men sidan eg likevel bad informantane om å bøyja *dra*, *koma* og *ta* for å kartleggja presensformene, kunne eg like gjerne inkludera perfektum partisippformene av dei verba òg. Sidan ingen av informantane rapporterte at dei ville ha nytta dei tradisjonelle partisippformene av *gå*, *slå* og

*stå*, meiner eg det var eit fornuftig val, for analysane av opptaka viser at dei tradisjonelle partisippformene av dei tre andre verba framleis er i bruk, sjølv om dei ikkje vert nytta av alle informantane. Bjørg nyttar konsekvent /<sup>2</sup>dru:ge/, /<sup>2</sup>ko:me/ og /<sup>2</sup>tu:ge/, og er i så måte den mest tradisjonelle. Hå Brage er det litt blanding, for han rapporterer om at han konsekvent nyttar /drat/ i staden for /<sup>2</sup>dru:ge/, men at han blandar mellom /<sup>2</sup>ko:me/ og /komt/ og /<sup>2</sup>tu:ge/ og /tat/. På dette området er faktisk Arne den minst tradisjonelle, for han nyttar konsekvent dei einstava formene /drad/, /komt/ og /tat/. Astrid nyttar konsekvent den tradisjonelle forma /<sup>2</sup>ko:me/ og har éin førekomst av /<sup>2</sup>tu:ge/, men elles nyttar ho dei moderne einstava formene.

### 6.1.10 Variabel 10: Fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord

Dette er ein av dei variablane med minst variasjon. Utanom eitt tilfelle kvar sjå Astrid og Brage er det ingen førekomstar av fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord. I tabellen nedanfor har eg lista opp døme på ubundne fleirtalsformer av hankjønns- og hokjønnsord som dukka opp under intervju. Sidan førekomsten av ubundne fleirtalsord er såpass høgfrekvent, har eg avgrensa omfanget til ti ord per informant.

Arne	Astrid	Bjørg	Brage
aktivitetar: /aktivi <sup>1</sup> te:ta/	avstandar: / <sup>2</sup> a:vstana/	dagar: / <sup>2</sup> da:ge/	byar: / <sup>2</sup> by:a/
delar: / <sup>2</sup> de:la/	bøker: / <sup>1</sup> bø:ge/	dalar: / <sup>2</sup> da:la/	dagar: / <sup>2</sup> dage/
elevar: /ele:va/	butikkar: /bu <sup>1</sup> tika/	dialekter: /dia <sup>1</sup> lekte/	endringar: / <sup>2</sup> endriŋa/
grader: / <sup>2</sup> gra:de/	dialektar: /dia <sup>1</sup> lekta/	fargar: / <sup>2</sup> farga/	filmar: / <sup>2</sup> filma/
paraplyar: /para <sup>1</sup> ply:a/	filmar: / <sup>2</sup> filma/	hobbyar: / <sup>1</sup> hobia/	fjordar: / <sup>2</sup> fju:ra/
planar: / <sup>2</sup> pla:na/	kantar: / <sup>2</sup> kanta/	kulturar: /køl <sup>1</sup> tø:ra/	forskjellar: / <sup>2</sup> forʃela/
poteter: /pu <sup>1</sup> te:te/	kompisar: / <sup>1</sup> kumpisa/	tider: / <sup>2</sup> ti:e/	historier: /his <sup>1</sup> tu:ria/
seksarar: / <sup>1</sup> seksara/	lærarar: / <sup>2</sup> læ:rara/	tilflyttarar: / <sup>2</sup> te:flytara/	kompisar: / <sup>1</sup> kumpisa/
toarar: / <sup>1</sup> tu:ara/	ungar: / <sup>2</sup> unga/	ungar: / <sup>2</sup> unga/	poteter: /pu <sup>1</sup> te:te/
venar: / <sup>2</sup> vena/	versjonar: /var <sup>1</sup> ju:na/	venar: / <sup>2</sup> vena/	tider: / <sup>2</sup> ti:e/
	venar: / <sup>2</sup> venar/		grunnar: / <sup>2</sup> grunar/


**Tabell 23: Døme på ubundne fleirtalsformer av hankjønns- og hokjønnsord som vart nytta under intervju.**

Astrid sin bruk av fleirtals-r kjem ho seier setninga «Æg har jo liksom ingen andre venna som æ hærifrå, så æg får jo liksom den påvirkningen... når æg snakke mæ andre vennar òg.» Det

som er interessant her, er at substantivet *venar* dukkar opp to gonger i løpet av denne setninga – éin gong utan og éin gong med fleirtals-r. Når ordet førekjem utan fleirtals-r, vert det etterfølgt av determinativet *som*, som startar med ein konsonantlyd, mens når det førekjem med fleirtals-r, vert det etterfølgt av adverbet *òg*, som startar med ein vokallyd, nemleg /o:/. Det kan altså verka som om fleirtals-r-en i dette tilfellet er ein såkalla *intrusive* /r/ (Nilsen, 2010: 82), eller innskots-r. Likevel verkar det ikkje som om det er noko ho gjer systematisk, ettersom dette er den einaste førekomsten av fleirtals-r hjå henne. Det verkar heller ikkje å vera noko systematisk med Brage sin bruk av fleirtals-r, som kjem når han svarar på kva for nokre årstider han likar best: «Sommar og vintar, for to forskjellige gronnar.»

### 6.1.11 Variabel 11: Hokjønnsbøying av adjektiv

Resultatet frå denne variabelen er basert på relativt leiande spørsmål under bilet-testen, med unntak av eitt tilfelle der Astrid i løpet av samtaleintervjuet nyttar frasen /ei li:do stun/ i ei setning. Derfor har ho ein ekstra førekomst av /li:do/ i attributiv stilling samanlikna med dei andre informantane. Diagramma nedanfor i kor stor grad informantane nytta hokjønnsformer av adjektiva *liten* og *open* i løpet av samtalan.




Figur 23: Hokjønnsform av adjektivet *liten*.

Alle informantane nyttar hokjønnsforma /<sup>2</sup>li:do/ i attributiv stilling når eg spør dei kva dei ser på bilete nummer 9. Her måtte eg grava litt for å få dei til å seia dei frasane eg var ute etter,



nemleg *ei lita eska* og *ei eske som er lita/liten*. I predikativ stilling nyttar dei fleste informantane /<sup>2</sup>li:den/, med unntak av Arne, som nyttar hokjønnsforma /<sup>2</sup>li:do/ også her.




Figur 24: Hokjønnsform av adjektivet *open*.


I motsetnad til adjektivet *liten* viser analysane av intervjua ingen førekomstar av hokjønnsform av adjektivet *open*, korkje i attributiv eller predikativ stilling. Alle informantane seier at bilete nummer 12 i bilet-testen viser /ei <sup>2</sup>o:ben bu:g/, og då eg spør dei om å setja adjektivet etter substantivet, altså «ei bok som er...», svarar alle at dei ville ha nytta hankjønnsforma /<sup>2</sup>o:ben/.

### 6.1.12 Variabel 12: Eit utval enkeltord


For å leggja fram resultata av denne variabelen, har eg laga eitt diagram for kvar informant. Diagramma viser førekomsten av dei høvesvise tradisjonelle, som samsvarar med nynorsk, og ikkje-tradisjonelle leksema, som samsvarar med bokmål, av dei ti orda eg har undersøkt. For verbpara *bu/bo*, *eda/spisa* og *tru/tro* har eg berre talt førekomstar av infinitivs- og presensformer, og for substantivet *skule/skole* har eg òg inkludert førekomstar der ordet står som rotmorfem (til dømes *ungdomsskule*) eller avleiingsmorfem (til dømes *skuledag*) i samansette ord. Etter dei fire diagramma følgjer ein kort kommentar om resultata.




**Figur 25: Korleis enkeltorda vart nytta av Arne.**



**Figur 26: Korleis enkeltorda vart nytta av Astrid.**



**Figur 27: Korleis enkeltorda vart nytta av Björg.**



**Figur 28: Korleis enkeltorda vart nytta av Brage.**

Som det øvste diagrammet viser, nyttar Arne for det meste dei tradisjonelle leksema som samsvarar med nynorsk, men han nyttar konsekvent *se* i staden for *sjå*. Dette er eit språkdrag han trekkjer fram som eit typisk skilje mellom Bryne- og Sandnes-mål. Han viser òg til dette

som eit døme på at hans talemål er noko meir «utvatna» enn det tradisjonelle Bryne-målet. I løpet av samtalen nyttar han *fra* éin gong, men elles nyttar han *frå*.

Astrid nyttar konsekvent *spisa*, *se* og *sulten* (utt. /<sup>2</sup>sulten/) i staden for *eda*, *spisa* og *svolten*, og er dermed den informanten med færrest tradisjonelle tilfelle av dei leksema som vert undersøkte i denne granskinga. Når det gjeld *vatn/vann*, meiner Astrid sjølv at ho seier *vann*, både når det er snakk om badevatn og drikkevatn. I løpet av samtalen nytta ho likevel *vatn* éin gong, og då har det snakk om badevatn: «Dar æ møyje fine innsjøa, og... og strende og sånn, sjøl om dar æ kaldt i vatnet.» Elles er det ein del variasjon mellom *frå* og *fra*, men det er *fra* som er den mest frekvente av dei to.

På motsett side av skalaen er Bjørg, som er den einaste av informantane som konsekvent nyttar dei tradisjonelle variantane av dei undersøkte leksema. Resultata frå dei andre språklege variablane viser at Bjørg er den mest tradisjonelle språkbrukaren av dei fire informantane, noko resultata frå denne variabelen òg støtter opp om.

Brage nyttar, i likskap med Arne, konsekvent *se* i staden for *sjå*. Han har òg ein førekomst av *fra*, men nyttar elles konsekvent *frå*. I tillegg nyttar han konsekvent *spisa* i staden for *eda*. Når det gjeld *vatn/vann*, seier han at han nyttar begge, men at han helst seier *vann* når han snakkar med kompisar, og *vatn* når han snakkar med eldre slektningar. Dessutan meiner han at *vann* er enklare å seia, ettersom det, ifølgje han sjølv, ruller lettare av tunga enn *vatn*.

For å oppsummera resultata av denne variabelen er det spesielt infinitivsverbet *sjå* som verkar å vera på retur, ettersom tre av informantane konsekvent seier *se* i staden for. Det leksemet som er nummer to på denne lista, er *eda*, ettersom to av informantane konsekvent seier *spisa* (og *spise*) i staden for *eda* (og *ede*). Dette er interessant, for det er i nettopp desse to ordpara, i tillegg til *sju/syv*, det er størst skilnad mellom dei tradisjonelle og dei moderne variantane. Det kan vera at *spisa* og *se* vert oppfatta som synonym til *eda* og *sjå* i større grad enn til dømes *bo*, *skole* og *tro* vert oppfatta som synonym til *bu*, *skule* og *tru*. I dei sistnemnde leksema er det berre fonema /u:/ og /ʉ:/ som skil ordpara, mens *eda* og *spisa* kun har infinitivsendinga (og e-endinga i presens) til felles. Ordpara *sju/syv* og *sjå/se* har ingen felles fonem seg imellom, og då er det sjølvsagt interessant å spørja kvifor tre av informantane seier *se* i staden for *sjå*, mens ingen seier *syv* i staden for *sju*. Dette kan skuldast analogi, for presensforma av

*sjå* er *ser*, og ved å nytta *se* i staden for *sjå* i infinitiv føyer dette verbet seg inn i rekkje av andre verb, til dømes *be*, *gje* og *le*, som alle vert *ber*, *gjer* og *ler* i presens i jærdialekta<sup>17</sup>.

### 6.1.13 Oppsummering av resultat: språklege variablar

Variabel	Oppsummert resultat
V1: Fonemsamanfall av /æ:/ og /e:/	Fonemet /æ:/ står sterkt i dei mest høgfrekvente orda der nord-jærske mål har /e:/. Éin av informantane har nokre førekomstar av /e:/, men desse førekjem ofte i ord som ikkje vert nytta av dei andre informantane; derfor er det vanskeleg å vera heilt sikker her.
V2: Diftongen /au/	Éin informant nyttar diftongen /au/ i <i>haust</i> , elles viser denne granskinga monoftongering av <i>graut</i> og <i>haust</i> . To av informantane nyttar konsekvent den jærske diftongen [au] i ord som har diftong, men dei to andre informantane vekslar mellom [au] og [œ̃].
V3: Svarabhaktivokal	Denne granskinga viser få tendensar til at svarabhaktivokal i adjektiv fell bort. Unntak kan førekoma i såkalla idiomatiserte frasar, som til dømes <i>norsk historie</i> i staden for <i>norske historie</i> .
V4: Utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband	Differensiering og segmentering verkar å vera på veg ut av Bryne-målet. Ingen av informantane viser gjennomført bruk av differensierte og segmenterte former av dei orda eg har undersøkt, og to av informantane har ingen førekomstar i det heile.
V5: Lenisering av plosivar	Denne granskinga viser få førekomstar av at leniserte plosivar etter langt vokalfonem vert avlensierte.
V6: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/	Resultatet av denne variabelen er såpass varierende at det er vanskeleg å oppsummera kort og presist. Alle informantane nyttar begge fonema, men det er stor variasjon mellom dei.
V7: Infinitivsending	Alle informantane nyttar konsekvent a-infinitiv.
V8: Omlyd i presens av verb	Presensforma /he:/ er den einaste som vert nytta av alle informantane, sjølv om to av informantane vekslar mellom /he:/ og /ha:r/. Formene / <sup>1</sup> çæ:me/, / <sup>1</sup> sø:ve/ og / <sup>1</sup> tæ:ge/ vert nytta i nokon grad, mens / <sup>1</sup> dræ:ge/ verkar å vera ute av yngre Bryne-mål

<sup>17</sup> *Le* og *ler* vert tradisjonelt uttala /læ:/ og /læ:r/ i jærdialekta, men Astrid, som var den einaste av informantane som nytta dette verbet (men berre i presens!) i løpet av samtalane, uttalte det med /e:/ i staden for /æ:/.

V9: Perfektum partisippformer	Denne granskinga viser at dei tre tradisjonelle partisippformene / <sup>2</sup> je:e/, [ <sup>2</sup> slaie] og / <sup>2</sup> stane/ verkar å vera heilt ute av yngre Bryne-mål. / <sup>2</sup> dru:ge/ og / <sup>2</sup> tu:ge/ er framleis i bruk, men i mindretal, mens / <sup>2</sup> ko:me/ i staden for /komt/ står overraskande sterkt.
V10: Fleirtals-r	Denne granskinga viser svært få førekomstar av fleirtals-r i ubunden form av hankjønns- og hokjønnsord.
V11: Hokjønnsbøying av adjektiv	Hokjønnsforma av adjektivet <i>liten</i> førekom i attributiv stilling hjå alle informantane, men er på retur i predikativ stilling, ettersom berre éin av informantane ville ha sagt <i>ei eske som er lita</i> . Den tradisjonelle hokjønnsforma av <i>open</i> førekjem ikkje i denne granskinga, korkje i attributiv eller predikativ stilling.
V12: Eit utval enkeltord	For dei fleste ordpara i denne variabelen er det dei tradisjonelle variantane som er mest nytta, men <i>eda</i> og <i>sjå</i> kan vera på retur. I tillegg førekjem ein del veksling mellom <i>frå</i> og <i>fra</i> og <i>vatn</i> og <i>vann</i> hjå tre av informantane.

Tabell 24: Oppsummering av dei språklege variablane.

## 6.2 Resultat: sosiale variablar

Kva er det som gjer at Bjørg er den mest tradisjonelle språkbrukaren, mens Astrid sitt talemål er det med færrest tradisjonelle språkdrag? For å prøva å gje eit svar på dette spørsmålet må ein sjå resultatata av dei språklege variablane i lys av dei sosiale variablane. Fyrst kjem ein kort presentasjon av resultatata av dei tradisjonelle labovske variablane geografisk tilhøyrslse, kjønn og alder. Deretter kjem resultatata av dei andre sosiale variablane eg gjorde greie for i del 3.8. Desse resultatata er utelukkande baserte på informasjon som kjem fram i samtaleintervjua. Alle sitat frå informantane i denne delen er omsette til nynorsk for å letta lesinga.

### 6.2.1 Geografisk tilhøyrslse, kjønn og alder

Alle informantane har ei sterk geografisk tilhøyrslse til Bryne. For det fyrste har dei alle budd på Bryne meir eller mindre heile livet. Unntaket er Astrid, som budde eit par år på Klepp då ho var lita. Frå ho var kring to år gamal, har ho budd på Kåsen, som geografisk sett er lokalisert i Klepp kommune, men som ligg mykje nærmare Bryne enn tettstaden Kleppe. Kåsen ligg nesten to kilometer nord for Bryne sentrum, og har same postnummer og -stad som Bryne. Astrid ser på seg sjølv som brynebu heller enn kleppbu, og derfor meiner eg at ho

møter kriterier for denne granskinga. Dessutan har ho, i likskap med dei andre informantane, minst éin forelder som er frå Bryne. Bjørg er frå Rosseland, som ligg omtrent ein kilometer aust for Bryne sentrum. Dei to gutane seier begge at dei kjem frå «sentrum av Bryne». Med andre ord bur alle informantane innanfor ein radius som strekkjer seg mindre enn tre kilometer frå Bryne sentrum.

Når det gjeld variabelen kjønn, viser resultatene av denne granskinga at gutane og jentene snakkar forskjellig, men sidan resultatet er basert på berre fire informantar, er det vanskeleg å koma med ein eintydig konklusjon her. Det som derimot er veldig interessant på dette punktet, er at det er ei jente som både har den mest tradisjonelle og den minst tradisjonelle dialekta. Dei samla resultatene viser at det er Bjørg som er den mest tradisjonelle språkbrukaren, mens Astrid er den minst tradisjonelle. Dei to gutane ligg midt imellom, men Arne er kanskje hakket meir tradisjonell enn Brage. Så hadde kanskje dette resultatet vore heilt annleis om informantutvalet bestod av fire heilt andre individ. Likevel meiner eg at dette resultatet gjev ein indikasjon på at det ikkje nødvendigvis er slik at gutane på Bryne er meir språktradisjonelle enn jentene, slik mange andre sosiolingvistiske granskingar kan visa til.

Alder er ein sosial variabel der det ikkje er noko variasjon i denne granskinga, ettersom alle informantane er 18 år. Derfor kan eg ikkje seia noko om skilnadar på grunn av alder her, men det eg kan gjera, er å samanlikna med den såkalla YG-gruppa i Tor Time si gransking frå 1973. Time har delt informantutvalet sitt inn i høvesvis EG (eldste generasjon), MG (mellomste generasjon) og YG (yngste generasjon). Time har inkludert ei liste over alle informantane i avhandlingsa si, og dei yngste informantane er tre kvinner som er fødde i 1956, ei kvinne fødd i 1949 og ein mann fødd i 1943 (Time, 1973: 153). Det er riktig nok berre dei tre kvinnene som er fødde i 1956, som vert rekna som YG, for i innleiinga til avhandlingsa skriv Time (1973: 4) følgjande: «...som representantar for det yngste sentrumsmålet har eg nytta 16årige ungdommar frå Bryne». Vidare i innleiinga omtalar han denne gruppa som «representativ for språklege nydanningar og usikker språkbruk» (Time, 1973: 5).

Det er ikkje så enkelt å finna ei heilskapleg utgreiing om språkbruken til YG-gruppa i Time si hovudfagsoppgåve, men i boka *Haurt saure* frå 1986 legg han fram resultatene frå granskinga på ein oversikteleg måte. Det kjem fram at YG-gruppa snakkar eit jærmål som er mykje meir urbant og standardisert enn målet til EG- og MG-gruppene. Han nemner mellom anna at allofonane [n], [c̥ç] og [j̥j] er gått ut av lydverket, at det finst tendensar til at /æ:/ vert til /e:/ i

somme ord, og at den tradisjonelle jærskediftongen [au] vert trongare, altså at han går mot [œu]. Vidare seier han at fleire differensierte konsonantsamband vert assimilerte. Han nemner mellom anna at den yngste generasjonen nyttar dei normaliserte formene *barn, namn, lefsa* og *loft* i staden for dei tradisjonelle differensierte formene *badn, nabn, lepsa* og *lopt*. Av segmenterte konsonantsamband nemner han *fjedl* og *staidn* som døme på tradisjonelle former som òg vert nytta av dei yngste. Når det gjeld verbmorfologien, seier han at YG-gruppa ofte nyttar svake former, både i presens, preteritum og perfektum partisipp. I kapittel 4 (Kort grammatisk oversyn) i *Haurt saure* listar han mellom anna opp verbet *halda* som eit døme på tendens til svak bøyning sjå YG-gruppa, der EG-gruppa nyttar sterk bøyning:

	<b>Infinitiv</b>	<b>Presens</b>	<b>Preteritum</b>	<b>Perfektum partisipp</b>
EG	halla	helle	hilt	hille
YG	hålla	hålle	hålt/halt	hålt/halt

Tabell 25: Bøyingsmønster for verbet *halda* (henta frå Time, 1986: 32).

Ein sentral del av problemstillinga til Time var å finna ut om det fanst eit homogent sentrumsmål i Time på byrjinga av 1970-talet. For å finna ut av dette spørsmålet måtte han sjå om dei mange sporadiske endringane i språkbruken til YG-gruppa festa seg til eit mønster, og om mange nok unge språkbrukarar identifiserte seg med denne nye språkbruken. Han meinte å finna eit slikt mønster, og konkluderte dermed med at språket til YG-gruppa viste konturane av eit jærsk sentrumsmål (Time, 1973: 149). Det sentrumsmålet Time meiner å sjå konturane av, er ikkje veldig ulikt det målet informantane i denne granskinga snakkar. Nokre endringar vil det sjølvsagt vera, men eg vil tru at talemålet til Bjørg i denne granskinga er relativt likt det talemålet YG-gruppa i Time si gransking snakkar. Her må eg minna om at dette berre er ein hypotese, men om denne hypotesen stemmer, vil det sentrumsmålet som Time skildrar, ha eksistert som ein relativt fast språkleg norm i om lag 50 år (og kanskje meir), og det i ein periode der Bryne har opplevd enorm vekst, og i tillegg fått bystatus.

### 6.2.2 Språk og identitet

Tabellen nedanfor viser korleis informantane ser på Bryne-målet og kva dei tykkjer om talemåla i Sandnes og Stavanger. Sidan Time kommune er ein tradisjonell nynorskkommune, har eg òg teke med kva slags forhold dei har til nynorsk i skulesamanheng.



<b>Arne</b>	<b>Astrid</b>	<b>Bjørn</b>	<b>Brage</b>
Ser på Bryne-målet som ei blanding mellom det tradisjonelle og det moderne. Tykkjer talemåla i Sandnes og Stavanger er «penare», og at dei som snakkar slik, kan verka litt høge på seg sjølv. Har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen, men skifta til bokmål på Vg3.	Ser på ungdommane på Bryne sitt talemål som ganske moderne og seier dette om Bryne-målet: «Det er liksom ikkje for breitt, men ikkje for pent heller.» Tykkjer Sandnes-målet er litt for pent, og at talemåla i Hå er for breie. Har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen, men skifta til bokmål på vidaregåande.	Ser på Bryne-målet som ganske bondsk og tradisjonelt, men ser på talemålet i Hå som enda «breiare». Tykkjer talemåla i Stavanger og Sandnes er greie, men at dei kan verta «litt mykje» om dei vert for pene. Har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen, men skifta til bokmål på vidaregåande.	Ser på Bryne-målet som ei blanding mellom det tradisjonelle og det moderne. Det vil seia mindre moderne enn Sandnes og Stavanger, men meir moderne enn talemåla i Hå. Har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen, men skifta til bokmål på vidaregåande. Likar ikkje nynorsk.

**Tabell 26: Oversikt over informantane sine språkhaldningar.**

Dei to gutane ser på Bryne-målet som ei blanding mellom det tradisjonelle og det moderne, mens jentene sprikjer meir i syna sine. Astrid ser på Bryne-ungdommen sitt talemål som ganske moderne, mens Bjørn tykkjer Bryne-målet er ganske bondsk og tradisjonelt. Her skulle ein nesten tru informantane tok utgangspunkt i sine eigne idiolekter når dei skal vurderer Bryne-målet. Resultata av dei språklege variablane viser som nemnt at Astrid har det mest moderne talemålet og Bjørn det mest tradisjonelle, mens gutane sine talemål begge ligg ein stad mellom Astrid og Bjørn.

Vidare vurderer alle informantane Bryne-målet som breiare og mindre moderne enn talemåla i Sandnes og Stavanger, men mindre breitt og meir moderne enn talemåla i Hå kommune. Fleire av dei karakteriserer Hå som eit «bondeland», som er meir konservativt enn Bryne, både språkleg og kulturelt. Likevel er det ikkje einstemmig begeistring for det som er meir moderne enn Bryne heller. Spesielt Arne og Bjørn er ganske kvasse i omtalane sine av folk som snakkar Sandnes- eller Stavanger-dialekt.

Alle informantane har hatt nynorsk som hovudmål alle ti åra i grunnskulen, men alle har skifta hovudmål til bokmål på vidaregåande. Arne skifta ikkje hovudmål før i Vg3, men alle dei andre skifta då dei byrja på Vg1. Det er berre Brage som gjev uttrykk for at han ikkje likar nynorsk og tykkjer det er vanskeleg. Astrid og Bjørg seier ikkje eksplisitt kva dei meiner om nynorsk og kvifor dei bytta hovudmål til bokmål. Arne bytta hovudmål fordi han meinte det var meir imponerande å ha god karakter i nynorsk når det stod som sidemål på vitnemålet.

### 6.2.3 Mental urbanisering

Tabellen nedanfor viser informantane sine syn på Bryne som urbant sentrum på Jæren, og korleis dei vurderer Bryne som by samanlikna med Sandnes og Stavanger.

Arne	Astrid	Bjørg	Brage
Uttrykkjer stoltheit av å vera frå og bu på Bryne, og tykkjer det er kult at Bryne har fått bystatus. Ser på Bryne som ein litt mindre moderne by enn naboane i nord, men påpeikar at Bryne i alle fall er meir moderne enn Nærbø og Varhaug.	Tykkjer at det å bu på Bryne er ei god blanding av å bu i ein by og å bu på landet. Likar godt at Bryne er relativt sentralt, og at det meste av tilbod ikkje er altfor langt vekke. I tillegg er ikkje Bryne langt vekke frå «byen», som då er Stavanger.	Er fornøgd med dei tilboda som finst på Bryne, og likar at Bryne ikkje er så stort. Tykkjer det er «løye» å tenkja på at Bryne er ein by, og er heller ikkje særleg glad i bylivet. Ser på Stavanger og Sandnes som meir «verkelege» byar enn Bryne.	Tykkjer Bryne er den perfekte blandinga mellom by og land. Meiner det er betre, billigare og tryggare å bu på Bryne enn i nabobyane i nord. Ser på Sandnes og Stavanger som storbyar i forhold til Bryne.

Tabell 27: Oversikt over informantane sine syn på Bryne som urbant sentrum.

Det er tydeleg at alle informantane er godt nøgde med å bu på Bryne, og det kan òg sjå ut som at dei set pris på at staden ikkje er for stor. Fleire av dei nemner at Bryne er ei fin blanding mellom det rurale og det urbane, men Bjørg seier at ho ikkje er spesielt glad i det urbane bylivet. Ho seier at det er enkelt å trekkja seg vekk om ein ynskjer det, og ho tykkjer det er rart at Bryne faktisk er ein by. Vidare seier ho at ho ser på Stavanger og Sandnes som meir skikkelege byar: «For når du kjem utanfrå då, ifrå... ifrå den verkelege byen, då tenkjer du

berre nei, korleis er dette by, på ein måte.» Då eg spør henne kva ho meiner med den verkelege byen, svarar ho «Det tenkjer eg er Sandnes, Stavanger.»

Arne tykkjer derimot det er kult at Bryne er by, og han seier at det gjer han stolt av å vera frå Bryne. Likevel meiner han at Bryne er mindre moderne enn Sandnes og Stavanger, men at Bryne er på god veg til å verta større og meir moderne. Han skulle gjerne sett at Bryne var endå meir «tilgjengeleg», spesielt i form av betre busstilbod, ettersom han tykte det kunne vera utfordrande å koma seg til stadar som ikkje ligg langs Jærbanen før han fekk sertifikat og bil. Elles seier han at han føretrekkjer det urbane over det rurale, og at han er glad for at han bur på Bryne og ikkje lenger sør, som til dømes Nærbø eller Varhaug.

Den geografiske plasseringa er noko av det Astrid trekkjer fram som spesielt positivt med det å bu på Bryne. Ho seier at alt kjennest ut som om det er i nærleiken, og påpeikar at det heller ikkje er langt til Stavanger, som ho konsekvent refererer til som «byen.» Då eg spør henne om dette, seier ho at det alltid har vore Stavanger som har vore «byen», sjølv om Bryne og Sandnes òg er byar. Vidare seier ho at det å «gå ut på byen» er synonymt med å gå ut i Stavanger, og at ho aldri kunne ha nytta denne frasen om å gå ut på Bryne.

Brage tykkjer Bryne er den perfekte blandinga mellom det urbane og det rurale. Noko av det han trekkjer fram som positivt med å bu på Bryne, er at det ikkje er for mange folk der, men ikkje for få heller. Det er tydeleg at han ikkje er veldig begeistra for bymiljøet, som han forbinder med «støy, masse folk og ingen fred å få.» Han meiner òg at Bryne er ein betre og tryggare stad enn Sandnes og Stavanger, og påpeikar i tillegg at Bryne er ein billigare stad å bu enn nabobyane i nord. Faktisk ser han på Sandnes og Stavanger som storbyar samanlikna med Bryne. Her legg han ekstra trykk på Stavanger som storby: «I alle fall Stavanger.»

#### 6.2.4 Fråkopling og tilbakekopling

Tabellen nedanfor viser informantane sine framtidsplanar, både når det gjeld utdanning og om dei kunne tenkja seg å busetja seg på Bryne når dei skal etablera seg.

<b>Arne</b>	<b>Astrid</b>	<b>Bjørg</b>	<b>Brage</b>
Vurderer å ta eit friår etter vidaregåande for å arbeida og ta eit lite avbrekk, men planlegg å studera etter kvart. Er usikker på kva han vil studera. Kan godt tenkja seg å bu på Bryne i framtida, men er open for å bu andre stadar.	Vurderer å ta eit friår etter vidaregåande der ho kombinerer jobbing og reising. Ynskjer å studera, men er usikker på kva ho vil studera. Vil reisa vekk for å studera, men kan godt tenkja seg å flytta tilbake til Bryne etter studia.	Skal ta eit friår etter vidaregåande, men planlegg å avleggja militærtjeneste i Nord-Noreg etter det. Ynskjer å ta politihøgskulen, og må då flytta vekk. Kan godt tenkja seg å flytta tilbake til Bryne etter utdanninga.	Planlegg å ta utdanning i militæret, og ynskjer då å flytta vekk. Kjem sannsynlegvis til å flytta tilbake til Bryne etter studietida, men utelukkar ikkje Sandnes eller Stavanger heller.

**Tabell 28: Oversikt over informantane sine framtidsplanar.**

Astrid og Brage er tydelege på at dei ynskjer å flytta vekk for å studera, og dermed kopla seg frå den lokale identiteten. Denne fråkoplinga er derimot mellombels, ettersom begge kunne tenkja seg å flytta tilbake etter studietida og dermed kopla seg tilbake til den lokale identiteten. Bjørg ynskjer å avleggja militærtjeneste i Nord-Noreg og ta politihøgskulen i Bodø eller Oslo etter det. Sidan det ikkje finst politihøgskule lokalt, vert ho meir eller mindre tvungen til å flytta vekk om det er denne utdanninga ho ynskjer å ta. Her kunne det vore interessant å vita om ho ville vurdert å verta buande på Bryne under studietida om det fanst eit politiutdanningstilbod lokalt. Ho er i alle fall tydeleg på at det ikkje er aktuelt å avleggja militærtjenesta lokalt. Dermed ynskjer ho òg å kopla seg frå den lokale identiteten mellombels, men etter studietida kan ho godt tenkja seg å flytta tilbake til Bryne. Arne veit framleis ikkje kva han ynskjer å studera eller kor han ynskjer å studera, og det er uaktuelt for han å avleggja militærtjeneste. Dermed er det uvisst om han ynskjer å kopla seg frå den lokale identiteten, men han kan i alle fall godt tenkja seg å bu på Bryne i framtida, sjølv om han òg er open for å bu andre stadar.

Når det gjeld dei to personlegdomstypane til Martin Skjekkeland (2009: 65), vil eg seia at alle informantane høyrer mest heime i homo domesticus. Alle fire er positive til heimstaden Bryne, det lokale talemålet, og dei kunne alle tenkja seg å slå seg ned her. Likevel finst det òg

trekk av homo dynamicus, ettersom fleire av dei ynskjer å flytta vekk for å studera. I tillegg er spesielt gutane opne for å slå seg ned andre stadar enn Bryne.

### 6.2.5 Oppsummering av resultat: sosiale variablar

Variabel	Oppsummert resultat
Geografisk tilhøyrse, kjønn og alder	Alle informantane har ei sterk geografisk tilhøyrse til Bryne, men ingen av dei snakkar heilt likt. Det er ei jente som snakkar den mest tradisjonelle og den mest moderne dialekta, mens gutane ligg midt mellom. Basert på det eg les av Tor Time si avhandling frå 1973, meiner eg at informantane i denne granskinga snakkar relativt likt dei yngste informantane i Time si gransking.
Språk og identitet	To av informantane ser på Bryne-målet som ei blanding mellom det tradisjonelle og det moderne. Dei to andre er delte, og ser på Bryne-målet som høvesvis «tradisjonelt og bondsk» og «relativt moderne». Alle ser på måla i Sandnes og Stavanger som penare og meir moderne, men haldningane til desse talemåla varierer noko. To av informantane uttrykkjer nokså negative haldningar til Sandnes- og Stavanger-mål, og alle uttrykkjer nokså negative haldningar til talemålet i Hå, som dei tykkjer er «for breitt».
Mental urbanisering	Alle informantane verkar godt nøgde med å bu på Bryne, men kva dei trekkjer fram som det mest positive med staden, varierer frå informant til informant. Mange av dei meiner Bryne er ei fin blanding mellom by og land, og dei set pris på at staden ikkje er for stor. Ein del av dei ser heller ikkje på Bryne som ein by; det er Stavanger og delvis Sandnes som er byane i regionen.
Fråkopling og tilbakekopling	Dei fleste informantane ynskjer å flytta vekk for å studera, men alle kan godt tenkja seg å slå seg ned på Bryne. Alle har eit positivt syn på heimstaden og det lokale talemålet, og dei høyrer derfor mest heime i personlegdomsgruppa homo domesticus.

Tabell 29: Oppsummering av dei sosiale variablane.

## 7. DRØFTING AV RESULTAT

Resultata som kjem fram i førre bolck, er svært interessante av to grunnar. For det første kan det verka som Bryne-målet held seg relativt godt, med forholdsvis lite påverknad frå Sandnes og Stavanger. For det andre viser dei at det «urbaniserte og standardiserte» jærmålet dei yngste informantane i Tor Time si gransking snakka på byrjinga av 1970-talet, etablerte seg som eit sentrumsmål på denne tida, og at det er meir eller mindre det same målet barneborna til denne generasjonen nyttar i dag. I denne bolcken skal eg drøfta resultata frå førre bolck i lys av sosiolingvistisk teori frå tredje bolck, samt relevant informasjon om byutviklinga på Bryne frå andre bolck.

### 7.1 Bryne-målet i kontakt med andre talemål

Som nemnt i del 2.1 opplevde Bryne industriell, merkantil og økonomisk vekst i perioden 1945–1960. I denne perioden opplevde Bryne òg ei relativt stor grad av tilflytting av folk frå utanfor Jæren. Etter denne perioden opplevde staden ytterlegare folkeauke og urbanisering, og mellom 1950 og 1980 dobla folketalet i Time kommune seg. Dette må ha ført det tradisjonelle jærmålet på Bryne i hyppig kontakt med andre, ikkje-jærske talemål, og er nok ein del av forklaringa bak etableringa av det såkalla sentrumsmålet i Tor Time si gransking. Sidan 1980 har folketalet i Time kommune meir enn dobla seg, og Bryne har vorte eit urbant sentrum på Jæren, med bystatusen i 2001 som det kanskje fremste beviset. Likevel viser resultata frå denne granskinga at Bryne-målet har endra seg overraskande lite på desse 50 åra, samanlikna med den yngste generasjonen i Time si gransking. Kvifor har ikkje talemålsendingane vore større i denne perioden? For å finna eit svar på det må ein sjå på kva sosiolingvistisk teori seier om dei drivkreftene som ligg bak språkending, eller språkbevaring, som denne granskinga kanskje lenar seg meir mot.

#### 7.1.1 Akkommodasjon – eller naboopposisjon?

I del 3.6.1 var eg innom akkommodasjonsteorien, som handlar om dei tilpassingane me gjer når me kommuniserer med andre. Me kan anten konvergera gjennom språkleg tilnærming, eller me kan divergera gjennom språkleg avstand. Sistnemnde kan òg vera eit døme på naboopposisjon. Resultata frå denne granskinga viser at alle informantane har eit svært positivt syn på Bryne og talemålet på Bryne. Dette gjeld spesielt Arne, som i tillegg seier eksplisitt at han er stolt over å vera frå og bu på Bryne. Han kjem i løpet av samtalen med følgjande

interessante observasjon om Bryne-målet og nabodialektene: «Bryne er mindre breitt enn Nærbø, men akkurat hakket breiare enn Klepp, eigentleg. For eg merkar at alle som er ifrå Klepp, dei skulle ynskja dei var ifrå Sandnes. Og så verkar det som at dei som bur på Bryne, er fornøgde med å bu på Bryne... og heller har... liksom... eg prøver i alle fall å ikkje bli såpass så... utvatna i dialekta at eg høyrast ut som eg er ifrå Sandnes.»

Dette sitatet er interessant av fleire grunnar. For det fyrste kan det han seier, vera ein indikasjon på at den lokale identitetskjenninga står sterkare på Bryne enn til dømes på Klepp, noko som antakeleg skuldast at Bryne har bystatus, mens Klepp «berre» er ein tettstad. Arne meiner i alle fall at mange ungdommar på Klepp ynskjer å høyrast meir urbane ut enn dei kanskje er. For det andre viser sitatet at Arne er ein språkbevisst ung mann som er oppteken av å halda på Bryne-målet. Likevel må han innrømme at han òg let seg påverka til ein viss grad, og at han seier «se» i staden for «sjå», noko han karakteriserer som eit «uhell». På spørsmål om kva konsekvensar urbaniseringa kan få for talemålet på Bryne, seier han at han trur det kjem til å vatnast meir og meir ut, noko han tykkjer er negativt: «Eg hadde synst det var dumt viss alle byrja å snakka sånn som dei gjer i Stavanger.»

Dei andre informantane har ikkje like sterke meiningar om Bryne-målet og talemåla rundt Bryne, men alle er einige i Bryne-målet er eit talemål som står plassert mellom dei «breie» talemåla i Hå og dei «pene» talemåla på Nord-Jæren. Det at alle informantane ser på talemåla i Hå som «for breie» og dei nord-jærske måla som «for pene», vitnar om stor grad av naboopposisjon blant dei. Dei vil vera jærske, men ikkje «for breie» eller «bondske». Så skal det nemnast at Bjørg ser på Bryne-målet som «ganske bondsk og tradisjonelt», men også ho poengterer at talemåla i Hå er mykje meir bondske enn Bryne-målet. Likevel kallar ho Bryne for «bondeland». Då eg spør henne om ho meiner Bryne er bondeland, seier ho «Nei, eg synest ikkje det, men dei i Stavanger... Ja... Bryne er jo litt meir by, då».

Ein språkleg variabel som viser variasjon mellom informantane, og som kan gje ein indikasjon på at Bryne-målet er i ferd med å verta ytterlegare urbanisert, er kvaliteten av diftongen /au/. Den tradisjonelle jærske uttalen er [au], men to av informantane vekslar noko mellom [au] og [œu]. Kanskje er denne vekslinga ein indikasjon på at [œu] på sikt kjem til å trengja vekk [au] på Bryne, noko som vil gjera Bryne-målet mindre jærsk. Samtidig rapporterte Tor Time (1974, gjengjeve i Sandvik, 1979: 57) for nesten 50 år sidan at dette var noko som var på gang allereie då, og at tendensen gjekk mot ei liknande uttale som i Sandnes-

mål, altså [œu]. Resultata frå denne granskinga viser at diftongen [au] framleis er i bruk, og det kan vera at veksling mellom [au] og [œu] rett og slett har vorte eit kjenneteikn på moderne Bryne-mål.

Så skal det seiast at resultata i denne granskinga er baserte på samtalar med meg, som snakkar nokså «breitt» Sandnes-mål, og eg har ikkje granska i kva grad informantane akkommoderer i andre sosiale samanhengar, eller i kontakt med andre talemål. Likevel synast dei å vera såpass språkleg medvitne, både når det gjeld eige talemål og nabomål, at eg meiner denne naboopposisjonen dei gjev uttrykk for, kan vera ei viktig forklaring bak kvifor Bryne-målet står såpass sterkt som resultata i denne granskinga viser.

### 7.1.2 Eit forenkla jærmål?

Sjølv om Bryne-målet har endra seg relativt lite på 50 år, finst det likevel enkelte område der det har skjedd endringar. Desse endringane må sjølvstøtt drøftast. I si gransking på 1970-talet peikte Tor Time mellom anna på at den yngste generasjonen oftare nytta svake bøyingsformer i verbmorfologien. Det er tydeleg at denne forenklinga har gått eit steg vidare, for det er ingen av informantane i denne granskinga som nyttar den tradisjonelle omlydsforma /<sup>1</sup>dræ:ge/ i presens, og det er berre éin informant som tidvis nyttar /<sup>1</sup>çæ:me/ og /<sup>1</sup>tæ:ge/. Omlydsforma /<sup>1</sup>sø:ve/ ser òg ut til å vera på retur, ettersom berre éin av informantane konsekvent nyttar denne, mens ein annan blandar mellom /<sup>1</sup>sø:ve/ og /<sup>1</sup>so:ve/. Vidare kan det òg sjå ut til at presensforma /ha:r/ på sikt kjem til å erstatta den tradisjonelle forma /he:/. Om ein ser på perfektum partisippbøyinga, er det ingen som nyttar dei tradisjonelle formene /<sup>2</sup>je:e/, /<sup>2</sup>sleie/ eller /<sup>2</sup>stane/.<sup>18</sup> Her står likevel den tradisjonelle forma /<sup>2</sup>ko:me/ relativt sterkt, ettersom to av informantane konsekvent nyttar denne. Vidare er Bjørg den einaste informanten som konsekvent nyttar /<sup>2</sup>dru:ge/ og /<sup>2</sup>tu:ge/, men elles er tendensen svak bøyning.

Eit anna punkt der Time seier det er store endringar mellom dei eldste generasjonane og den yngste generasjonen, er konsonantsamband som tradisjonelt vert differensierte eller segmenterte. Han trekkjer særleg fram dei differensierte formene *badn*, *nabn*, *lelsa* og *lopt*, som vert normaliserte til *barn*, *navn*, *lefsa* og *loft* hjå den yngste generasjonen. Av tradisjonelle segmenterte konsonantsamband trekkjer han fram *sykkedl* og *stevedl* som døme

---

<sup>18</sup> Tor Time listar riktig nok opp /slot/ og /stot/ som døme på «alternative former» som «syner auka tendens til svak bøyning hjå yngre», men /got/ står ikkje som eit alternativ til /<sup>2</sup>je:e/.



på former som har vorte normaliserte til sykkel og støvel, òg blant dei eldre generasjonane. Vidare seier han at segmenterte former som *fjedl* og *staidn* framleis vert nytta av den yngste generasjonen. Desse formene vert derimot ikkje nytta av informantane i denne granskinga. Faktisk er det svært få førekomstar av segmenterte konsonantsamband. To av informantane nyttar forma <sup>2</sup>vidle/ i staden for <sup>2</sup>vile/ om dyr som ikkje er tamme, og dei same informantane seier at dei blandar mellom <sup>1</sup>fudle/ og <sup>1</sup>fule/. Her kan det tenkjast at det har oppstått eit leksikalsk skilje mellom den segmenterte forma og den utjamna forma, der <sup>1</sup>fule/ tyder det motsette av *tom*, mens <sup>1</sup>fudle/ er det du vert når du drikk alkohol. Når det gjeld differensierte konsonantsamband, nyttar éin av informantane <sup>1</sup>hodn/ om bakverket, men her mistenkjer eg ei viss grad av idiomatisering, ettersom «halvt hodn med ost, skinka og piffi, varmt» nærmast har vorte eit idiomatisk uttrykk på Jæren. Her må eg likevel nemna at eg ikkje har grunnlag for å spekulera i kva han ville nytta i samanhengar der *horn* har andre tydingar.

Denne utjamninga av differensierte og segmenterte konsonantsamband, som har gått eit stykkje vidare samanlikna med den yngste generasjonen i Time si gransking, kan kanskje vera eit resultat av fonologisk forenkling, ettersom dei kanskje er enklare å uttala. Her slit eg litt med å vera fagleg objektiv, ettersom eg nyttar ein god del differensierte og segmenterte former sjølv. Dei utjamna formene samsvarar i tillegg med ortografien i skriftspråka, så det er sjølv sagt mogleg at bokmål eller nynorsk er normerande her. Likevel meiner eg at denne utjamninga i stor grad skuldast nivellering. Differensierte og segmenterte konsonantsamband er særskilt markerte språktrekk, og det er ikkje utenkjeleg at ungdom på Bryne, over fleire generasjonar og i aukande grad, har sett på desse som utprega tradisjonelle og bondske (jf. Trudgill, 1986: 98).

Om dette er tilfelle, er me inne på noko som er særskilt interessant. Det viser at Bryne-målet divergerer mot nord-jærske mål gjennom bevaring av mange av dei tradisjonelle jærske språktrekka, men at det òg divergerer mot talemålet i Hå kommune gjennom nivellering av trekk som kanskje vert sett på som «for breie». No har ikkje eg gjort ei gransking av talemålet i Hå, men ei sociolingvistisk gransking gjort av Kjersti Wold Slettebø i 2014, viste at differensiering og segmentering er meir utbreitt i Hå, sjølv om dei utjamna formene er på frammarsj der òg. Når fleire av informantane karakteriserer Bryne-målet som ei blanding mellom det tradisjonelle og det moderne, er dei kanskje inne på noko. Astrid si skildring av Bryne-målet tykkjer eg samanfatar dette på ein passande måte: «Det er liksom ikkje for breitt, men ikkje for pent heller.»

### 7.1.3 Regional eller nasjonal påverknad

I del 3.6.3 var eg inne på debatten om kor vidt det finst eit nasjonalt standardtalemål som påverkar talemålsutviklinga i Noreg, eller om endringane fyrst og fremst skjer fordi lokale dialekter konvergerer horisontalt mot eit regionalt bymål. Det regionale bymålet i dette tilfellet vil då vera talemålet i Stavanger, eller kanskje til og med Sandnes. Det vil derfor vera interessant å drøfta kor vidt desse faktorane kan ha ein påverknad på talemålet på Bryne. Dersom det er det regionale bymålet i Stavanger som har påverka dei relativt få endringane i Bryne-målet dei siste 50 åra, er det implisitt at Stavanger-målet vert sett på som ei prestisje-dialekt på Bryne. Dette verkar ikkje å vera tilfelle blant informantane i denne granskinga. Spesielt Arne og Bjørg er negativt innstilte til Stavanger-målet. Arne seier mellom anna at dei som snakkar Stavanger-dialekt, kan verka «litt høge på seg sjølve», og Bjørg seier at det kan verta «litt mykje, i alle fall om det vert for pent». Astrid og Brage har ikkje så sterke meiningar om Stavanger-dialekta, men dei gjev i alle fall ikkje inntrykk av at dei ser ho på som ei prestisje-dialekt. Astrid seier at ho kan verta påverka av Sandnes-dialekta, og trekkjer fram at ho kan seia til dømes *mye*<sup>19</sup> (mykje) i staden for den jørske varianten *møje* når ho snakkar med folk frå Sandnes. Ho seier òg at det er andre «småord» ho kan endra på, utan at ho nemner desse eksplisitt. Resultata av dei språklege variablane viser at Astrid er den av informantane som har det mest urbane talemålet, og eg får inntrykk av at ho er den av informantane som er mest tilbøyeleg til å akkommodera når ho kjem i kontakt med andre talemål. Dei tre andre nemner ingenting om at dei «legg om» dialekta når dei snakkar med folk frå andre stader, men her må eg poengtera at dette heller ikkje var noko eg spurte eksplisitt om i løpet av samtaleintervjuet.

Når eg spør informantane om konkrete skilnadar mellom Bryne-dialekta og Sandnes- og Stavanger-dialekta, får eg mange ulike svar. Arne seier mellom anna at folk frå Sandnes og Stavanger seier *eg* og *skole* i staden for *æg* og *skule*. Astrid seier at Bryne-målet har meir *æ*, mens i Sandnes og Stavanger er det meir *e* (jf. Sandvik, 1979: 49–50). I tillegg trekkjer ho fram det nemnte dømet *mye* i staden for *møje*, samt *skiva* i staden for *skjeva*. Noko ho nemner som typisk for Stavanger-dialekta, er år-endinga i hankjønns- og hokjønnsord: *jentår* og *guttår*. Bjørg nemner *eg* og *meg* i staden for *æg* og *mæg* som typiske for Sandnes- og Stavanger-dialekta, samtidig som ho trekkjer ein viss parallell mellom Stavanger-dialekta og

---

<sup>19</sup> Når det gjeld akkurat dette ordet, er det nok ein generasjonsskilnad i Sandnes. Eg og mange frå min generasjon nyttar *møje*, mens *mye* sannsynlegvis er det vanlegaste blant den yngre generasjonen, utan at eg har undersøkt dette nærmare.

Oslo-dialekta: «Akkurat som Oslo-dialekta, det er òg veldig by... Kan bli litt mykje.» Brage nemner ingen konkrete døme på noko han ser på som typisk for Sandnes- og Stavanger-dialekta, men trekkjer fram adverbet *gjedna* som eit døme på ord folk frå Stavanger ikkje forstår. Dette ordet er jo litt interessant, for det er opphavleg den differensierte forma av *gjerna*. Resultatdelen i denne granskinga viser at differensiering er så godt som ute av yngre Bryne-målet,<sup>20</sup> men her kjem Brage med enno eit døme på ein differensiert form han nyttar. Når eg spør han kva *gjedna* tyder, seier han at det er det same som *kanskje*. Som i dømet med /<sup>1</sup>fudle/ og /<sup>1</sup>fule/ meiner eg at det også her har oppstått eit leksikalsk skilje, der *gjedna* har vorte eit synonym til *kanskje*, mens *gjerna* framleis har den opphavlege tydinga «gladeleg» eller «med glede».

Basert på resultatene av dei språklege variablane i denne granskinga og det informantane seier om dialektene i Sandnes og Stavanger, meiner eg at det regionale bymålet har relativt liten påverknad på Bryne-dialekta i dag. Det verkar som Bryne-dialekta har forholdsvis høg status på Bryne, og informantane i denne granskinga har i alle fall ingen ynskje om å høyrast ut som dei kjem frå Sandnes eller Stavanger. Sidan dei språklege endringane i denne granskinga i stor grad samsvarar med dei endringane Tor Time i 1973 la fram som typiske for den yngste generasjonen, kan det tyda på at Bryne-ungdommen ein gong i tida har vore meir mottakelege for språkleg påverknad enn dei er i dag. Det språket Time sin yngste generasjon snakka, vart kanskje sett på som urbant nok, samtidig som det skil seg frå talemåla i Sandnes og Stavanger. Om denne påverknaden kom frå Sandnes eller Stavanger eller frå eit standardspråk, er ikkje godt å seia. I avhandlinga si skriv Tor Time om den mellomste og den eldste generasjonen at «dei har ein tolleg sikker og sjølvsgd målbruk» og «få vil dra i tvil at dialekten ligg nærast nynorsk skriftmål» (Time, 73: 5). Vidare skriv han at den yngste generasjonen synast å vera eit unntak frå denne tradisjonen, ettersom han omtalar denne gruppa som «representativ for språklege nydanningar og usikker språkbruk» (Time, *ibid*). Dette kan tolkast som at han meiner at ein del av desse språklege nydanningane kjem frå bokmålet, utan at han nemner dette eksplisitt.

Korleis er så desse merknadane relevante for informantane i denne granskinga? Felles for dei alle er at dei har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen, men så har alle skifta hovudmål til bokmål i løpet av vidaregåande. Dette kan tyda på at bokmålet har ein viss

---

<sup>20</sup> Unntaket er at Brage seier *hodn* i staden for *horn*, men her mistenkjer eg, som nemnt i del 7.1.2, ei viss grad av idiomatisering, der *hodn* er namnet på bakverket, mens *horn* kanskje vert nytta om ordet har andre tydingar.

prestisje i ein kommune som seinast i 2016 vart heidra som årets nynorsk-kommune. Det er i alle fall ikkje utenkjeleg at bokmål har høgare status enn Sandnes- og Stavanger-mål på Bryne, og at det derfor har større påverknad på Bryne-målet enn det nabomåla i nord har. Så kan ein sjølv sagt seia at dei urbane formene (som ofte samsvarar med bokmål) som vert nytta av informantane i denne granskinga, òg samsvarar med Sandnes- og Stavanger-mål. Eg meiner at det er spesielt to variablar som ville hatt høgare frekvens av urbaniserte former dersom Bryne-målet akkommoderte mot Sandnes- og Stavanger-mål: samanfall av /æ:/ og /e:/ (variabel 1) og fleirtals-r i hankjønns- og hokjønnsord (variabel 10). Både Time (1973) og Sandvik (1979) spår i si tid at /æ:/ og /e:/ vil falla saman i jærmålet, og begge karakteriserer fleirtals-r i hankjønns- og hokjønnsord som eit ekspansivt målmerke. Denne granskinga viser derimot at /æ:/ framleis er eit tydeleg kjenneteikn på Bryne-fonologien, og at fleirtals-r førebels ikkje ser ut til å festa seg i Bryne-morfologien. Dette tyder på at Bryne-målet i relativt liten grad let seg påverka av eit regionalt bymål.

Samtidig er det ikkje heilt enkelt å konstatera at Bryne-målet i dag let seg påverka av eit nasjonalt standardspråk heller, sjølv om ein kan argumentera for at bokmål har høgare prestisje enn dei regionale bymåla. Basert på det eg har funne ut i denne granskinga, meiner eg at Bryne-målet allereie har vore gjennom ei urbaniserings- eller standardiseringsbølge, og at denne bølga meir eller mindre starta med den yngste generasjonen i Time si gransking. Denne bølga er sannsynlegvis eit resultat av språkleg kontakt med Sandnes- og Stavanger-mål, med bokmål, og med andre talemålsvarietetar. På denne tida opplevde Bryne stor tilflytting frå utanfor Jæren, og då er det sannsynleg at talemålssituasjonen ein periode var nokså diffus, med det tradisjonelle jærmålet på den eine sida, og det urbane sentrumsmålet på den andre sida.

#### 7.1.4 Regionaliseringsmyta?

Mange lærebøker for norskfaget i den vidaregåande skulen presenterer regionalisering som ei forklaring til at mange norske dialektar vert likare kvarandre. I læreboka *Appell* (Børresen et al., 2021) kan ein mellom anna lesa at «språktrekk frå Oslo, Trondheim, Tromsø og andre byar spreier seg ut i distriktet». Som ei forklaring på desse språkendingane står det «at folk flyttar på seg og difor tilpassar språket sitt mot eit bymål, og at talemålet i regionsentra har større prestisje, kan vere to moglege forklaringar på denne endringa». Her vert talemålsendingane i dagens Noreg nærmast framstilt som eit dialekt-drama der det er

storbyane som spelar rolla som skurken. For områda rundt dei nemnte byane, og heilt sikkert mange andre stader òg, er nok dette tilfelle, men i denne granskinga ser eg ingen tendensar til at Stavanger-målet spreier seg ut til Bryne.

Denne regionaliseringsmyta har tydelegvis festa seg hjå informantane i denne granskinga òg, fleire av informantane trur at Bryne-målet kjem til å verta meir og meir likt Stavanger-målet. Brage seier eksplisitt at han trur folk på Bryne kjem til snakka meir og meir likt folk i Sandnes og Stavanger, og Arne seier at han trur Bryne-målet er i ferd med å verta «utvatna». Time (1973) og Sandvik (1979) spår òg at mellom anna samanfall av /æ:/ og /e:/ og fleirtals-r vil spreia seg sørover, men resultatane frå denne granskinga viser lite som kan tyda på at dette er tilfelle no. Dette kan sjølvsagt endra seg, men det kan òg vera at det er nettopp Bryne som tek på seg rolla som skurk i eit sør-jærsk dialekt drama, der det er «bymålet» på Bryne som spreier seg ut til resten av Sør-Jæren.

### 7.1.5 Bryne – eit fokusert eller diffust språksamfunn?

I del 3.6.4 gjorde eg greie for Trudgill sine omgrep diffus og fokusert når ein snakkar om stabiliteten i eit avgrensa språksamfunn. Å svara på om Bryne er eit fokusert eller diffust språksamfunn, ville ha vore mykje enklare dersom alle informantane i denne granskinga snakka som Bjørg. Då kunne ein kanskje konkludert med at språksituasjonen på Bryne er relativt fokusert, og at talemålet har endra seg forholdsvis lite på 50 år. Så enkelt er det likevel ikkje. Ingen av informantane snakkar nemleg heilt likt, sjølv om det heller ikkje er tvil om at alle snakkar Bryne-dialekt.

Så er det kanskje heller ikkje heilt enkelt å fastslå kor mykje talemålsvariasjon som skal til for at språksamfunnet skal gå frå å vera fokusert til å vera diffust. Viser resultatane av dei språklege variablane nok homogenitet til at me kan kalle Bryne eit fokusert språksamfunn, eller viser dei nok variasjon til at me kan kalla staden eit diffust språksamfunn? Resultatane frå denne granskinga viser ikkje like stor grad av homogenitet som Randi Maudal (2021) si gransking av talemålet i Maudal, men eg meiner likevel at dei viser at Bryne-målet held seg overraskande godt. Dette vert særleg tydeleg om eg samanliknar med korleis storparten av elevane mine frå Sandnes snakkar. Som eg nemnte i del 4.2, er mine impresjonistiske inntrykk at fleire og fleire Sandnes-ungdommar snakkar ei dialekt som ligg svært nær Stavanger-mål, men dei same tendensane har eg ikkje funne på Bryne.

Fleire av informantane i denne granskinga meiner at talemålet på Bryne er ei blanding mellom det tradisjonelle og det urbane, og eg tykkjer Astrid si skildring av Bryne-målet som «ikkje for breitt, men ikkje for pent heller» er særstreffande. Om ein skal plassera Bryne-målet på den dikotomiske aksent–diffust, kan ein kanskje seia at Bryne-målet også her er ei blanding. Fleire språklege variablar, til dømes samanfall av /æ:/ og /e:/, svarabhaktivokal og fleirtals-r, viser i alle fall stor grad av homogenitet, mens andre viser meir variasjon. Likevel meiner eg samla sett at resultatane frå denne granskinga viser at dagens Bryne-mål er relativt fokusert. Så kan det sjølvstundt vera at ein språkforskar om 50 år vil nytta denne granskinga som bakgrunn for så å finna at alle dei tradisjonelle jærskje språkdraga er heilt ute av Bryne-målet, og dermed slå fast at då har Bryne vorte by i språket òg.

### 7.1.6 Språkbevaring trass i aukande urbanisering

Stian Hårstad og Toril Opsahl (2013) sine granskingar av språkutviklinga i Trondheim og Oslo viser at yngre språkbrukarar i desse byane i større grad samlar seg om ein språkleg «mellomveg» mellom det såkalla folkemålet og eit høgare, skriftspråknært talemål. Talemåla til informantane i granskinga (og den yngste generasjonen i Tor Time si gransking) kan tyda på at det moderne Bryne-målet òg er ein språkleg mellomveg mellom det tradisjonelle jærmålet og eit høgare, skriftspråknært talemål. Dette skriftspråknære talemålet kan vera talt bokmål, for det er ingen tvil om at informantane i denne granskinga og Time sin yngste generasjon nyttar fleire bokmålsnære former enn det ein finn i det tradisjonelle jærmålet, sjølv om mange av dei tradisjonelle jærskje formene framleis dominerer.

Så vil eg òg poengtera at når eg seier at mange av dei tradisjonelle jærskje formene framleis dominerer, og at Bryne-målet har endra seg relativt lite på 50 år, er det Time sin yngste generasjon eg nyttar som samanlikningsgrunnlag. Eg mistenkjer at Time sin yngste generasjon var representantar for eit relativt urbant jærmål som vaks fram og etablerte seg etter andre verdskrigen, og at det er dette talemålet me i dag kjenner som Bryne-dialekta. Dette var ei tid då mange frå utanfor Jæren flytta til Bryne, noko som må ha ført det tradisjonelle jærmålet på Bryne i hyppig kontakt med andre ikkje-jærskje talemål. Resultatet av denne dialektkontakten må ha vore det såkalla sentrumsmålet den yngste generasjonen hjå Time er representantar for. Så vil eg minna om at den yngste generasjonen i Time si gransking alle var unge kvinner, og det er ikkje utenkjeleg at dei unge kvinnene snakka mindre tradisjonelt enn dei unge mennene på denne tida. Derfor kan det vera at Time sitt

informantutval skapar eit større språkleg skilje mellom den yngste og dei to eldste generasjonane enn det som faktisk var tilfelle. Eg mistenkjer at Time valde å ha berre unge kvinner som representantar for sentrumsmålet, nettopp for å skapa størst mogleg kontrast mellom generasjonane. Representantane for den eldste og den mellomste generasjonen er høvesvis tre kvinner og sju menn (Time, 1973: 153), og det kan tenkjast at Time sitt informantutval derfor ikkje gjev eit balansert bilete av talemålssituasjonen i Time kommune på byrjinga av 1970-talet. Uansett kan det verka som at det talemålet som på denne tida primært vart snakka av unge kvinner, i dag er det Bryne-målet som vert snakka av begge kjønn.

Før eg gjennomførte intervju med informantane til denne granskinga, vurderte eg om eg i tillegg skulle ha to kontrollinformantar frå nokre av bygdene i Time kommune. Sidan dei fire opphavlege informantane hadde såpass mange tradisjonelle jørske språkdrag, slo eg dette frå meg. Med den folkeauken og aukande urbaniseringa Bryne opplevde på siste halvdel av 1900-talet, trur eg nemleg at det såkalla sentrumsmålet har breidd seg meir og meir utover i Time kommune, og at det i dag ikkje er så stor skilnad mellom talemålet på Bryne og talemålet på til dømes Undheim eller Hognestad. Eg hadde nok funne fleire tradisjonelle trekk i verbmorfologien og meir segmentering og differensiering, men elles trur eg resultatane hadde samsvart ganske godt med korleis Bjørg i denne granskinga snakkar. Dette er riktig nok ikkje noko eg har undersøkt, og derfor har eg heller ikkje anna grunnlag enn mine egne impresjonistiske inntrykk frå samtalar med folk frå ulike bygder i Time kommune.

### 7.1.7 Den sterke identiteten på Bryne

Det at det er såpass liten lingvistisk skilnad mellom informantane i denne granskinga og den yngste generasjonen hjå Tor Time, kan vitna om at det har vakse fram ein sterk språkleg identitet på Bryne, trass i at staden har opplevd sterk folkeauke og urbanisering. Ein kunne kanskje trudd at dette skulle svekka den språklege identiteten, men eg meiner urbaniseringa har styrka Bryne-identiteten, både på eit sosialt og eit språkleg plan. I tillegg tyder resultatane av dei sosiale variablane i denne granskinga på at ungdom frå Bryne er stolte av staden, og at dei ynskjer å visa det gjennom språket.

Forholdet mellom heimstaden og den lokale identitetskjenninga er sentrale faktorar i fleire sosiolingvistiske granskingar, til dømes hjå Martin Skjækkeland (2009), som seier at lokal

tilhøyrslø er identitetsskapande, særleg i Noreg, og at dette nærmast er noko som er medfødd (Skjekkeland, 2009: 37). Sidan dei fire informantane i denne granskinga viser såpass tydeleg bruk av Bryne-dialekt, må den lokale identitetskjenninga vera sterk hjå dei. Dette vert òg underbygga av det dei seier om staden i dei kvalitative djupneintervjua. Dei har knapt noko negativt å seia om Bryne, og det er tydeleg at dei er glade i staden. Derfor kan kanskje det å leggja om dialekta opplevast som eit språkleg svik, ikkje berre mot heimstaden, men òg mot den lokale identitetskjenninga.

## 7.2 Kvifor snakkar Astrid og Bjørg såpass ulikt?

Noko eg tykkjer er særst interessant med denne granskinga, er at det er to jenter som lingvistisk sett står lengst frå kvarandre. På førehand hadde eg forventa at gutane skulle vera dei mest tradisjonelle og at jentene skulle vera dei med færrest tradisjonelle språkdrag. No er riktig nok Astrid den av informantane med det mest urbaniserte talemålet, men på motsett side står Bjørg, som snakkar ei Bryne-dialekt som må karakteriserast som ganske tradisjonell. Kvifor er det såpass stor språkleg skilnad mellom desse to informantane? Eg må nok innrømme at mine eigne forventningar om at jentene skulle vera dei mest urbane og gutane dei mest tradisjonelle, kjem frå eldre sosiolingvistiske granskingar som har presentert nettopp dette språklege motsetningsforholdet mellom kjønna (Skjekkeland, 2009: 27–28).

I dag har likestillinga kome eit stykkje lenger, så det er kanskje ikkje like nødvendig for kvinner å forsøka å oppnå høgare status med å bruka standardiserte prestisjeformer. Eg trur heller ikkje at Astrid sitt talemål er eit forsøk på å oppnå høgare status, men heller eit resultat av språkleg kontakt og språklege val ho tek for å visa kven ho er. På spørsmål om ho trur bystatusen på Bryne har hatt noko å seia for talemålsutviklinga, seier ho at ho høyrer forskjell på seg sjølv og korleis foreldra og besteforeldra hennar snakkar: «Så eg trur nok at vår generasjon snakkar, på ein måte, penare jærsk enn det... sånn som foreldra og besteforeldra våre.» Vidare peikar på ho at det er ein stor vidaregåande skule på Bryne, der det kjem elevar frå både lenger sør på Jæren, men òg frå Sandnes, Stavanger og Ålgård. Ho meiner dette kan gjera at dialekta til Bryne-ungdommen vert meir utvatna. Dessutan seier ho at ho ikkje er like mykje med folk frå Bryne som ho var før, og at mange av venane hennar kjem frå Klepp, Sandnes og Ålgård. Som nemnt i del 7.1.3 er Astrid medviten om at ho kan verta påverka av andre nærliggjande talemål, og det kan rett og slett vera at akkommodasjonen har festa seg meir hjå henne enn til dømes Bjørg.



Resultata av dei språklege variablane viser heilt klart at Bjørg har det mest tradisjonelle talemålet av dei fire informantane. Dette er moglegvis noko ho er klar over sjølv òg. Når eg spør henne om ho vil karakterisera Bryne-målet som urbant og moderne eller bondsk og tradisjonelt, seier ho «litt meir bondsk og tradisjonelt, vil eg seia [...] Mykje av dialekta er jo frå gammalt av, og det er jo ein veldig liten dialekt [...] no har han kanskje blitt litt meir moderne og forandra, men den eg har, føler eg er litt meir tradisjonell, kanskje.» Dette viser at ho er klar over at det finst moderniseringstendensar i Bryne-målet, men at ho er oppteken av å halda på mange av dei tradisjonelle trekka. Vidare nemnar ho at foreldra, som er frå høvesvis Bryne og Lye, er dei som har påverka talemålet hennar mest, og at ho vert særst lite påverka av folk rundt seg. Resultata av dei sosiale variablane viser òg at ho ikkje er særleg glad i bylivet, og at ho tykkjer talemåla i Sandnes og Stavanger kan verta «litt mykje», særleg om dei er «for pene». Dersom eg skal koma med ein konklusjon basert på denne informasjonen, meiner eg det er sannsynleg at Bjørg akkommoderer i særst liten grad når ho kjem i kontakt med andre nærliggjande talemål, og at ho kanskje heller tydeleggjer jærskje språkdrag for å visa kven ho er og kor er frå. I så fall viser Bjørg stor grad av naboopposisjon (jf. s. 17 og s. 23), og det er ikkje utenkjeleg at naboopposisjon er ein sentral språkbevarande faktor på Bryne.

## 8. AVSLUTNING

Når det no er på tide å avslutta denne jærskje dialektreisa, som har teke meg over Skjævelandsbrua, gjennom Klepp, til Bryne, det urbane sentrumet på Jæren, og tilbake til Ganddal igjen, sit eg igjen med kanskje fleire spørsmål enn svar. Alle dei spørsmåla skal eg ikkje nemna her, men nokre av dei kjem eg tilbake til i del 8.2. Fyrst skal eg prøva å samla trådane og svara på problemstillinga og forskingsspørsmåla som danna utgangspunktet for denne språkreisa.

### 8.1 Svar på problemstilling og forskingsspørsmål

Som nemnt i innleiinga har utgangspunktet for denne talemålsgranskinga har vore denne problemstillinga:

- Korleis har talemålsutviklinga på Bryne vore dei siste 50 åra, og kva skuldast eventuelle endringar?

Om ein samanliknar talemålet til informantane i denne granskinga med talemålet til dei yngste informantane i Tor Time si gransking frå 1973, er talemålsendringane relativt få. Verb- morfologien har vorte noko forenkla og fleire differensierte og segmenterte konsonant-samband har vorte utjamna, men dette var òg tendensar hjå Time sin yngste generasjon. I Time si hovudfagsavhandling kan ein lesa at det er relativt store dialektforskjellar mellom den eldste og den mellomste generasjonen på den eine sida og den yngste generasjonen på den andre sida. Mens dei to eldste generasjonane står som representantar for «tolleg stø målføring», står den yngste generasjonen som representantar for det «nyare sentrumsmålet». Dette sentrumsmålet er i dag det eg vil kalla Bryne-målet eller Bryne-dialekta, og dette talemålet har altså halde seg nokså stabilt dei siste 50 åra.

1: Korleis er språksituasjonen blant yngre språkbrukarar på Bryne i dag?

Resultata av denne granskinga viser at språksituasjonen blant yngre språkbrukarar på Bryne i dag er relativt fokusert og stabil. Dei fire informantane i granskinga har mange lingvistiske likskapstrekk, og dei er alle opptekne av at dei ikkje ynskjer å høyrast ut som dei kjem frå Sandnes eller Stavanger. Dei ynskjer heller ikkje å høyrast ut som dei kjem frå Hå, og fleire

av dei framhevar at Bryne-målet er ei blanding av det tradisjonelle jærmålet og eit meir moderne bymål. Dette samsvarar med Hårstad og Opsahl sine funn om språklege mellomvegar mellom folkemålet og høgare, skriftspråksnære talemål i høvesvis Trondheim og Oslo. At dagens Bryne-mål viser seg å vera ein slik språkleg mellomveg som har halde seg såpass stabil i 50 år, vitnar om ei sterk identitetskjenning blant ungdom på Bryne. Denne identitetskjenning kjem tydeleg fram i dei språklege vala Bryne-ungdommen føretek seg.

## 2: Korleis har talemålet endra seg i forhold til tidlegare generasjonar?

Som nemnt ovanfor har talemålet på Bryne endra seg relativt lite om ein samanliknar med den yngste generasjonen i Tor Time si gransking. Om ein samanliknar med den eldste og den mellomste generasjonen til Time, er endringane større, men det kan ein lesa meir om i Time si hovudfagsoppgåve eller kortversjonen *Haurt saure*. I innleiinga nemnte eg at Time si gransking gav konturane av eit sentrumsmål i Time, og eg hadde på førehand trudd at dette sentrumsmålet ville ha endra seg meir enn det faktisk har gjort. Etter å gjennomført denne granskinga trur eg at dette sentrumsmålet Time skildra i 1973, for lengst har etablert seg som talemålsnorm på Bryne, og at dette talemålet i dag spreiar seg ut frå Bryne til resten av Time kommune, og kanskje til og med resten av Sør-Jæren.

## 3: Kva er i så fall forklaringsfaktorane bak dialektendringane?

Dialektendringane på Bryne har vore såpass få at dette forskingsspørsmålet kanskje burde ha vore omformulert til «Kva er forklaringsfaktorane bak dialektbevaringa?», men eg freistar meg likevel til å svara på det opphavlege, ettersom det faktisk er nokre få dialektendringar. Der ein ser dei største endringane, er i verbmorfologien, samt bortfall av differensierte og segmenterte konsonantsamband. Dette var òg endringar Tor Time fann blant den yngste generasjonen i si gransking. Denne granskinga viser at verbmorfologien vert ytterlegare forenkla, ettersom fleire tradisjonelle presensformer med omlyd vert bytta ut med meir regelrette presensformer. Det same gjeld enkelte perfektum partisippformer, der tradisjonelle tostavingsord med tonelag to vert bytta ut med einstavingsord. Desse endringane meiner eg er eit resultat av språkleg kontakt og språkleg forenkling (jf. Sandøy, 2009), ettersom Bryne-målet etter andre verdskrigen har vore i hyppig kontakt med andre ikkje-jærske talemål. At fleire og fleire differensierte og segmenterte konsonantsamband vert utjamna, meiner eg òg skuldast språkleg kontakt, men her er det ikkje nødvendigvis snakk om forenkling.

Differensiering og segmentering er utprega markerte språkdrag, og det er ikkje utenkjeleg at Bryne-ungdommen over tid har slipt ned desse trekka i kontakt med andre talemål (jf. Trudgill, 1986).

## 8.2 Vidare forskning

Det eg tykkjer hadde vore det mest interessante å forska vidare på når det gjeld talemålet på Bryne, er kor vidt dette sentrumsmålet, slik Tor Time kalla det, har spreidd seg og fortset å spreia seg utover i Time kommune, og kanskje til og med lenger sørover på Jæren. Eg mistenkjer at ungdommar over heile Time har ein språkleg åtferd som ikkje skil seg veldig frå det som er lagt fram i denne granskinga, gitt at dei har minst éin forelder som òg er frå Time. Eg hadde heller ikkje vorte overraska om det finst ein del «Time sentrumsmål» i Hå kommune heller, sjølv om det nok òg er ein del Hå-ungdommar som tydeleg opponerer mot dette jærskje «bymålet». Reiser ein nordover, til Klepp til dømes, trur eg ikkje ein vil finna like mykje Time sentrumsmål, for her eg trur Sandnes- og Stavanger-måla har sterkare påverknadskraft enn Bryne-målet.

Noko anna som hadde vore interessant å forska vidare på, og som ikkje berre gjeld Bryne-målet, er kor godt tradisjonelle dialekttrekk held seg i samansette ord og faste uttrykk. I innleiinga lanserte eg ein hypotese om at tradisjonelle dialekttrekk held seg dårlegare i samansette ord, men funna i denne granskinga har ikkje overtydt meg om at dette stemmer. Eg registrerte riktig nok nokre tilfelle der til dømes *moglegheit* og *utdanning* vart uttala utan lenisert plosiv etter langt vokalfonem, men det er ikkje nok til å konkludera med at dette er eit tydeleg mønster. Då ser eg eit klarare mønster i frasar som kan virka idiomatiserte, som me såg med døma *norsk geografi* og *norsk historie*, der svarabhaktivokalen ikkje vart uttala. Informantane i denne granskinga nytta generelt lite differensiering og segmentering, men i område der dette er høgfrekvente trekk blant ungdommar, hadde det vore interessant å granska korleis differensierte og segmenterte konsonantsamband heldt seg i samansette ord eller faste uttrykk. Til dømes seier eg sjølv *gadm* i staden for *garn*, men eg nyttar berre differensiering i samansette ord der *garn* er det siste leddet: *blandingsgadm*, men *garnnøste*. Vidare seier eg *adle* i staden for *alle*, men i det faste uttrykket *i alle fall* nyttar eg ikkje segmentering. Her kunne eg ha gitt mange fleire døme frå mitt eige talemål, men eg har ikkje funne noko fagleg stoff om akkurat dette, så dette vil eg tru er ei språkleg jaktmark for dei som måtte vera interesserte.

Ei side ved Bryne-dialekta som eg ikkje har kasta lys over i denne granskinga, er kor godt tradisjonelle jørske ord og uttrykk står seg i yngre Bryne-mål. Arne seier mellom anna «Me bruker jo mindre breie uttrykk då», og eg skulle gjerne ha visst meir om kva han legg i akkurat dette. Astrid nemner òg uttrykket «dæ æ jabnå så dræge»<sup>21</sup> som eit typisk uttrykk som besteforeldra hennar nyttar, men som ho ikkje nyttar sjølv, i alle fall ikkje i fullt alvor. Om ho nyttar dette uttrykket, er det mest «på tøys», og det ville ha vore interessant å granska kva forhold ungdom på Bryne og resten av Jæren har til desse gamle uttrykka. Kanskje er det nettopp det å bruka desse uttrykka «på tøys» som gjer at dei kjem til å overleva dei neste 50 åra òg. Om dei overlever så lenge, hadde det vore «grævla jillt». Samtidig kan det vera at aukande urbanisering på Bryne fører til ytterlegare språkleg «omveling». Ein ting er i alle fall sikkert: Det er ikkje lett å «gjæra adle te lags», så kanskje ein berre må tenkja «vannari» og la språkutviklinga få gå sin gang. Den som lever, får høyra!

---

<sup>21</sup> Dette er eit uttrykk som ikkje er så enkelt å omsetja til normert nynorsk, men det kan vel seiast å vera det motsette av «å gjera eit skippertak». Med andre ord: det å arbeida jamt og trutt gjev det beste resultatet. Kanskje kan det òg trekkjast ein parallell til det engelske uttrykket «Slow and steady wins the race»?

# LITTERATUR

Bøe, P. S. S. (2013). *Språkendringer sør på Jæren: En sosiolingvistisk studie i virkelig tid frå Ognå* [Masteroppgåve]. Universitetet i Bergen.

Børresen, P. F., Jomisko, A. L., Longva, I. C., Sørhaug, J. O. & Aasbrenn, I. (2021). *Appell Vg2/Vg3 SF*. Oslo: Gyldendal.

Chambers, J. K. & Trudgill, P. (1998). *Dialectology. Second edition*. Cambridge: Cambridge University Press.

Gabrielsen, F. (1984). *Eg eller je? En sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus forlag.

Hognestad, J. K. (2019a). Fonologi og fonetikk. I H. Brøseth, K. M. Eide og T. A. Åfarli (red.), *Språket som system: Norsk språkstruktur* (s. 41 – 67). Bergen: Fagbokforlaget.

Hognestad, J. K. (2019b). Språk i småbyen: varietet og variasjon. *Maal Og Minne, 111* (1).

Hårstad, S. & Opsahl, T. (2013). *Språk i byen: Utviklingslinjer i urbane språkmiljøer i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.

Ims, C. S. (2010). *Sandnes i skyggen av Stavanger: En sosiolingvistisk undersøkelse av Sandnes-mål med utgangspunkt i utvalgte språklige variabler* [Masteroppgåve]. Universitetet i Agder.

Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode. 3. utgave*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Johannessen, J. T. (2020). *Talemålsendringer i Stavanger i dag: En sosiolingvistisk undersøkelse av yngre talere av stavangersk* [Masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.

Johnsen, S. (2016). Time heidra som årets nynorskkommune, *Jærbladet*. [jbl.no/time-kommune/nynorsk/reinert-kverneland/time-heidra-som-arets-nynorskkommune/](http://jbl.no/time-kommune/nynorsk/reinert-kverneland/time-heidra-som-arets-nynorskkommune/).

Kulbrandstad, L. A. (2005). *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder, 3. utgave.* Oslo: Universitetsforlaget.

Løvik, A. & Moi, B. (2012). *Jærbanen: Livsnerven mellom Egersund og Stavanger.* Bryne: Jæren forlag.

Maudal, R. (2021). *Målet i Maudal: Ei sosiolingvistisk undersøkning av språksituasjonen i ei lita bygd i ei stor verd* [Masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.

Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner: Når språk møtes.* Oslo: Novus forlag.

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2008). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk, 2. utgave.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Mæhlum, B. & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Nilsen, T. S. (2010). *English Pronunciation and Intonation. British, American and World Englishes. 3. edition.* Oslo: Universitetsforlaget.

Omdal, H. (1967). Noen karakteristiske trekk ved det høyere talemålet i Stavanger – jamført med folkemålet. *Maal og Minne*, s. 79–100.

Sandvik, O. H. (1979). *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon: Om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalands-målet.* Stavanger: Rogalandsforskning.

Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men...! *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*. Årgang 27, 2009, s. 27–47.

Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling.* Oslo: Novus forlag.

Slettebø, K. W. (2014). «Men det er klart at av og til må eg jo legga om». *Ei sosiolingvistisk gransking av situasjonsbetinga variasjon i Hå kommune* [Masteroppgåve]. Universitetet i Bergen.

Steinsholt, A. (1964). *Målbryting i Hedrum*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stjernholm, K. (2013). *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted. Tre artikler om språk i Oslo* [Ph.d.-avhandling]. Universitetet i Oslo.

Time, T. (1973). *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time* [Hovudfagsoppgåve]. Universitetet i Bergen.

Time, T. (1986). *Haurt saure, eller Kort om dialekt i Time*. Bryne: Time mållag.

Torp, A. & Vikør, L. S. (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie. 3. utgåve*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Trudgill, P. (1986). *Dialects in Contact*. Oxford: Blackwell.

Trudgill, P. (2011). *Sociolinguistic Typology: Social Determinants of Linguistic Complexity*. Oxford: Oxford University Press.

Aasen, K. N. (2011). *Stavanger-dialekten 30 år etter: Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger* [Masteroppgåve]. Universitetet i Bergen.



## **Vil du delta i forskingsprosjektet**

### **«Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet på Bryne»?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å undersøka talemålet på Bryne. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebera for deg.

#### **Formål**

Dette prosjektet er ei masteroppgåve i Nordisk ved Universitetet i Stavanger. Oppgåva er ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet blant unge språkbrukarar på Bryne. Formålet med undersøkinga er å finna ut om Bryne-målet nærmar seg dei andre bymåla i nærleiken, og då spesielt Sandnes- og Stavanger-måla.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Universitetet i Stavanger er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta fordi du er Bryne, har budd der heile livet, og har minst éin forelder som er frå Bryne. Kontaktopplysingane dine har eg fått frå norsklæraren din.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Om du vel å delta i prosjektet, inneber det at eg intervjuar deg og gjer lydopptak. Eg vil be deg gje nokre opplysningar om deg sjølv i intervjuet. Det vil fyrst og fremst vera opplysningar om bustad og alder.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkja samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkja deg.

#### **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Me vil berre bruka opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Min rettleiar

ved UiS, Jan Kristian Hognestad, vil ha tilgang til opplysningane. Namnet ditt og kontaktopplysningane dine vil eg erstatta med ein kode som vert lagra på ei eiga namneliste som er skilt frå andre data. Universitetet i Stavanger tilbyr sikker lagring og oppbevaring av data. I sjølve oppgåva vert namnet ditt sjølvsagt anonymisert. Dei einaste personopplysningane som vil stå i sjølve oppgåva, er alder og bustad.

### **Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysningane vert anonymiserte når prosjektet vert avslutta/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er i mai 2022. Etter prosjektslutt vert personopplysningar (namn, kjønn, alder og bustad) og opptak lagra på sikker måte ved Universitetet i Stavanger. Personopplysningane skal lagrast permanent for å kunna brukast til språkforskningsformål, og den som er ansvarleg for databasen ved UiS, vil kunna gje tilgang til metadata førespurnad frå andre forskarar. Dersom du ikkje samtykkjer til at personopplysningane vert lagra på sikker måte ved Universitetet i Stavanger, vert dei sletta permanent.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva for nokre personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få rett personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å senda klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

### **Kva gir oss rett til å behandla personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag frå Universitetet i Stavanger har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kor kan eg finna ut meir?**

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytta deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Universitetet i Stavanger ved Jan Kristian Hognestad på e-post [jan.k.hognestad@uis.no](mailto:jan.k.hognestad@uis.no) eller telefon 51 83 10 15, eller meg, Trond Salte, på e-post [trondsalte@gmail.com](mailto:trondsalte@gmail.com) eller telefon 932 17 344.

- Vårt personvernombod: Marianne Trå. E-post: [marianne.traa@uis.no](mailto:marianne.traa@uis.no). Telefon: 51 83 15 17.

Om du har spørsmål som gjeld NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Jan Kristian Hognestad  
(Rettleiar)

Trond Salte

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjonen om prosjektet «Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet på Bryne» og har fått anledning til å stilla spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at Trond Salte kan gi opplysningar (kjønn, alder og bustad) om meg til prosjektet, til dømes «Jente, 18 år, frå Bryne»
- at opplysningar (berre alder og bustad) om meg publiserast slik at eg kan kjennast att
- at mine personopplysningar vert lagra etter prosjektslutt – dersom aktuelt

Eg samtykker til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Intervjuguide

### 1. Miljø:

- a. Korleis er det å bu på Bryne?
- b. Kva tykkjer du er positivt?
- c. Kva tykkjer du er negativt?
- d. Saknar du noko?

### 2. Bystatus:

- a. Kva tykkjer du om at Bryne er eit urbant sentrum på Jæren?
- b. Korleis vil du vurdera Bryne som by samanlikna med Sandnes og Stavanger?
- c. Kva for nokre konsekvensar trur du bystatusen har fått/kan få for talemålet?

### 3. Oppvekst:

- a. Korleis har det vore å veksa opp her?
- b. Kva slags aktivitetar likte du då du var liten?
- c. Kva har forandra seg på Bryne sidan du var barn?

### 4. Fritid:

- a. Kva gjer du på fritida di?
- b. Har du nokre særmerkte interesser?

### 5. Musikk/film/litteratur:

- a. Kva slags musikk likar du å høyra på?
- b. Kva er favorittfilmen/-serien din eller favorittboka di?
- c. Kva heiter den siste filmen/serien du såg eller den siste boka du las? Kva handlar dei om?

### 6. Utdanning:

- a. Kva slags utdanning tek du?
- b. Korleis trivest du på skulen her?
- c. Kva for nokre fag likar du best/minst? Kvifor?
- d. Kva slags planar har du for framtida?
- e. Ynskjer du å verta buande på Bryne eller ynskjer du å flytta vekk? I så fall, kor?

## **7. Språk og haldningar til språk**

- a. Finst det eit eige Bryne-mål som skil seg frå dei andre jærskje talemåla?
- b. Ser du på Bryne-målet som urbant og moderne eller som bondsk og tradisjonelt?
- c. Kva tykkjer du om talemåla i Sandnes og Stavanger?
- d. Kva trur du påverkar ungdomsmålet i dag, både her på Bryne og elles i landet?
- e. Kva er dine haldningar om nynorsk og bokmål?

## **8. Årstider:**

- a. Kva for nokre årstider likar du best og minst? Kvifor?

## **9. Natur:**

- a. Korleis vil du beskriva naturen i Noreg?
- b. Kva med naturen her på Jæren?

## **10. Mat**

- a. Nemn nokre av favorittrettane dine. Kva inneheld dei?
- b. Finst det noko du absolutt ikkje vil eta? Kvifor?
- c. Kva meiner du er nokre av dei viktigaste råvarene i det norske kostholdet?

## **11. Reise:**


- a. Har du vore ute og reist i seinare tid?
- b. Kor var du?
- c. Når var dette?
- d. Kva opplevde du?
- e. Finst det nokre destinasjonar du drøymmer om å vitja i framtida?

## Bilet-test

Bilete 1:



Bilete 2:





Bilete 3:



Bilete 4:





Bilete 5:



Bilete 6:





Bilete 7:



Bilete 8:



Bilete 9:



Bilete 10:





Bilete 11:



Bilete 12:



## SAMANDRAG

Denne masteroppgåva er ei sosiolingvistisk gransking av yngre talemål på Bryne. Formålet med granskinga har vore å finna ut om Bryne-målet nærmar seg dei andre bymåla i nærleiken, og då spesielt Sandnes- og Stavanger-måla. Eg har intervjuar fire ungdommar frå Bryne for å kartleggja talemålet deira, samt haldningane deira til heimstaden og dialekta der. I tillegg har eg sett ein del på Tor Time si avhandling *Jærmål: Bygde- og sentrumsmål hjå eldre og yngre i Time* frå 1973 og funne ut at det sentrumsmålet Time såg konturane av på 1970-talet, er omtrent det same talemålet som dagens Bryne-ungdommar snakkar.

Med andre ord viser resultata frå denne granskinga at Bryne-dialekta har halde seg relativt stabil i 50 år, og at den urbaniseringa av dialekta som eg venta å finna i løpet av denne granskinga, eigentleg har skjedd allereie. Det kan i alle fall verka som at det tradisjonelle jærmålet på Bryne ein gong i tida var meir mottakeleg for endringar enn det er no, og at dei endringane som vart gjennomførte med den yngste generasjonen i Time si avhandling, var urbane nok. Så spørst det jo korleis talemålsutviklinga på Bryne kjem til å vera dei neste 50 åra, men informantane i denne granskinga har i alle fall gitt klart uttrykk for at dei ikkje ynskjer å høyrast ut som dei kjem frå Sandnes eller Stavanger.

Dette viser at Bryne har ein sterk og tydeleg identitet som kan vera språkbevarande. Informantane trekkjer òg fram staden som ein plass midt imellom by og land, og dei seier eigentleg det same om talemålet, noko som kjem tydeleg fram i tittelen på denne oppgåva. Det at staden i tillegg fekk bystatus for litt over 20 år sidan, meiner eg har vore med på å styrka denne identiteten, og dermed òg statusen til dialekta.